Samnanger kommune

Møteinnkalling

Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 15.05.2017
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Det vil koma ei sak til som skal vera på saklista og handsamast. Dette er «Uttale frå kontrollutvalet til byggerekneskap for Samnangerheimen». Denne saka vil bli ettersendt i morgon (10.05.17).

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 19/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 21/17	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune 2017		2016/98
PS 22/17	Årsrekneskap 2016 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 23/17	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2017		2016/38
PS 24/17	Referatsaker		
RS 13/17	Utvalet sitt kvarter		2014/240
PS 25/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/133
PS 26/17	Eventuelt		

PS 19/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 20/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/98-5

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	21/17	15.05.2017

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune 2017

Samandrag

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderleg vandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS Bjarne Ryland har sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 25.04.2017. Eigevurderinga ligg ved saka.

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:
§ 4. Tilsyn og kontroll
Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er tinga av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og størrelsen på oppdraget.

Sekretariatet har motteke stadfesting frå Deloitte om at dei ikkje har hatt oppdrag utover bestilling frå kontrollutvalet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Sekretariatet kan såleis ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune.

Konklusjon

Sekretariatet finn ikkje at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune. Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet godkjenner uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland hjå Deloitte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uavhengighetserklæring frå Deloitte, datert 25.04.17

Deloitte AS
Damsgårdsveien 135
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel.: +47 55 21 81 00
Fax: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Til Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Uavhengigheitserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland si eigenvurdering av uavhengighet følgjer punktvis i høve til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	*Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemder som kommunen deltek i.*
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	*Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.*
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interesse-konflikt eller svekka tillit	*Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Samnanger kommune.*
Pkt. 4: Nærståande	*Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærståande som har tilknyting til Samnanger kommune som er av betyding for vår uavhengighet og objektivitet.*
Pkt 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	*Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Samnanger kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.*
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver	*Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Samnanger kommune som høyrer inn under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver.*
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	*Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptrer som fullmektig for Samnanger kommune.*
Pkt. 8: Andre særeigne tilhøve	*Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Samnanger kommune.*

Bergen, 25. april 2017
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

c:\nrportbl\audit\anordtveit\50869686_1.doc

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/38-28

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	22/17	15.05.2017

Årsrekneskap 2016 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. ”Forskrift om årsrekneskap og årsberetning”. Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. ”Forskrift om årsregnskap og årsberetning” §10.

Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 28.04.17. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 156.635.253 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2.260.501. Revisjonsmeldinga er å sjå på som ”ei rein” revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen. Det er merka at årsmeldinga ikkje var ferdig innan fristen 31. mars.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 7, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.

Revisor kjem i revisjonsrapporten med slike tilrådingar:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over forholdet, og selskapet er i ferd med å bli avvikla.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Ved revisor sin gjennomgang er det innanfor intern kontroll og rutinar avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Det vert peika på at dette gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Revisjonen tilrår at utarbeiding av skriftlege rutinar vert prioritert i 2017.
- På lønnsområdet er det avdekka manglande spor på at einingsleiar har kontrollert at lønnsutbetaling er korrekt. Det vert tilrådd å etablera ein rutine der einingsleiar etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønnsutbetalinga.
- Revisor har og føreteke kontroll på at informasjon i lønnssystemet og pensjonssystemet samsvarar, og det er avdekka avvik. Det vert tilrådd at dette vert rydda opp i, i 2017, og at det vert sikra at dei to systema vert oppdaterte og avstemte regelmessig.
- Vidare tilrår revisor at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som blir bokført oppfyller krava i Skattebetalarforskrifta.
- Det vert rådd til at kommunen implementerer rutinar med dobbel signering i bank.
- Om sjølvkostrekneskap tilrår revisor at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda blir nytta innan 5 år.
- Når det gjeld investeringsrekneskapen peikar revisor på at avsetnad til ubundne fond er høgare enn budsjettert beløp. Avsetjinga burde vore redusert ned til budsjettert beløp, og bruk av lån justert ned med tilsvarande beløp.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.»*

Av rekneskapen for 2016 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 4.173.059, dvs. netto resultatgrad på 1,97 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 4,0 % i 2016. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet justert ned til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2012 (+ 3,64 %), 2013 (+ 1,64 %) 2014 (- 1,66 %) og 2015 (- 0,4 %) og for 2016 (+ 1,97 %) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2016 ligg litt over tilrådinga frå TBU, men ligg under landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2016:

«Einingane har levert gode tenester og vist svært god budsjettdisiplin gjennom heile året. Vedtaka om innsparing er gjennomførte, og har vore med å gje grunnlag for overskotet i rekneskapen. Utfordringa framover vert å halda fram med planlagt kostnadsreduksjon i einingane for komande økonomiplanperiode.»

Rådmannen skriv mellom anna vidare:

«Det å vera en liten kommune gjev nokre utfordringar, spesielt for administrasjonen og teknisk forvaltning. Det er svært små fagmiljø, og me må rekna med å bruka ressursar på å søkja samarbeid med andre kommunar og kjøpa kompetanse frå konsulentar. I 2016 har me prøvd ut den nye organisasjonen med sektorleiarar i rådmannen si leiargruppe. Målet er å få arbeida med meir utviklingsorienterte oppgåver på alle tenesteområda, gjennomføra betre internkontroll og ta hand om noko prosjektleiing sjølve. Me ser at organisasjonen no er betre rigga for framtida og oppgåvene som ligg til det administrative nivået. Internkontroll med kvalitetsstyring og beredskap ligg til alle sektorleiarane, og me har no dei verktøya som gjer oss betre rusta til å handtera kommunal leiing. Me har likevel for mange oppgåver i forhold til tildelte ressursar, og fleire har for lange arbeidsdagar. Det må derfor vera ei prioritering innanfor dei ressursane me har.»

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarande 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 94,3 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har ei svært høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Tilsvarande er disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 0,1 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Samnanger kommune har såleis eit lite tilfredstillande nivå i 2016 på disposisjonsfondet, og lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Konstituert rådmann, saman med sektorleiarane og økonomisjef har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2016. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova på ein god måte.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig forbruk
- netto driftsresultat
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- omtale om intern kontroll i kommunen i årsmeldinga
- kommunen si lånegjeld
- disposisjonsfondet

Konklusjon:
Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2016 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine tilrådingar, men ligg under gjennomsnittet i landet. Kommunen har eit nivå i 2016 på lånegjeld som ligg svært høgt i forhold til Riksrevisjonen si tilråding, og disposisjonsfondet er også svakt. Årsmeldinga for 2016 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

1. Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap 2016 for Samnanger kommune
2. Revisjonsmelding datert 28.04.17.
3. Revisjonsrapport nr. 7, datert 28.04.17.
4. Rekneskap for Samnanger kommune 2016
5. Årsmelding for Samnanger kommune 2016

Til Samnanger kommune v/ kommunestyret

ÅRSREKNESKAP 2016 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 15.05.2017, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Av rekneskapen for 2016 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positiv med kr. 4.173.059, dvs. netto resultatgrad på 1,97 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 4,0 % i 2016. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2016:

«Einingane har levert gode tenester og vist svært god budsjettdisiplin gjennom heile året. Vedtaka om innsparing er gjennomførte, og har vore med å gje grunnlag for overskotet i rekneskapen. Utfordringa framover vert å halda fram med planlagt kostnadsreduksjon i einingane for komande økonomiplanperiode.»

Rådmannen skriv mellom anna vidare:

«Det å vera en liten kommune gjev nokre utfordringar, spesielt for administrasjonen og teknisk forvaltning. Det er svært små fagmiljø, og me må rekna med å bruka ressursar på å søkja samarbeid med andre kommunar og kjøpa kompetanse frå konsulentar. I 2016 har me prøvd ut den nye organisasjonen med sektorleiarar i rådmannen si leiargruppe. Målet er å få arbeida med meir utviklingsorienterte oppgåver på alle tenesteområda, gjennomføra betre internkontroll og ta hand om noko prosjektleiing sjølve. Me ser at organisasjonen no er betre rigga for framtida og oppgåvene som ligg til det administrative nivået. Internkontroll med kvalitetsstyring og beredskap ligg til alle sektorleiarane, og me har no dei verktøya som gjer oss betre rusta til å handtera kommunal leiing. Me har likevel for mange oppgåver i forhold til tildelte ressursar, og fleire har for lange arbeidsdagar. Det må derfor vera ei prioritering innanfor dei ressursane me har.»

Kontrollutvalet har merka seg at det er levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding. Opplysningane i revisjonsrapport nr. 7 er ikkje så alvorlege at dei medfører atterhald eller presisering i revisjonsmeldinga. Dei er likevel viktige nok:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over forholdet, og selskapet er i ferd med å bli avvikla.
- Ved revisor sin gjennomgang er det innanfor intern kontroll og rutinar avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Det vert peika på at dette gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Revisjonen tilrår at utarbeiding av skriftlege rutinar vert prioritert i 2017.
- På lønnsområdet er det avdekka manglande spor på at einingsleiar har kontrollert at lønnsutbetaling er korrekt. Det vert tilrådd å etablera ein rutine der einingsleiar etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønnsutbetalinga.
- Revisor har og føreteke kontroll på at informasjon i lønnssystemet og pensjonssystemet samsvarar, og det er avdekka avvik. Det vert tilrådd at dette vert rydda opp i, i 2017, og at det vert sikra at dei to systema vert oppdaterte og avstemte regelmessig.
- Vidare tilrår revisor at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som blir bokført oppfyller krava i Skattebetalarforskrifta.
- Det vert rådd til at kommunen implementerer rutinar med dobbel signering i bank.

- Om sjølvkostrekneskap tilrår revisor at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda blir nytta innan 5 år.
- Når det gjeld investeringsrekneskapen peikar revisor på at avsetnad til ubundne fond er høgare enn budsjettert beløp. Avsetjinga burde vore redusert ned til budsjettert beløp, og bruk av lån justert ned med tilsvarande beløp.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.»*

Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterar å setje fokus på forbetringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det er gjort greie for dei tilhøva som er peika på i lova på ein god måte.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2016 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 7 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2017.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2016 er svært høgt, og at disposisjonsfondet er svakt.
- Årsmeldinga for 2016 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 28.04.2017 og revisjonsrapport nr. 7, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 15. mai 2017.

Brigt Olav Gåsdal
-Kontrollutvalsleiar-

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

Deloitte.

Deloitte AS
Damsgårdsveien 135
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel.: +47 55 21 81 00
Fax: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Til kommunestyret i Samnanger kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Samnanger kommune som viser kr 156.635.253 til fordeling drift eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2.260.501. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen
Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjons-sjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggs-opplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjons-oppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 skal årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Den 31. mars hadde vi ikkje motteke årsmelding for Samnanger kommune.

Bergen, 28. april 2017
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Deloitte AS
Damsgårdsveien 135
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel.: +47 55 21 81 00
Fax: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Samnanger kommune
Att.: Konstituert Rådmann Hilde-Lill Våge
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

Revisjonsrapport nr. 7
(journalføres)

28. april 2017

REVISJONSRAPPORT 2016

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2016. Vi vil nytta høve til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og tilhøve vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få bekrefta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2016, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivingar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjonsmeldinga vår.

3.1 Investeringar

Vi minner om tilhøve teke opp i vår rapport nr. 5 og nr. 6 knytt til kommunen si investering i Nordisk Areal Investa AS. Investeringa er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over tilhøvet og selskapet er i ferd med å bli avvikla.

4 Andre tilhøve

4.1 Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin intern kontroll er det avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningsliner og på ein trygg måte. Mangelfulle skriftlege rutinar gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Vi vil tilrå kommunen å prioritere arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2017.

4.2 Avsetning fordring

Rekneskapen for 2015 innehaldt eit inntektsført krav på BKK på MNOK 1. Beløpet er og ført som fordring i balansen og det er ikkje motteke betaling i 2016. Bakgrunnen for fordringa, er delfinansiering av framføring av offentleg leidningsnett vassforsyning til Frøland/Totland. Påløpne utgifter for prosjektet er MNOK 9, men det er knytt stor usikkerheit til kor stor del som vil bli dekka av BKK. Vi har utfordra rådmann på størrelsen på fordringa. På bakgrunn av motteke informasjon, har vi ikkje avdekka vesentlege feil i rekneskapen.

4.3 Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

På lønsområdet har vi avdekka manglande spor på at einingsleder har kontrollert at lønsutbetalinga er korrekt. Det bør etablerast ei rutine kor einingsleder etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønsutbetalinga.

4.4 Avvik lønssystem og pensjonssystem

Vi har føreteke ein kontroll på at informasjon i lønssystemet og pensjonssystemet samsvarar. Her blei det avdekka fleire avvik. Vi tilrår kommunen å rydde opp i avvika i 2017 og sikre at dei to systema blir oppdatert regelmessig. Vidare bør det bli teke regelmessig avstemming av dei to systema.

4.5 Manglande avsetning pensjon

Det er avtalt ein servicepensjon til tidlegere rådmann som skal utbetalast i 2017 og 2018. Det er ikkje avsett for utgifta i rekneskapen, noko som medfører ein periodiseringsfeil i rekneskapen for 2016. Beløp er ikkje av vesentleg betydning for rekneskapen og utgjer ein kjent feil.

4.6 Reiserekningar

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka fleire reiserekningar med manglande informasjon om adresse i tilfelle kor det var krevd kilometergodtgjersle. Vidare er det få reiserekningar med klårt formål spesifisert. Dette er ikkje tilfredstillande med omsyn til krava i Skattebetalingsforskrifta § 5-6-12. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som blir bokført oppfyller krava i Skattebetalingsforskrifta.

4.7 Fullmakter bank

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einefullmakter for betaling i bank. Vi tilrår kommunen å implementere rutinar med dobbel signering i bank for å auke arbeidsdelinga.

4.8 Sjølvkostrekneskap

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Sjølvkostfond skal bli nytta 3-5 år etter at dei oppstod. Det er utarbeidd budsjett med planlagt bruk for fleire av fonda, men dei legg ikkje til grunn full bruk av sjølvkostfonda i løpet av dei neste 5 åra. Vi tilrår at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda blir nytta innan 5 år.

4.9 Investeringsrekneskapen

Avsetnad til ubundne fond i investeringsrekneskapen er høgare enn budsjettert beløp. Avsetjinga burde vore redusert ned til budsjettert beløp, og bruk av lån justert ned med tilsvarande beløp.

4.10 Fristar for å leggje fram årsrekneskap

Årsrekneskapen skal leggjast fram seinast 15. februar året etter rekneskapsåret og årsmeldinga skal leggjast fram seinast 31. mars. Frist for årsmeldinga blei ikkje overhaldt for 2016, og vil bli omtala i vår revisjonsmelding.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Samnanger kommune

der du vil leva og bu

Samnanger kommune



Samnangerheimen og Haga. Foto: Marit Stenhaug

Rekneskap 2016

Innhaldsoversikt rekneskap 2016

Hovudoversikt og revisjonsmelding 2016

Rekneskapsskjema 1A - Driftsregnskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue 1)	-61 149 220	-60 910 392	-60 610 392	-57 791 396
Ordinart rammetilsko 1)	-81 992 403	-82 193 000	-81 182 000	-79 433 958
Skatt på eigedom	-15 064 427	-15 024 000	-14 450 000	-16 370 904
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	-5 361 098	-5 349 457	-5 349 457	-5 254 662
Andre generelle statstilskot 3)	-4 950 392	-4 333 833	-1 039 833	-1 611 541
Sum frie disponible inntekter	**-168 517 540**	**-167 810 682**	**-162 631 682**	**-160 462 461**
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte 4)	-656 179	-630 000	-555 000	-1 773 583
Gevinst finansielle instrument	-4 836	0	0	-3 101
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 505 836	4 418 000	3 888 000	2 526 138
Tap finansielle instrumenter	137 015	137 000	0	763 366
Avdrag på lån	5 987 892	6 695 000	6 695 000	5 407 963
Netto finansinntekter/-utgifter	**9 969 728**	**10 620 000**	**10 028 000**	**6 920 783**
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk	2 569 752	2 569 752	1 587 389	0
Til ubundne avsetningar	1 818 979	1 818 979	108 979	176 979
Til bundne avsetningar 5)	1 914 195	1 757 295	1 707 295	2 865 398
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-1 712 363	-1 712 363	0	-177 000
Bruk av bundne avsetningar 6)	-2 678 006	-1 927 433	-1 448 146	-2 723 585
Netto avsetninger	**1 912 558**	**2 506 230**	**1 955 517**	**141 792**
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	43 124
Til fordeling drift	-156 635 253	-154 684 452	-150 648 165	-153 356 763
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	154 374 752	154 684 452	150 648 165	154 339 126
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	**-2 260 501**	**0**	**0**	**982 363**

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsregnskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	38 195 471	66 456 922	58 256 971	99 672 671
Utlån og forskotering	24 074 524	23 774 524	428 000	572 006
Avdrag på lån	20 541 819	20 420 000	20 420 000	881 005
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	14 776 651	14 115 671	300 000	2 151 132
Årets finansieringsbehov	**97 588 465**	**124 767 117**	**79 404 971**	**103 276 814**
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-10 583 802	-25 437 669	-24 783 978	-78 816 458
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-2 065 500	-2 765 570	-1 400 000	-2 366 888
Tilskot til investeringar	-44 795 226	-45 703 226	-34 900 000	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 913 004	-10 781 278	-8 679 204	-17 955 831
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-25 841 819	-25 420 000	-420 000	-1 881 005
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	**-89 199 352**	**-110 107 743**	**-70 183 182**	**-101 020 182**
Overført frå driftsbudsjettet	0	0	0	-43 124
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-8 389 113	-14 659 374	-9 221 789	-2 213 508
Sum finansiering	**-97 588 465**	**-124 767 117**	**-79 404 971**	**-103 276 814**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphaveg budsjett 2016	Rekneskap 2015
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-6 985 510	-6 812 858	-7 521 000	-6 668 190
Andre salgs- og leigeinntekter	-15 719 459	-14 461 365	-15 803 113	-14 036 331
Overføringar med krav til motytelsar	-20 550 431	-17 859 065	-14 104 143	-18 861 320
Rammetilskot frå staten	-81 992 403	-82 193 000	-81 182 000	-79 433 958
Andre statlege overf.	-4 950 392	-4 333 833	-1 039 833	-1 611 541
Andre overføringar	-567 394	-565 699	-107 699	-350 187
Skatt på inntekt og formue	-61 149 220	-60 910 392	-60 610 392	-57 791 396
Eigedomsskatt	-15 064 427	-15 024 000	-14 450 000	-16 370 904
Andre direkte og inndirekte skattar	-5 361 098	-5 349 457	-5 349 457	-5 254 662
Sum driftsinntekter	**-212 340 333**	**-207 509 669**	**-200 167 637**	**-200 378 489**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	106 482 151	105 574 731	102 265 537	103 351 543
Sosialekostnader	28 576 435	30 126 908	29 645 102	27 736 398
Kjøp som inngår i kommunal prod.	30 207 752	28 598 200	23 392 819	26 189 753
Kjøp som erstattar eigen prod.	18 061 901	17 041 046	19 177 982	24 893 208
Overføringar	15 531 562	13 684 365	13 732 680	12 084 251
Avskrivingar	8 036 728	7 769 685	7 907 573	8 154 023
Fordelte utgifter	-632 254	-611 811	0	0
Sum driftsutgifter	**206 264 274**	**202 183 124**	**196 121 693**	**202 409 177**
Brutto driftsresultat	**-6 076 059**	**-5 326 545**	**-4 045 944**	**2 030 688**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-656 179	-630 000	-555 000	-1 773 583
Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler)	-4 836	0	0	-3 101
Mottatte avdrag på lån	-36 500	-30 000	-30 000	0
Sum eksterne finansinntekter	**-697 515**	**-660 000**	**-585 000**	**-1 776 685**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 505 836	4 418 000	3 888 000	2 526 138
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	137 015	137 000	0	763 366
Avdragsutgifter	5 987 892	6 695 000	6 695 000	5 407 963
Utlån	6 500	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	**10 637 243**	**11 250 000**	**10 583 000**	**8 697 467**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**9 939 728**	**10 590 000**	**9 998 000**	**6 920 783**
Motpost avskrivingar	-8 036 728	-7 769 685	-7 907 573	-8 154 023
Netto driftsresultat	**-4 173 059**	**-2 506 230**	**-1 955 517**	**797 448**
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 712 363	-1 712 363	0	-177 000
Bruk av bundne fond	-2 678 006	-1 927 433	-1 448 146	-2 723 585
Sum bruk av avsetninger	**-4 390 369**	**-3 639 796**	**-1 448 146**	**-2 900 585**
AVSETNINGER				
Overføring til investeringsrekneskap	0	0	0	43 124
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	2 569 752	2 569 752	1 587 389	0
Avsetning disposisjonsfond	1 818 979	1 818 979	108 979	176 979
Avsetning til bundne driftsfond	1 914 195	1 757 295	1 707 295	2 865 398
Sum avsetninger	**6 302 927**	**6 146 026**	**3 403 663**	**3 085 501**
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	**-2 260 501**	**0**	**0**	**982 363**
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,97 %	1,21 %	0,98 %	-0,40 %

Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
INNTEKTER				
Salg av driftsmidlar og fast eigedom	-2 065 500	-2 765 570	-1 400 000	-2 366 888
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringar med krav til motyting	-300 000	0	0	-1 000 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 913 004	-10 781 278	-8 679 204	-17 955 831
Staltege overføringar	-44 795 226	-45 603 226	-34 900 000	0
Andre overføringar	0	-100 000	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	**-53 073 730**	**-59 250 074**	**-44 979 204**	**-21 322 719**
UTGIFTER				
Lønsutgifter	657 650	712 600	303 100	1 056 812
Sosiale utgifter	215 204	202 350	101 850	386 510
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	31 154 613	54 375 694	46 787 817	78 756 178
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringar	6 168 004	11 036 278	10 934 204	17 955 831
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	0	130 000	130 000	1 517 340
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	**38 195 471**	**66 456 922**	**58 256 971**	**99 672 671**
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	20 541 819	20 420 000	20 420 000	881 005
Utlån	23 550 000	23 250 000	0	155 468
Kjøp av aksjar og andelar	524 524	524 524	428 000	416 538
Dekking av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	14 776 651	13 815 671	0	2 025 098
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	300 000	300 000	126 033
Sum finansieringstransaksjoner	**59 392 994**	**58 310 195**	**21 148 000**	**3 604 143**
Finansieringsbehov	**44 514 734**	**65 517 043**	**34 425 767**	**81 954 095**
FINANSIERING				
Bruk av lån	-10 583 802	-25 437 669	-24 783 978	-78 816 458
Mottekne avdrag på utlån	-25 541 819	-25 420 000	-420 000	-881 005
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringar frå driftsrekneskap	0	0	0	-43 124
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bunde driftsfond	-2 344 169	-4 096 327	-3 365 456	-1 796 970
Bruk av ubundne investeringsfond	-6 044 944	-10 563 047	-5 856 333	-416 538
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	**-44 514 734**	**-65 517 043**	**-34 425 767**	**-81 954 095**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Balanserekneskapen

Tall i 1 kroner	Noter	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
EIENDELER			
A. ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg	11	352 644 177	327 485 457
Utstyr, maskiner og transportmidler	11	6 281 497	5 297 655
Pensjonsmidler	5	201 558 443	195 006 773
Utlån		3 624 934	3 916 578
Aksjer og andeler	7b	5 293 677	4 769 153
Sum anleggsmidler		**569 402 728**	**536 475 617**
B. OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		48 976 293	16 464 788
Aksjer og andeler	7b	234 882	1 233 131
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		23 169 375	39 476 687
Premieavvik	5	11 983 185	13 520 861
Sum omløpsmidler		**84 363 735**	**70 695 466**
Sum eiendeler		**653 766 463**	**607 171 083**
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	8	-206 974	-100 358
Bundne driftsfond	8	-10 260 861	-13 368 840
Ubundne investeringsfond	8	-10 901 031	-2 169 324
Bundne investeringsfond	8	-151 129	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	3	-2 260 501	2 569 752
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	10	-110 009 408	-72 250 133
Sum egenkapital		**-131 999 001**	**-83 679 129**
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelser	5	-255 613 300	-244 499 554
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	14	-222 955 709	-243 785 420
Sum langsiktig gjeld		**-478 569 009**	**-488 284 974**
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-40 170 218	-31 597 011
Premieavvik	5	-3 028 236	-3 609 969
Sum kortsiktig gjeld	14	**-43 198 454**	**-35 206 980**
Sum egenkapital og gjeld		**-653 766 463**	**-607 171 083**
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		19 175 685	24 059 487
Andre memoriakonti		2 799 380	3 591 890
Motkonto for memoriakontiene		-21 975 065	-27 651 377
Sum memoriakonti		**0**	**0**

Investeringsrekneskap 2016

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2016	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett
05201	Forskottering Tyssetunell	23 250 000,00	23 250 000	0
	Utlån	*23 250 000,00*	*23 250 000*	*0*
05480	Avsett til ubunde investeringsfond	1 750 000,00	1 750 000	0
Bunde investeringsfond	**Konto**	**UB 2015**	**Bruk (950)**	**Avsett (550)**	**UB 2016**
Fond nyanlegg vassverk	255.20.620	151 129		0	151 129
Sum bunde investeringsfond		**151 129**	**0**	**0**	**151 129**

Ubundne investeringsfond	**Konto**	**UB 2015**	**Bruk (9480)**	**Avsett (5480)**	**UB 2016**
Ubundne investeringsfond	253.20.001	1 869 324	-404 915	4 073 425	5 537 834
Vatn/Avløp Hagamulen	253.20.004	300 000			300 000
Sum ubundne inv.fond		2 169 324	-404 915	4 073 425	**5 837 834**

Nytt ubundne investeringsfond	**Konto**	**0**	**Bruk (9481)**	**Avsett (5481)**	**UB 2016**
Nytt ubundne investeringsfond	253.20.002	0	-5 640 029	10 703 226	5 063 197
Sum ubundne inv.fond		0	-5 640 029	10 703 226	**5 063 197**

Fondskapital 2004 – 2016



Fondskapital på kr 1,8 mill som gjeld Bjørnefjorden næringsutvikling (BNU) er ikkje med i grafen ovanfor. Kommunen sin fondskapital eks BNU er auka netto med kr 6,9 mill.
Totalt er det avsett kr 18,4 mill og brukt kr 11,5 mill av fond.
Bruk av fond gjeld investeringsfond, bruk av næringsfondet, Sima- Samnanger og andre bunde fond. Det er både sett av og brukt av disposisjonsfondet. Kommunen fekk i 2016 utbetalt kr 10,7 mill knytt til tildeling av grøn konsesjon og dette vart sett av på nytt investeringsfond. Det vart og selt to tomtar og eit hus og netto inntekt er sett av til investeringsfond. Kommunen har fått tilbakebetalt forskotering til Tyssetunellen med kr 1 750 000 og dette er avsett til investeringsfond.
Mottatte øyremerka tilskot er avsett til bunde fond når tiltaket ikkje er ferdig eller utsett til 2017.
For meir detaljert informasjon sjå oversikt og balansen side 5 og 6

Note nr. 9 Udisponert resultat

Udisponert resultat (meir- og mindreforbruk)		
Behaldning 31.12.15 konto 259.50.015 og 015		-2 569 752,43
Årets udisponerte resultat (mindreforbruk)		**2 260 500,94**
Årets disponering av meirforbruk 2014 (KS vedtak 65/15)	1 587 388,94	
Årets disponering av meirforbruk 2015 (KS vedtak 74/16)	982 363,49	
Sum årets disponering av meirforbruk 2014 og 2015		2 569 752,43
Behaldning 31.12.16 konto 259.50.016		2 260 500,94

Note nr. 10 Føringar på kapitalkonto

Føringar på kapitalkonto 2016		
Tekst	Debet	Kredit
Inngåande balanse		72 250 133
Sal av fast eigedom og anlegg	2 065 500	
Avskriving av utstyr, fast eigedom og anlegg	8 036 728	
Aktivering av utstyr, fast eigedom og anlegg		37 598 572
Nedskriving av maskiner og utstyr	1 353 782	
Kjøp av aksjar og andelar		524 524
Utlån		306 500
Avdrag på utlån	541 819	
Avdrag på sosiallån	36 500	
Avskriven sosialt utlån	19 825	
Avdrag eksterne lån		26 529 712
Bruk av midlar frå eksterne lån	10 583 802	
Forpliktelse pensjon auke	10 549 983	
Pensjonsmidlar auke		6 551 670
Endring avgift forpliktelse pensjon	563 763	0
Utgåande balanse	**110 009 408**	
Sum debet / kredit	143 761 110	143 761 110

Kapitalkontoen representerer differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar. Ubrukte lånemidlar er den del av langsiktig gjeld som ikkje er rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Kapitalkontoen kan og forklarast slik: Saldoen på kapitalkontoen viser kor mykje kommunen har brukt av kommunen sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar.

Note nr. 11 Anleggsmidlar

Kommunen følgjer inndelinga av anleggsmidlar og avskrivingsplan i samsvar med rekneskapsforskriftas § 8. Kommunen har følgjande anleggsmiddelgrupper med tilhøyrande avskrivingsplan:

Anleggsmiddel – gruppe	Avskrivn. plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år:	EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år:	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år:	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbr. anlegg o.l
Gruppe 4	40 år:	Bustader, skular, barnehagar, idrettshaller, vegar, leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år:	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande
Tomt	Ingen	Tomter o.l

Oversikt over tilgang og avskriving fordelt på grupper:

Sum 224 - 228	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Tomt	Sum
Anskaffelseskost	2 752 785	8 335 311	13 386 762	251 757 643	148 535 042	15 659 292	440 426 836
Akk.avsk. Pr 31.12	2 138 369	6 539 034	5 421 277	85 017 846	16 563 926	0	115 680 451
Tilgang i år	624 278	5 522 066	6 606 655	6 885 373	17 930 263	29 938	37 598 572
Avgang i år	10	1	0	1 280 570	0	784 930	2 065 511
Årests avskriving	194 634	324 732	640 611	6 134 351	742 400	0	8 036 728
Nedskriving/ oppskriving	0	0	0	-591 443	1 945 214	0	1 353 771
Overføres gr 6 -til tomt					-400 000	400 000	
Overføres gr 3 -frå tomt			930 000			-930 000	
Bokført verdi pr 31.12	**1 238 684**	**7 318 342**	**15 502 139**	**172 936 044**	**147 556 165**	**14 374 300**	**358 925 674**

Sjå balansen side 1 og 2
Avgang kr 2,06 mill gjeld sal av hus i Hagamulen (kr 1 265 570, bokført verdi var kr 689 127) , sal av tomt i Rolvsvåg industriområde (kr 684 930) , sal i Rolvsvåg bustadfelt kr 100 000.
Den gamle sjukeheimen vart revet i 2015 og nedskrevet i 2016, kr 400 000 av verdien er overført til tomteverdi. Tomt på Haga er blitt parkeringsplass og verdien er overført.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse etter at det er inntektsført bruk av fond, lånemidlar og tilskot i samsvar med tidlegare vedtak og budsjettvedtak.

IKT-skule hadde budsjettert med overføring frå driftsrekneskapen til kjøp av PC på skule. Dette vart endra til bruk av investeringsfond. KS-vedtak 90/16.

I note 12 og 13 er det er sett opp totaloversyn over samla investeringsutgifter og oversyn over dei mest vesentlege investeringane og det vert vist til dette.

Note nr. 12 Totale investeringar i utstyr, nybygg og anlegg

Tekst	Rekneskap	Rev. budsjett	Avvik
Investeringar i nybygg og nyanlegg	**38 195 470,81**	**66 326 922**	**28 131 451**
Byggelånsrente	0	130 000	130 000
avdrag lån	20 000 000	20 000 000	
Avsett til fond	2 323 425	1 662 445	-660 980
Sum	**60 518 895**	**88 119 367**	**27 600 472**
Finansiert ved.:			
Lån eks.startlån	10 283 802	25 437 669	15 153 867
Statstilskot/ refusjon	6 213 004	10 781 278	4 568 274
Andre tilskot	34 092 000	34 900 000	808 000
Gåver / tilskot	0	100 000	100 000
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0
Eigenkapital fond	7 864 589	14 134 850	6 270 261
Eigenkapital årets salsinntekter	2 065 500	2 765 570	700 070
Sum finansiering	**60 518 895**	**88 119 367**	**27 600 472**

Startlån og eigenkapitaltilskot KLP er ikkje med i oversikten. Oppgradering av økonomisystem og investeringstilskot til soknerådet er med i oversikta med totalt kr 596 898,69

Avvik mellom budsjett og rekneskap skuldast at einskilde prosjekt ikkje er kome i gang som planlagt eller så langt som planlagt. Bufelleskapet er det største prosjektet som ikkje er starta opp med bygging i 2016.

Note nr. 13 Investeringar i utstyr, nybygg og anlegg fordelt på prosjekt

	oppstart år	Forventa ferdig	Rekneskapsutgifter			
			2011-2014	2015	2016	Sum
Bygg, Samnangerheimen*	2011	2016	16 273 165	91 905 006	17 996 709	126 174 880
Samnangerheimen, inventar og utstyr	2016	2016			660 045	660 045
Bufelleskap (oppstart)	2015	2018	0	17 500	63 553	81 053
Hagamulen , selt 2016		2016	6 564	0	3 125	9 689
Rolvsvåg industriområde	2011	-	1 384 271	49 160	29 938	1 463 369
Miljøgate Ytre Tysse, byggetrinn 1	2010	-	8 778 143	0	287 478	9 065 621
Bjørkheim, veg	2013	2017	232 600	1 826 330	4 405 574	6 464 505
Bjørkheim, park og uteområde	2016	2017			382 856	382 856
Bjørkheim, vatn	2013	2017	239 640	408 424	1 845 790	2 493 854
Bjørkheim, avløp	2013	2017	427 016	146 111	6 093 798	6 666 925
Krøllgrasbane	2016	2017			4 490 788	4 490 788
Elevmaskiner skule	2016	2016			162 738	162 738
Brøytetutstyr	2016	2016			371 233	371 233
Ny mur, veg til skule	2016	2016			343 406	343 406
Oppgradering økonomi og løn system	2016	2016			341 899	341 899
Server	2016	2016			137 854	137 854
Brannmur	2016	2016			323 686	323 686
Sum					37 940 471	

*kjøp av tomt er inkludert med kr 930 000. Rehabilitering av 95- bygget er inkludert med kr 708 799.

Det er betalt ut eit tilskot til Soknerådet til investering på kr 255 000.
Ein faktura på kr 98 000 knytt til bygging av sjukeheimen er mottatt i 2017 og arbeidet er utført i 2017. Dette gjeld deler av reklamasjon. Faktura vil bli bokført i 2017.

Note nr. 14 Lånegjeld og rentevilkår

Finansreglementet vart vedtatt i Kommunestyret sak 52/16 30.06.2016. Jfr punkt 7.5 skal minimum 30 % av låneporteføljen ha flytande rente og minimum 20 % skal ha fast rente. Pr 31.12.2016 har kommunen 44 % av lånegjelda på fast rente.

	31.12.2015		30.04.2016		31.08.2016		31.12.2016	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	143,12	59 %	141,14	59 %	139,43	58 %	123,95	56 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	100,66	41 %	99,92	41 %	99,41	42 %	99,00	44 %
Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	**243,79**	**100 %**	**241,06**	**100 %**	**238,84**	**100 %**	**222,96**	**100 %**
Antall løpende enkeltlån	30		30		30		29	
Største enkeltlån	NOK 48 mill		NOK 48 mill		NOK 48 mill		NOK 48 mill	
Rentevilkår:								
KLP: flytande								
fast	1,83 %		1,83 %		1,83 %		1,77 % - 1,83%	
Kommunalbanken: flytande	1,66 %		1,66 %		1,80 %		1,80 %	
fast	1,59 % - 2,92 %		2,92% - 3,94%		2,92% - 3,94%		1,59 % - 2,92 %	
Husbanken: flytande	1,98 %		1,67 %		1,59 %		1,89 %	
fast	1,89%-2,66 %		1,9%-2,66 %		1,9%-2,66 %		1,9 %-2,4 %	

Det er i 2016 betalt totalt kr 26 529 711 i avdrag på lån. Kr 20 mill gjeld tilbakebetaling av byggjelån og kr 541 819 gjeld avdrag startlån og er betalt i investeringsrekneskapen. Det er tatt opp 1 lån i 2016 på totalt kr 5,7 mill. Nedbetalingstid er 40 år.

I kommunestyrevedtak 65/15 for budsjett 2016 vart det og vedtatt å betala minimumsavdrag på lån. Som eit resultat av vedtaket vart avdrag på lån redusert med kr 1 mill jfr nedbetalingsplan.

Tekst	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Attverande løpetid
Kommunens samla lånegjeld	**222 955 709**	**243 785 420**	**Gj.snitt 35,94 år**
Fordelt på følgjande kreditorar.:			
KLP. Fast rente	53 700 000	48 000 000	Gj.snitt 48,0 år
Kommunalbanken Fast rente	32 292 600	32 888 830	Gj.snitt 38,3 år
Kommunalbanken Flytande rente	117 897 000	142 333 840	Gj.snitt 29,7 år
Husbanken. Fast rente	13 010 373	19 775 266	Gj.snitt 22,9 år
Husbanken. Flytande rente	6 055 736	787 484	Gj.snitt 5,7,0 år
Renteutgifter	4 505 836	4 043 478	


Lånegjeld 2003 - 2016
Millioner
250
200
150
100
50
0
2003 2004 2005 2006 2007 2008 2009 2010 2011 2012 2013 2014 2015 2016


Gjenverande løpetid i år
49
48
40
39
37
36
35
29
27
24
23
22
15
13
12
11
10
9
8
7
6
5
4
0
10
20
30
40
50
Millioner

	2016	2015	2014	2013	2012
Kortsiktig gjeld	43 248 454	35 206 980	32 682 875	32 936 558	41 264 284
Langsiktig gjeld	478 569 009	488 284 974	405 276 946	374 366 765	344 037 815
- av dette pensjonsforplikting	255 613 300	244 499 554	240 202 558	222 270 696	208 201 492
Langsiktig gjeld eks pensjon	222 955 709	243 785 420	165 074 388	152 096 069	135 836 323

Note nr. 15 Lånegjeld fordelt på sjølvkostområda vatn og avløp (VA)

Det er tatt opp 1 lån på kr 5,7 mill fordelt på to vedtak i Kommunestyret. Av dette gjeld 3 mill VA-området.



Figuren viser lånegjeld totalt fordelt på VAR - område, startlån og drift (andre lån). VAR – område er vatn, avløp (og renovasjon.) Låna er stort sett knytt til vatn. Samnanger kommune har ikkje lån knytt til renovasjon, men har garantiansvar ovanfor BIR as (Bergen interkommunale renovasjonsselskap)

Note nr. 16 Avdrag på lån

Avdrag	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Betalt avdrag eks. utlån og byggjelån	5 255 000	5 781 306	5 272 826
Berekna minste lovlege avdrag		5 290 216	5 261 275
Differanse		491 090	11 551

Innbetalt ekstra avdrag på startlån (stønadslån) frå låntakar utgjer kr 330 023 (kr 627 181 i 2015) og er betalt ned på lån etter gjeldande reglar. I kommunestyrevedtak 65/15 for budsjett 2016 vart det vedtatt å betala minimumsavdrag på lån. Som eit resultat av vedtaket vart avdrag på lån redusert med kr 1 mill.

A) Årets avskriving art 5900	8 036 728
B) IB Anleggsmidlar	332 783 112
C) IB lånegjeld (- forvaltningslån og byggjelån)	219 056 111
Minimumsavdrag a/b * c	**5 290 216**

Det er berekna minimumsavdrag etter den forenkla metoden

Fylkesmannen tilrår at avdragsutgift på lån eks startlån skal utgjera min. 3,5 % av gjeld. I 2016 ligg Samnanger under det anbefalte kravet med kr 1,8 mill. Ei årsak er at me ikkje betaler avdrag på lån som gjeld investeringar som er under bygging eller som vart ferdig i 2016.

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Total lånegjeld UB	222 955 709	246 785 420	165 074 388	152 096 069
Startlån UB	3 971 697	4 729 299	5 745 441	6 433 691
Lånegjeld eks. startlån	218 984 012	242 056 121	159 328 947	145 662 378
Avdragsutgifter eks. startlån	5 781 306	5 272 826	4 973 431	5 081 516
Avdrag i % av gjeld	**2,64 %**	**2,18 %**	**3,12 %**	**3,49 %**

Note nr. 17 Sjølvkosttenester

Rentesats som er brukt innan sjølvkost er 5-årig swap-rente + 0,5 %. For 2016 er kalkylerenta 1,68 % (1,94 %) . Kalkylerenta er i samsvar med dei nye retningslinjene som kom i 2014 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet (H3/14).

	1.4201.3450.		
Sjølvkostområde vatn	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	4 964 291	4 715 000	4 834 440
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	11 276	8 000	25 606

Sum inntekter	4 975 567	4 723 000	4 860 046
Direkte kostnader	-1 971 928	-2 187 504	-2 684 327
Indirekte kostnader	0	-66 000	-76 300
Avsett til fond (lån)	*-11 993*	*-11 993*	*-11 993*
Avskriving	-1 403 481	-1 357 481	-1 622 524
- avskriving av brukt fond	15 674	15 674	15 674
Alternativkostnad kalk.rente	-676 490	-576 700	-620 915
Sum utgifter	-4 048 218	-4 184 004	-5 000 385
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**927 349**	**538 996**	**-140 339**
Sjølvkostdel i %	123 %	113 %	97 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)	939 342	550 989	-128 346

Det er brukt netto kr 128 346 av fond. Saldo pr 31.12.16 er kr 1 392 221,77

	1.4201.3530.		
Sjølvkostområde avløp	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	1 317 393	1 392 000	1 390 366
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	5 884	11 000	5 440
Sum inntekter	1 323 277	1 403 000	1 395 806
Direkte kostnader	-1 018 388	-855 876	-996 036
Indirekte kostnader	0	-47 000	-48 000
Avsett til fond (lån)	-11 993	-11 993	-11 993
Avskriving	-212 675	-212 675	-214 675
- avskriving av brukt fond	0	0	0
Alternativkostnad kalk.rente	-72 505	-110 600	-111 866
Sum utgifter	-1 315 561	-1 238 144	-1 382 570
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**7 716**	**164 856**	**13 236**
Sjølvkostdel i %	100 %	112 %	101 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)	19 709	176 849	25 229

Det er avsett kr 25 228,66 til fond. Saldo pr 31.12.16 er kr 348 243,98.

	1.4201.3540.		
Sjølvkostområde slam	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	959 682	954 000	1 004 069
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	16 414	21 000	18 039
Sum inntekter	976 096	975 000	1 022 108
Direkte kostnader	-725 988	-1 334 356	-1 046 054
Indirekte kostnader	-25 000	-66 000	-68 000
Alternativkostnad kalk.rente	0	0	0
Sum utgifter	-750 988	-1 400 356	-1 114 054
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**225 108**	**-425 356**	**-91 946**
Sjølvkostdel i %	128 %	68 %	90 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)	225 108	-425 356	-91 946

Det er brukt kr 91 946,22 av fond. Saldo pr 31.12.2016 er kr 979 265,16.

	1.4100.3020.		
Sjølvkostområde byggesaker	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	423 735	437 000	945 889
Direkte kostnader	-788 740	-972 696	-1 553 322
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-788 740	-972 696	-1 553 322
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**-365 005**	**-535 696**	**-607 433**
Sjølvkostdel i %	54 %	45 %	61 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)			

	1.4100.3021.		
Sjølvkostområde delingsaker	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt	34 170	60 000	133 383
Direkte kostnader	-62 657	-70 527	-159 681
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-62 657	-70 527	-159 681
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**-28 487**	**-10 527**	**-26 297**
Sjølvkostdel i %	55 %	85 %	84 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)			

	1.4100.3030.		
Sjølvkostområde oppmåling	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt	362 585	471 000	609 743
Direkte kostnader	-616 440	-703 261	-686 914
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-616 440	-703 261	-686 914
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**-253 855**	**-232 261**	**-77 171**
Sjølvkostdel i %	59 %	67 %	89 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)			

	1.4102.3380.		
Sjølvkostområde feiing	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt	380 486	392 000	394 420
Bruk av bunde fond	0		0
Direkte kostnader	-193 528	-351 000	-333 306
Indirekte kostnader	-30 000	-41 000	-41 000
Avskriving	0	0	0
Avsett til bunde fond	0		0
Sum utgifter	-223 528	-392 000	-374 306

Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**156 958**	**0**	**20 114**
Sjølvkostdel i %	170 %	100 %	105 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)	0		

Feiing har gått med meirforbruk i fleire år. Framført underskot til 2017 er kr 68 500,90

	1.2210.2150.		
Sjølvkostområde SFO	**Rekneskap 2015**	**Budsjett 2016**	**Rekneskap 2016**
Brukarbetaling / salsinntekt	943 481	890 063	850 252
Direkte kostnader	-1 859 601	-1 079 081	-1 458 779
Indirekte kostnader	0	0	0
Avskriving	0	0	0
Avsett til tapsfond	-2 805		-3 900
Sum utgifter	-1 862 406	-1 079 081	-1 462 679
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	**-918 924**	**-189 018**	**-612 427**
Sjølvkostdel i %	51 %	82 %	58 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)			

Tal eks mva.

Note nr. 18 Årsverk

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Tal årsverk	185	183	184	187	189	190	189
Tal tilsette	260	262	265	275	274	270	265
Tal kvinner	207	207	208	218	228	226	219
%-del kvinner	79,6 %	79,0 %	78,5 %	79,3 %	83,2 %	83,7 %	82,6 %
Tal menn	53	55	57	57	46	44	46
%-del menn	20,4 %	21,0 %	21,5 %	20,7 %	16,8 %	16,3 %	17,4 %

Note nr. 19 Godtgjersle til rådmann og ordførar

Tekst	2015	2016
Løn og anna godtgjersle til rådmann inkludert pensjonsavtale pr 31.12	754.800	868.100
Løn og anna godtgjersle til rådmann for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftingar etc.)	0	0
Løn og anna godtgjersle til ordførar inkludert pensjonsavtale pr 31.12.	650.000	680.000
Løn og anna godtgjersle til ordførar for verv i kommunal samanheng (KS.)	0	0

Tilleggsopplysningar:
Det er inngått pensjonsavtale med noverande rådmann, som går av med alderspensjon 1. mars 2017. I tillegg til lov- og tariffbestemt alderspensjon, er det avtalt at ho i perioden mars 2017 – desember 2018 skal få ein servicepensjon frå kommunen. Servicepensjonen dekker differansen mellom rådmannsløn pr. 28.02.2017 og alderspensjon. Kommunen si utgift til servicepensjonen vil truleg bli om lag 625.000 kroner . Det er ikkje inngått etterlønnsavtale eller pensjonsavtale med ordførar ut over det som er tariffesta.

Note nr. 20 Interkommunalt samarbeid

Samnanger kommune har i 2016 hatt samarbeid med Vaksdal kommune om PPT, med Fusa og Tysnes vedr. veterinærteneste, og kommunen har felles landbrukskontor – Bjørnefjorden landbrukskontor - med Os, Fusa og Tysnes. Det er frå sommaren 2016 inngått avtale med Bergen kommune om barneverntenesta. BIR renovasjon har avtale med Samnanger kommune om renovasjon i kommunen, dette gjeld og innkrevjing av renovasjonsgebyr. Samnanger kommune er med i Bjørnefjorden næringsutvikling og innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Samnanger har vore eigar i Business Region Bergen (BRB). Etter initiativ frå Bergen kommune vart BRB avvikla i 2016. Delar av verksemda - etableraropplæring og Invest in Bergen - vert vidareført i Hordaland fylkeskommune. Ordførar og 2 personar frå landbrukskontoret har delteke på denne opplæringa i 2016.
Frå 2009 samarbeider kommunen med Os kommune om legevakt. Samnanger har felles brannsjef med Bergen brannvesen som og har ansvaret for feiing og tilsyn frå 2016. Kommunen er og medlem i Bergen og omland friluftsråd som forvaltar nokre av dei offentlege friområda. Samnanger kommune har eit felles prosjekt med Os og Fusa om kols- og diabetestenester. Kommunen har i 2014 inngått avtale om skatteoppkrevjartenester med Kvam Herad. Sekretærteneste for kontrollutvalet kjøper kommunen hos fylkeskasseraren i Hordaland.

Note nr. 21 Revisjonshonorar

Tekst	2015	2016
Deloitte as – revisjon*	181 700	148 670
Deloitte as – forvaltningsrevisjon	217 643	170 988

*inkludert revisjon som gjeld sjølvkostområde.

Frå 2016 er det inngått ny revisjonsavtale med Deloitte as. Avtalt årspris er kr 155 000. Kostnad i 2016 er lågare pga for mykje avsett i 2015.
Det er utarbeid ei overordna analyse i samband med plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2016. Det er og starta opp arbeid med klagesak vedr. handsaming av konsesjonssak. Arbeidet vert avslutta våren 2017.

ARKIVEKSEMPLAR

SAMNANGER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Deloitte AS
att: Bjarne Ryland
bryland@deloitte.no

Vår referanse:	Arkivkode:	Dykkar referanse:	Dato:
16/471/17/4904/35/NE	FE - 210		28.04.2017

Uttale frå leiinga som gjeld rekneskapsåret 2016

Dette brevet vert sendt i samband med revisjonen dykkar av rekneskapen for Samnanger kommune for året som vart avslutta den 31. desember 2016, med det formål å kunna konkludera om rekneskapen i det store og heile gjev eit rett bilde i samsvar med Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Me stadfestar etter beste evne og overtyding, og etter å ha gjennomført dei førespurnadane me har sett som nødvendige for å innhenta dei nødvendige opplysningar at:

Rekneskap

- Me har oppfylt ansvaret vårt som fastsett i vilkåra for revisjonsoppdraget, for å sikre at utarbeidinga av rekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og stadfestar at rekneskapen gjev eit rett bilde i samsvar med gjeldande reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

- Me stadfestar at viktige føresetnadar som er brukt av oss ved utarbeidinga av anslagsverdiar av rekneskapspostar, inkludert anslagsverdiar målt til verkeleg verdi, er rimelege, og at all relevant informasjon tilgjengeleg på 28.04.2017 knytt til verkeleg verdivurdering og vesentleg anslagsverdiar er tatt omsyn til.

- Me stadfestar at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon eller manglar. Verknaden av ikkje-korrigerte feil eller feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla sett for rekneskapen.

- Me stadfestar at vi har påsett at kommunen sin rekneskap og formuesforvaltning som kan påverka rekneskapen er gjenstand for tilfredsstillande kontroll, inkludert slik intern kontroll som me finn nødvendig for å kunna sikra utarbeidinga av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følje av svik eller feil.

- Me stadfestar at kommunen si kontrolloppstilling over registerte og innrapporterte beløp er utarbeidd og rapportert i samsvar med lov og forskrift, inkludert krav til rettidig innsending av rapporten.

- Me stadfestar at alle kjende faktiske eller moglege rettsvistar og krav som kan ha slik verknad at dei må tas omsyn til ved utarbeidinga av rekneskapen, er gjort kjent for revisor og er gjort greie for og gjeve tilleggsopplysningar om i samsvar med gjeldande reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- Me stadfestar at leiinga erkjenner sitt ansvar for utforming, iverksetting og vedlikehald av intern kontroll for å forhindra og avdekka svik.

Adresse:	Kontakt	Sakshandsamar	Kontonr.
Tyssevegen 217	Tlf: 56 58 74 00	Direktetelefon: 56587431	3562 07 00035
5660 TYSSE	postmottak@samnanger.kommune.no	E-post:	Foretaksnr.:
	www.samnanger.kommune.no	nina.erdal@samnanger.kommune.no	NO 964 968 985

Opplysingar som er gjeve:

- Me har gjeve revisor:
  - tilgang til all informasjon som me er kjende med, og som er relevant for utarbeidinga av rekneskapen, som til dømes rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og øvrige forhold.
  - ytterlegare informasjon som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
  - ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhenta revisjonsbevis frå.

- Me stadfestar at alle transaksjonar er registrerte i rekneskapspostar og reflekterte i rekneskapen.

- Me har gjeve revisor opplysning om resultata av vurderingane våre av risikoen for at rekneskapen kan innehalda vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg handling.

- Me har gjeve revisor alle opplysningar om eventuelle mislege handlingar eller mistankar om mislege handlingar som me er kjende med og som kan ha påverka kommunen sin rekneskap, som også involverer:
  - Leiinga
  - tilsette som har ei viktig rolle i forhold til intern kontroll, eller
  - andre kor sviket kan ha hatt ei vesentleg innverknad på rekneskapen.

- Me har gjeve revisor opplysningar om alle eventuelle påstandar eller mistankar om svik som kan ha påverka kommunen sin rekneskap som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, analytikarar, tilsynsmyndigheiter eller andre.

- Me har gjeve revisor informasjon om alle kjente tilfelle der lover og forskrifter ikkje er overhalde eller der det er mistanke om at lover og forskrifter ikkje er overhalde, og som kan ha vesentleg verknad på rekneskapen.

- Me har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærståande partar og alle forhold til nærståande partar og transaksjonar med desse som vi er kjend med.

Med helsing

Hilde-Lill Våge
rådmann

Nina Erdal
økonomisjef

149

Årsmelding 2016

Samnangerheimen og Haga. Foto – Marit Stenhaug

Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Innhald

Rådmannen har ordet

Året 2016 var eit godt økonomisk år, men òg eit spesielt år for Samnanger kommune. Kommunen gjekk frå underskot i 2014 og 2015 til eit overskot på 2,26 millionar. Det var stort engasjement rundt kommunereforma og om Samnanger skulle halda fram som eigen kommune. Den største investeringa for kommunen - ny sjukeheim – vart opna.

Tone Ramsli var rådmann i 2016. Etter vel 30 år i kommunen slutta Ramsli på nyåret. Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge har saman med sektorleiarane og økonomisjefen skrive årsmeldinga for 2016.

Einingane har levert gode tenester og vist svært god budsjettdisiplin gjennom heile året. Vedtaka om innsparing er gjennomførte, og har vore med å gje grunnlag for overskotet i rekneskapen. Utfordringa framover vert å halda fram med planlagt kostnadsreduksjon i einingane for komande økonomiplanperiode.

Tidleg på året vart det bestilt ei økonomisk analyse frå Agenda Kaupang av kommunen sin økonomi og innsparingspotensiale. Ei utfordring ved analysen var at den tok utgangspunkt i 2015-tala. Det var allereie lagt inn og starta ei rekkje innsparingar i budsjettet for 2016, noko som rekneskapen no viser. Kva som var rett utgangspunkt og potensialet for innsparingar og driftsresultat i dei ulike sektorane, kom dermed ikkje tydeleg fram. Rapporten gav oss likevel gode drøftingar og samanlikningar med andre kommunar om tenestene våre. Me må framover ha ambisjonar om å finna ytterlegare måtar å driva meir effektivt på og forbetra kommunen sin økonomi.
Alle einingane la ned mykje tid i arbeidet med oppfølging av Agenda Kaupang-rapporten. Sjølv om det vart motstand på dei mest omfattande tiltaka som kom fram - ein barne- og ungdomsskule, ein felles barnehage og privatisering av vegar - har arbeidet ført til auka bevisstheit om bruk av ressursane og kva kvalitet me har på tenestene. Me har i årsmeldinga valt å samanlikne oss med kostragruppe 3 (KG3) som vi er rekna som ganske lik, både med omsyn til inntekt og storleik. I tillegg har me tatt med kommunar i kostragruppe 1 (KG1). Dette er òg små kommunar, men som har lågare inntekter og produserer tenestene sine med mindre ressursar.

Samnanger hadde både i 2014 og 2015 underskot på driftsrekneskapen, og kom dermed dårleg ut på Kommunebarometeret.
Kommunebarometeret er ei samanlikning av kommunane i landet, basert på til saman 124 nøkkeltall innan 12 ulike sektorar. Journalistar kan då framstilla og gje ei lettfatteleg og lett tilgjengeleg oversikt over korleis kommunar driv. Økonomisk overskot i rekneskapen gjev god plassering. Samnanger steig dermed i 2016 frå botn til 77. plass og topp 100 på

barometeret. Me har hatt gode tal for både grunnskulepoeng og barnehagedekning tidlegare. Ny sjukeheim og einsengs-rom har «løfta» oss til 21. plass innan pleie. Kvalitet på kommunale tenester kan derfor ikkje berre lesast ut frå plasseringa på kommunebarometeret. Ei bevist haldning til kva statistikk og kostratal som vert lagt inn er like viktig. Årleg har me ein kvalitetsdialog med formannskapet. Denne vart erstatta av arbeidet med økonomisk analyse og vart ikkje gjennomført i 2016. Me har derfor ikkje fått politiske årsmål på ei rekkje kvalitetsindikatorar. Årsmeldinga her ber preg av dette. I 2017 ønskjer me ei melding med politisk vedtekne mål som er fastsette i kvalitetsdialogen .

Året vart òg spesielt for innbyggjarane. Kommunereforma engasjerte mange. Det vart halde folkemøte og mange og store politiske debattar. Det vart inngått intensjonsavtalar med både Kvam og «Osterkommunane» (Bergen kommune/Arna bydel, Vaksdal og Osterøy). I juni vart det halde folkerøysting, med spørsmål om Samnanger skulle slå seg saman med andre kommunar eller halda fram som eigen kommune. 55% av dei røysteføre i kommunen deltok. 63,2% røysta for Samnanger som eigen kommune, og fleirtalet i kommunestyret vedtok å følgja dette.

Det å vera ein liten kommune gjev nokre utfordringar, spesielt for administrasjonen og teknisk forvaltning. Det er svært små fagmiljø, og me må rekna med å bruka ressursar på å søkja samarbeid med andre kommunar og kjøpa kompetanse frå konsulentar. I 2016 har me prøvd ut den nye organisasjonen med sektorleiarar i rådmann si leiargruppe. Målet er å få arbeida med meir utviklingsorienterte oppgåver på alle tenesteområda, gjennomføra betre internkontroll og ta hand om noko prosjektleiing sjølve. Me ser at organisasjonen no er betre rigga for framtida og oppgåvene som ligg til det administrative nivået. Internkontroll med kvalitetsstyring og beredskap ligg til alle sektorleiarane, og me har no dei verktøya som gjer oss betre rusta til å handtera kommunal leiing. Me har likevel for mange oppgåver i forhold til tildelte ressursar, og fleire har for lange arbeidsdagar. Det må derfor verta ei prioritering innanfor dei ressursane me har.

Samnanger hadde ein folketilvekst på 45 personar i 2016, og innbyggartalet er pr. 1. januar 2.488. 16 av desse var flyktningar frå Syria. Dei kom seint på året og me har fått dei fleste på norskkurs og i arbeidspraksis gjennom introduksjonsordninga. Spesielt har pleie og omsorg lagt godt til rette for språktrening og å integrera våre nye innbyggjarar i arbeidslivet. Sidan dei kom seint på året treng me å ha flyktningkonsulent i 2017.

30. mars vart den store «flyttedagen». Bebuarar som var mellombels busette på Vaksdal sjukeheim og Hamnahaugen vart flytta heim til den nye flotte sjukeheimen på Haga. Me fekk stor hjelp frå frivillige til flyttinga på sjukeheimen, og av hagelaget til etablering av sansehagen. Personalet har gjort ein stor innsats i mellombels drift og vist stor velvilje for gode løysingar i denne tida. Den nye Samnangerheimen har òg ei storstove som vert brukt til dagsenter, til festar, trim og ymse aktivitetar for alle aldersgrupper. Storstova er òg samlingspunkt når me treng lokale ved t.d. uvêr, for å samla folk som treng tilsyn eller treng oppvarma husvære. Eit godt samarbeid med lag og organisasjonar og frivillige er eit viktig og nødvendig bidrag i framtida. Det kan vera med å gjera kvardagen meir innhaldsrik og verka positivt for folkehelsa i alle aldrar.

Visjonen i skule og barnehage sin strategiplan: *« Gjera kvarandre gode og villa kvarandre vel»*, er òg blitt eit viktig verdigrunnlag for korleis me ønskjer å jobba vidare med organisasjonen. Me ønskjer at dette kan verta eit grunnsyn for både politisk nivå og heile organisasjonen. Eit felles verdisyn er nødvendig for saman å leggja til rette for eit godt samarbeid med felles mål om gode tenester i Samnanger kommune.

ÅRET SOM GJEKK 2016

Viktige hendingar:

-Samnanger vedtek å vera eigen kommune

-Opning av Samnangerheimen

-Mottak av 16 flyktningar

-Agenda Kaupang - Økonomprosjekt

Hendingar 2016

Fortløpande gjennom året kan me visa til følgjande små og store hendingar i kommunen:

UKM – baking og tryllekurs vart gjennomført på Samnanger ungdomsskule.

29.01 herja stormen Tor over Vestlandet – me fekk testa ut kommunen sine beredskapsplanar, naudaggregat og sms-varsling .

Overordna Beredskapsplan vart revidert og vedteken av kommunestyret.

Tilsyn av fylkesmannen på beredskapsarbeidet i kommunen.

Kommunane drøfta nytt inntektssystem.

Flyktningkrise i Europa – Samnanger tar imot og busett 16 flyktningar.

Agenda Kaupang-rapport – økonomisk analyse av drifta til kommunen

Oppretting av økonomisk styringsgruppe for gjennomgang av kommunen sine tenester og moglege innsparingar.

Kommunen inngår samarbeidsavtale med Kvam om drift og utbygging av VA-anlegget i Eikedalen .

Innflytting i ny sjukeheim 31. mars og offisiell opning av Samnangerheimen 30. april.

Private utbyggingar i Bruarhaugen, Eikedalen Panorama og Sjøtun.

Kulturveka – 2. veka juni .

Folkeavrøystinga 16. juni – Samnanger som eigen kommune eller slå seg saman.

Vedtak -23. juni – Samnanger skal vera eigen kommune.

Ny strategiplan for skule og barnehagane

Hagefest hos Kongen for sju inviterte samningar og ordførar

Samarbeid med grunneigarar, BKK og kommune om å flytta bommen i Kvittingen - vegen vert opna for folk flest.

Samnanger kulturkontor arrangerer seminar i scenekunst

Open aktivitetsdag for alle

Områdereguleringa av Bjørkheim vert vedteken og kan verta realisert

Ny politireform engasjerer i kommunane

Tankar om datasenter i Børdalen veks fram

Sal av Hagamulen og industritomt i Rolvsvåg

Thailandsk fest på Samnangerheimen med thaimat og nydelege nasjonaldrakter.

Totræna vinterpark opnar sitt nye skiparkanlegg.

Vidareføring av vassleidningar på Frøland og overtaking av abonnentar frå Totland vassverk (BKK).

Rådmannen sluttar etter nærare 30 år i kommunen og rekruttering av ny startar.

27.06.16 Hagefest på Gamlehaugen fv Bente Getz, Anne-Lise N. Tøsse, Øyvind Strømmen, Karina Frøland, Knut Harald Frøland, Simon Nilsen, Andrea Gjerde, Vigleik Tysseland og Svein O. Aadland.

DRIFTSREKNESKAPEN 2016

Kommunen har i 2016 eit mindreforbruk (overskot) på kr 2 260 500,94. Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at overskotet skuldast:

Skatt, ramme og inntektsutjamning	+ 1,3 mill kroner
Eigedomsskatt, verk og bruk	+ 0,6 mill kroner
IMDI	+ 3,6 mill kroner
Barnevern	-3,0 mill kroner
Sektorane	+ 1,2 mill kroner
Premieavvik	-0,6 mill kroner
Dekking av underskot i 2015	-0,98 mill kroner

Både underskotet frå 2014 på kr 1 587 389 og underskotet frå 2015 på kr 982 363 er no dekka inn.

Skatt og rammeinntekt	Skatt	Ramme	Sum
Opphavleg budsjett	64 980 392	81 182 000	146 162 392
Revidert budsjett	65 280 392	82 193 000	147 473 392
Rekneskap	65 530 861	81 992 403	147 523 264
Avvik mot opphavleg budsjett	550 469	810 403	1 360 872
Avvik mot revidert budsjett	250 469	-200 597	49 872

Kommunane har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 9,7 % frå 2015. Det meste av veksten skuldast at personlege skatteytarar føretok ei tilpassing til skattereforma i 2016 ved å ta ut store utbytte i 2015. Dette gav meirinntekter for kommunane i 2016 og vil i liten grad påverka nivået på forventa skatteinntekter i 2017 og framover. I Samnanger var veksten lågare enn snittet for landet og enda på 5,5 %. Dette gav meirinntekter på 0,5 mill kroner samanlikna med opphavleg budsjett.

Noko av den veksten som Samnanger kommune ikkje fekk ta del i vert kompensert som inntektsutjamning. Her fekk kommunen 0,5 mill kroner meir enn budsjettert. Kommunen fekk òg auka skjønsmidlar på til saman

FAKTA OM DRIFTS-REKNESKAPEN

Overskot:
Kr 2 ,26 mill

Underskot i 2014 og 2015 er dekka inn.

Netto overskot i % av brutto driftsinntekter: 1,94 % (mål 2 %)

Driftsinntekter:
Kr 212,34 mill

Driftsutgifter:
Kr 206,26 mill

Netto overskot i % av brutto driftsinntekter:
1,94 % (mål 2 %)

Lånegjeld:
Kr 222,95 mill

Disposisjonsfond:
Kr 206 973,66

kr 207 000. Kr 140 000 var generell fordeling av skjønsmidlar og kr 67 000 var knytt til at Samnanger kommune hadde ei auke i arbeidsledigheit som låg over landsgjennomsnittet. Det vart gjeve eit vedlikehaldstilskot til desse kommunane.

Kommunen sin skatteinngang, som inkluderer naturressursskatten, er på 93,4 % av landsgjennomsnittet. Inkludert inntektsutjamninga er kommunen på 96,1 % av landsgjennomsnittet. Tilsvarande tal for 2015 er 96,1% og 97,2 %.
Rammetilskotet (utanom inntektsutjamning) var i 2016 på 80,09 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,4 mill kroner samanlikna med 2015. Den prosentvise auken er på 1,7 %, noko som er lågare enn deflatoren (pris og kostnadsvekst) som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2016 på 2,7 %.

Samanlikna med 2015 fekk kommunen 6 mill. kroner meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs ein auke på 4 %.

Finansielle nøkkeltal

Det var tidlegare tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3% av driftsinntektene. Frå 2014 vart investeringsmoms direkte inntektsført i investering. Dette gjer at det anbefalte kravet no er på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møta mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av.
Samnanger har i 2016 eit netto driftsresultat på 1,94 % av brutto driftsinntekter. Både i 2014 og i 2015 hadde kommunen eit negativt resultat.



Sektorane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. eining summert pr. sektor. Barnevern er lagt inn under sektor helse og omsorg, og rådmann og næring er lagt inn under sektor samfunn og utvikling. Eit tal i minus er eit meirforbruk (underskot). Avvik i % mot revidert budsjett.

Totalt har sektorane eit mindreforbruk på kr 879 532 mot revidert budsjett. Dersom me heldt næring (og konsesjonskraft) utanfor, er mindreforbruket på kr 544 384. Mot opphavleg budsjett har sektorane ei innsparing på 1,2 mill kroner.

	Rekneskap 2016	Rev.budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Kultureininga	3 423	3 534	111	
Skule- og barnehage (adm.felles)	6 910	7 139	228	
Barnehageeininga	13 952	14 133	181	
Samnanger barneskule	18 815	19 124	310	
Samnanger ungdomsskule	9 817	10 008	192	
Sum sektor oppvekst og kultur	**52 916**	**53 938**	**1 022**	**1,89 %**
Helse og omsorg, adm	468	460	-8	
Tenester for funksjonshemma	9 755	9 987	232	
Sjukeheim	24 479	24 672	193	
Heimetenester	13 996	13 840	-156	
Nav og flyktningkontor	3 978	4 081	103	
Barnevern	9 088	8 762	-326	
Helsetunet	10 737	10 517	-220	
Sum sektor helse og omsorg	**72 502**	**72 318**	**-184**	**-0,25 %**
Rådmann og ped.tenester	1 064	1 067	3	
Næringsføremål *(konsesjonskraft)*	-2 445	-2 110	335	
Samfunn og utvikling, adm	779	764	-15	
Teknisk forvaltning	6 297	6 323	27	
Teknisk drift	11 429	10 991	-438	
Sum sektor samfunn og utvikling	**17 124**	**17 036**	**-88**	**-0,52 %**
Stab og fellesutgifter	5 815	5 855	40	
Sørvissenteret	5 025	5 144	119	
Politisk nivå og revisjon	2 265	2 255	-10	
Kyrkjestyre og livssyn	2 385	2 365	-20	
Sum sektor organisasjon	**15 490**	**15 619**	**129**	**0,83 %**

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Kommunen fekk på slutten av 2016 melding om at avgjerda i barnevernets tvistenemnd var at kommunen må betala eit krav frå Bufetat som er berekna til 3,5 mill. kroner. Inntekter frå IMDI ved busetting av flyktningar var 3,5 mill. kroner meir enn budsjettert. Kommunen brukte i 2016 1,3 mill. kroner til busetting av flyktningar. Totalt var innsparing på einingane på 1,2 mill. kroner inkludert kostnad ved flyktningar og eks barnevern.

Driftsutgifter
Korleis kommunen brukar pengane:



Den største delen av dei kommunale utgiftene er løn og sosiale utgifter, og dette utgjer heile 68,13 %.

Kjøp av vikartenester vert ført som varer/ tenester i eigen produksjon. Det hender at kommunen ikkje får tilsett i vikarstillingar og må leiga inn frå vikarbyrå i staden. Sjukeheimen har tidlegare år brukt dette i større grad enn det som er gjort i 2016. Det vil derfor vera naturleg å ta med kjøp av vikartenester når me ser på utviklinga i løns- og vikarutgifter.

Oversikta under viser lønsutgifter inkl sosiale utgifter korrigert for premieavvik og premiefond. Kjøp av vikarutgifter er tatt med og sjukerefusjon går til frådrag.

	2012	2013	2014	2015	2016
Løns- og vikarutgifter	132 588	136 212	140 958	139 604	142 533
Sjukepenger	-5 501	-4 348	-4 961	-5 368	-5 452
Netto løn- og vikar	127 087	131 864	135 997	134 236	137 081
% auke	2,4 %	3,8 %	3,13 %	-1,29 %	2,12 %

(tal i 1 000 kr)

Kommunen hadde i 2016 ei auke i desse kostnadane på 2,12 %. Lønsoppgjeret i 2016 var eit hovudoppgjer og i snitt auka årsløna med 2,81% .

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 3,9 mill. kroner samanlikna med 2015. I denne auken ligg kravet frå Bufetat på 3,5 mill. kroner og utgifter til flyktningar på 1,3 mill. kroner i 2016. Dette var utgifter kommunen ikkje hadde i 2015. Sektor helse og omsorg har hatt ein reduksjon i utgiftene frå 2015 til 2016 på 2,2 mill. kroner. Reduksjonen er på 3,9 mill. kroner dersom me tek omsyn til kostnadsvekst på 2,7 %. Reduksjonen frå 2015 til 2016 skuldast mellom anna at ny sjukeheim vart tatt i bruk våren 2016.

Kommunen hadde høge utgifter til mellombelsdrift i 2015 til mellom anna husleige og auka driftsutgifter. Dersom me berre ser på sjukeheimen, vart driftsutgiftene her redusert med 6,87 mill. kroner.
Ein annan sektor som har hatt lågare auke enn forventa når me tek omsyn til kostnadsvekst frå 2015 til 2016, er sektor for oppvekst og kultur. Auken her er på 0,8 mill. kroner, reelt sett ein reduksjon på 0,5 mill. kroner.

Totalt er det brukt 6,1 mill. kroner på konsulent. Dette inkluderer revisjon og forvaltningsrevisjon, tolketenester, kjøp av vikartenester mellom anna på sjukeheim og på teknisk forvaltning, byggesak. Tilsvarande tal for 2015 var 2,6 mill. kroner. Den store auken skuldast først og fremst endra konto for kjøp av vikartenester på sjukeheimen. Dette vart i 2015 ført på konto 13705 og i 2016 på konto 12705. Kjøp av vikartenester på sjukeheimen og heimetenester vart redusert frå kr 9,3 mill. kroner til 3,5 mill. kroner i 2016.

Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre.
Tabellen under viser korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2016 med kostragruppe 3 (KG 3) og kostragruppe 1 (KG 1).
”Helse og omsorg” omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Kommunane sine ulik prioritering kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/ mangel på effektivitet.
Frå 2014 vart Samnanger flytta over i KG 3 som gjeld små kommunar som har middels bundne kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr. innbyggjar. Kommunen si tidlegare kostragruppe 2 har middels frie disponible inntekter pr. innbyggjar. KG 1 har utgifter som i KG 2 og 3, men med låge inntekter.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter

	Samnanger					
	2013	2014	2015	2016	KG 3 2016	KG 1 2016
Adm. og styring	8,2	8,1	7,9	8,3	8,2	7,8
Barnehage	12,4	11,8	11,5	11,1	8,8	10,8
Skule	20,4	20,5	20,9	20,6	18,4	20,9
Helse og omsorg	36,0	36,5	35,6	34,2	33,1	33,5
Sosial	2,4	2,2	2,1	2,5	3,6	4,0
Barnevern	3,7	3,5	3,4	4,7*	3,0	2,9
Kultur	2,3	2,2	2,4	2,4	3,6	2,5
Kyrkja	1,4	1,4	1,4	1,4	1,0	1,1
Næring	0,8	0,6	0,6	0,9	2,9	1,5
Samferdsle	1,8	1,6	1,9	1,6	2,0	1,5
Brann	1,9	1,7	1,9	1,8	1,5	1,3

**Inkludert skuldig til Bufetat kr 3,5 mill.*

Kommunen sine brutto driftsutgifter var i 2016 på 206 mill kroner, inkludert det forventa kravet frå Bufetat knytt til barnevern på 3,5 mill kroner. Kravet utgjer 1,7 % av sum brutto driftsutgifter og er naturleg nok med på å forstyrra bildet når me ser på fordeling og prioritering. Korrigert for kravet ligg barnevern på 3 % av brutto driftsutgifter, noko som er på linje med både KG 3 og KG 1.

Samnanger kommune har som venta auka prioriteringa til administrasjon og styring frå 2016. Dette var ein styrt prioritering, og det er omdisponert ressursar til rådmannsnivået. Organisasjonen er no betre rusta til å arbeida på overordna oppgåver som internkontroll , beredskap og utvikling innafor tenesteområda.

Samnanger kommune prioriterer barnehage, skule og helse og omsorg meir enn snittet i KG 3. Utgifter til kyrkje, som inkluderer utgifter til kyrkjegard, og utgifter til brann brukar òg større del av utgiftene enn elles i KG 3-området. Område som er prioritert lågare er sosial, kultur, næring og samferdsel. Kommunen har i mange år arbeidd med å prioritera kultur høgare og har auka kultur sin del noko dei siste åra.

Samanlikna med KG 1 er det to område som skil seg ut. Det eine er utgifter til skule der KG 1 prioriterer større del til skule enn det vert gjort i Samnanger. Dette kan vera bevisste prioriteringar , men kan også ha samanheng med alder på bygg og/eller skulestruktur. Kommunar med fleire skular vil ha høgare kostnad enn kommunar med færre skular. Både på grunn av tal bygg og fordi det er meir effektivt å drifta færre skular.

Avskriving på bygg er inkludert i talmaterialet. Det betyr at kommunar som har investert i nye bygg vil visa høgare prioritering på desse områda enn kommunar som har eldre bygg og dermed lågare avskrivingar. Den nye sjukeheimen vil starta avskriving i 2017 og som eit resultat er det forventa at helse og omsorg vil auka sin del av prioriteringa neste år. Det å investera i nybygg er ei styrt prioritering.

Det andre området som skil seg ut er sosial som òg inkluderer flyktningkontoret. Samnanger kommune brukar lågare del til dette området enn KG 1 og KG 3. Det kan ha fleire årsaker. Nav-kontoret har i mange år arbeidd målretta med å få brukarane tilbake i arbeid eller over på tiltak som kvalifiserer til arbeid. Nav legg vekt på å ha eit godt samarbeid med næringslivet.
Det er òg strengare krav enn tidlegare til aktivitet for dei som tek i mot sosialhjelp.
Mottak av flyktningar har auka utgiftene i 2016 og del av brutto driftsutgifter har auka frå 2015.

Driftsinntekter:
Kommunen får 67,4 % av inntektene frå rammetilskot og skatt. Eigedomsskatt utgjer 7,1 % av inntektene og salsinntekter, som inkluderer konsesjonskraft, utgjer 10,7 %.
Kommunen sine inntekter har auka med 11,96 mill. kroner frå 2015 til 2016. Dette er ein auke på 5,6 %. I 2015 auka inntektene med 2,2 mill. kroner (1,1%).
Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning har auka med kr 5,9 mill. og andre overføringar har auka med 3,6 mill. kroner. Her utgjer tilskot frå IMDI kr 4 mill. Eigedomsskatt er redusert med 1,3 mill. kroner knytt

til redusert eigedomsskattegrunnlag frå kraftverk. Auka salsinntekt på totalt 2 mill. kroner gjeld mellom anna inntekt frå sal av konsesjonskraft med 0,85 mill. kroner.



Premiavvik og pensjonsfond



Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.

Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (m.a. lønsvekst og pensjonsregulering)

Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2016 vart det brukt 3,6 mill. kroner av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets

premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK. For KLP og SPK vart premieavviket positivt med kr 376 809 inkl. arbeidsgjevaravgift.

Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2016 ei "inntekt" på kr 3,2 mill, noko som er kr 670 000 lågare enn budsjettert.

Finansplassering

Samnanger kommune har sidan 2007 eigd aksjar i Nordisk Areal as. Aksjane vart kjøpt for 4 mill. kroner. Den siste bygningen vart selt våren 2016. Nordisk Areal as har forpliktingar i 6 – 12 månader etter salet og vil verta avvikla våren 2017. Tilgjengeleg kapital vert tilbakebetalt til aksjonærane. Kommunen har 39 147 aksjar og har fått tilbakebetalt eigenkapital to gonger i 2016, i juni med kr 5 pr. aksje og i august kr 17 pr. aksje. Forventa verdi ved innløysing våren 2017 er på kr 6 pr. aksje, og det er utifrå det bokført eit urealisert tap i 2016 på kr 137 015.
Det er betalt ut 1,9 mill. kroner i utbytte i perioden 2013 – 2015. Netto bokført tap er på 2,9 mill. kroner og totalt har kommunen tapt kr 985 681 på finansplasseringa.

Kommunen har pr 31.12.16 kr 261 997,76 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Dette har i 2016 gjeve ein verdiauke på kr 4 835,71 som er ein auke på 1,88 %.

Finansutgifter - lånegjeld og renter



Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Grafen viser utviklinga dei siste 5 åra der lånegjelda har auka frå 136 mill. kroner i 2012 til 223 mill. kroner i 2016. Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2016 var på 19 mill. kroner. Av dette er 1,6 mill. kroner unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pga av forseinking i prosjekt ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og evt. avdrag på unytta midlar. Kommunen har budsjettert med å nytta 12 mill. kroner av desse midlane i 2017 i tillegg til å ta opp eit nytt lån på 10 mill. kroner.

Det er i 2016 tatt opp 1 lån på 5,7 mill. kroner. Byggjelånet på 20 mill. kroner som vart tatt opp hausten 2015 vart betalt tilbake november og desember 2016. Tilskot frå Husbanken til sjukeheimen vart betalt ut mars 2017.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) der Samnanger er plassert og med kostragruppe 1(KG 1). KG 3 er 48 små kommunar med middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter. KG 1(35 kommunar) er tilsvarande KG 3, men med låge frie disponible inntekter.

I denne oppstillinga er ikkje ubrukte lånemidlar med. Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka frå kr 43 465 i 2012 til kr 80 448 i 2016. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mill kroner gjer at netto lånegjeld pr 31.12.16 er lågare enn pr 31.12.15



Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekka tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av kr 204 000 til evt. tap på startlån. Startlåna vert frå og med 2016 administrerte av Lindorff as.

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatn, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.
For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivingstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost.

Grafen til høgre viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og byggjelånsrente/ avdrag i investering er ikkje med.
Avdragsutgiftene har dei siste åra auka frå 4,6 mill. kroner i 2011 til 5,8 mill. kroner i 2016.
Pr 31.12.16 er det 89,3 mill. kroner der kommunen ikkje har starta å betala avdrag. Det største lånet er lån til sjukeheimen på 48 mill. kroner der avdragsbetaling startar i 2017.



Kommunestyret gjorde vedtak om å redusera avdragsbetalinga med 1 mill. kroner i 2016 og ligg kr 491 000 over kravet om minimumsavdrag. Kommunen ligg lågare enn det fylkesmannen anbefalar om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2016 ligg Samnanger på 2,64 % (2,18 % i 2015) , dvs 1,8 mill. kroner lågare enn det som er anbefalt. Årsaka er at me har vore inne i ein byggjeperiode, og det er ikkje naturleg å betala avdrag før byggjeperioden er avslutta. Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det vart vedtatt å betala minimumsavdrag både i 2014 , 2015 og i 2016. I 2017 vert det betalt avdrag i samsvar med låneopptaka.

Kommunen betaler rente på alle lån som er tatt opp. Renteutgiftene har i perioden 2011 til 2016 auka med 1,3 mill. kroner. Den låge renta dei siste åra gjer at renteutgiftene ikkje har auka meir til trass for at lånegjelda i same periode har auke med 107 mill. kroner.

44 % av låna er tatt opp med bunde rente. Det betyr at 56 % av lånegjelda, dvs 124,8 mill kroner, er sårbar for rentesvingingar. Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Det vil gje auka utgifter då den bundne renta ligg over den flytande renta, men vil redusera risikoen. Den andre måten er å ha ein buffer (disposisjonsfond) til å ta ev. renteauke. Fordelen med den siste måten er at dersom renteauken ikkje kjem, vil kommunen framleis ha bufferen tilgjengeleg og kan omdisponera midlane om nødvendig. Utfordringa er sjølvsagt å ta vare på bufferen. Sjå note 14 for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2016 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til soknerådet. Totalt har kommunen mottatt kr 591 892 . Av dette gjeld kr 94 954 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane er vidareformidla til Samnanger eigedom.

Inntekter frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft



Samnanger kommune sel 22 321,1 MWh/år. I 2016 selde kommunen krafta på spotmarknaden. Prisane i 2016 har vore litt variable. Inntekta enda til slutt på 2,4 mill. kroner. Opphavleg budsjett var på 2,5 mill. kroner, men vart justert ned til 2,05 mill. kroner i revidert budsjett pga prognoser midt i året om lågare inntekter.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskriven eigedomsskatt på alle eigedomar i 2016. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg m.m. er på 2,4 promille.
Kommunen fekk i 2016 inn 15,1 mill. kroner i eigedomsskatt, av dette kjem 10,1 mill. kroner frå verk og bruk og næring. 5,7 mill. kroner er eigedomsskatt som er knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg. Eigedomsskatt er ein frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, dvs inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.
Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst (sist taksert i 2012 for verk og bruk), medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg låg i fleire år framover.





I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette påverkar verdien negativt fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sine anlegg i Samnanger vorte redusert frå 1 215 mill. kroner i 2014 til 1 016 mill. kroner i 2015 til 797 mill. kroner i 2016.
Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 2,93 mill. kroner på 2 år.
Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi.

Grafen viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016.

LVK arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket er vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er også på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar og med å få justert ned kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra på 4,5 % i fleire år til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinngang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane.

I 2016 fekk kommunen 4,38 mill. kroner i naturressursskatt (4,38 mill. kroner i 2014, kr 4,28 mill. kroner i 2015).

Konsesjonsavgift

I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på anna måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2016 fekk Samnanger kommune kr 979 457. Konsesjonsavgifta vart sist indeksjustert i 2014. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av fylkesmannen. Vedtektene må òg vera i overeinstemming med reglane om offentleg støtte i samsvar med EØS-avtala.

Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg
(tall i heile tusen):

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Konsesjonskraft	5 101	2 674	4 225	3 908	1 524	2 375
Konsesjonsavgift	898	898	898	979	979	979
Naturressursskatt*	4 421	4 399	4 370	4 388	4 275	4 382
Eigedomsskatt kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg	7 752	8 043	8 748	8 532	7 133	5 726
Sum inntekter	**18 172**	**16 014**	**18 242**	**17 808**	**13 911**	**13 463**

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane

Fond

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2016 er 206 973,66 kroner. Av dette er det 100 000 kroner disponert til arbeid med arealplan jfr KS vedtak 4/13. Overskotet i 2016 på 2,2 mill. kroner bør settast av til disposisjonsfondet.



For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8.2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane vert brukte til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman 2,656 mill. kroner. Det er pr 2016 ikkje ført noko tilbake til fondet. Det er budsjettert med å føra tilbake 1,5 mill. kroner i 2017 og resten i 2018.

	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	sum 2012 & 2013	2 014	2 015	2 016	Sum	Rest
Mottatt fond							8 213 509	
Bruk:								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-2 000 000				*-2 000 000*	**0**
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-225 000	-158 563				*-158 563*	**116 437**
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000	0		-225 000		*-225 000*	
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000	0	-10 814			*-10 814*	**99 186**
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		690 000	0	-164 544	-94 544	-215 456	*-474 544*	**215 456**
KS 15/12 Førebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-145 000	0	-43 523	-140 000	-140 000	*-323 523*	**1 031 477**
KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000		0	0			0	*0*	**0**
KS 80/16 Tilskot til Totræna		145 000	0			-145 000	*-145 000*	**0**
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000		0				*0*	**1 400 000**
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000	0	0			*0*	**1 411 000**
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000	0	-589 000			*-589 000*	**0**
KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*			0	-1 188 000	-112 000		*-1 300 000*	
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)			0		-280 000		*-280 000*	
KS 63/13 KLP EK-tilskot			0	-1 076 000			*-1 076 000*	
Udisponert	13 509						*0*	
Sum vedtak/ bruk	**8 213 509**	**0**	**-2 158 563**	**-3 071 881**	**-851 544**	**-500 456**	**-6 582 444**	**1 631 065**
Resterande sum							**1 631 065**	

Næringsfond

Av fondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2016 kom det inn to søknader frå private, der begge fekk positivt vedtak. Søknadane galdt tilskot til etablering av ny frisør på Tysse og garanti for husleige til sørvisverksemd (bil). Den siste er ikkje lenger aktuell.

Kommunen bruker fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. I rekneskapen er det brukt 2,45 mill kroner til investeringar og kr 359 162 til drift eks. tilskot til private. Av dette er vel 79.000 kroner nytta til å betala medlemskapsavgift i næringsretta organisasjonar.

Pr 31.12.16 er det kr 356 167,05 på kommunen sitt næringsfond som ikkje er disponert.

Kr 935 681 er disponert, men ikkje utbetalt. Den største summen er kr 589 000 som gjeld veg til Hagabotnane . Kr 82 838 er ført tilbake til fondet fordi utgifta ikkje vart så høg som forventa.

Det er netto budsjettert med å auka fondet med kr 553 975 i opphavleg budsjett 2017.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrka fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal setjast av og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Det

vart ikkje selt tomter i 2016. Konsesjonsavgifta var i 2016 kr 979 457 og vert indeksjustert kvart 5. år, sist i 2014. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2016 på 1,6 mill kroner.

Bruk av næringsfondet	2016
Tilskot til private	7 000
Budsjett/ drift	229 162
Planarbeid	130 000
VA Bjørkheim	1 750 000
95-bygget, sjukeheim	700 000
Sum bruk	**2 816 162**

Investeringsfond

Kommunen fekk i 2016 utbetalt kr 10 703 226 frå Fiskeridirektoratet knytt til tildeling av grøn konsesjon til Lerøy Vest as avd. Sagen. Dette vart sett av til nytt ubunde investeringsfond jfr vedtak KS-64/15. Totalt stod det kr 2 169 324,13 på ubundne investeringsfond pr 01.01.2016. Pr 31.12.2016 var beløpet på kr 10 901 030,65. Sal av hus i Hagamulen og tilbakebetaling av forskotteringa til Tyssetunellen er sett av til fond. For meir informasjon sjå note 8.


Foto: Inge Aasgaard

% andel av tot.netto driftsutgifter



FAKTA OM SEKTOREN

Sektorleiar:
Jan Erik Boge

Netto driftsutgifter:
Kr. 15 489 724

Avvik budsjett:
Kr. +129 406
(mindreforbruk)

Tal tilsette:
11

Tal årsverk:
10,15

Einingar/arbeidsstader:
Rådmannskontoret/stab
Økonomikontoret
Løns- og personalkontoret
Sørvissenteret

(Meir info under den enkelte arbeidsstad/eining)

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

ORGANISASJON

Sektor for organisasjon har ansvar for diverse fellesfunksjonar på kommunehuset. Budsjettmessig ligg òg oppfølgingsansvar for politisk nivå og revisjon, tilskot til kyrkja og andre livssynsorgan, samt diverse fellesutgifter til denne sektoren.

Kommunehuset

Sektor for organisasjon har sektorovergripande ansvar knytt til mellom anna økonomi, rekneskap, fakturering, løn, personal, felles opplæringstiltak, arkiv, innkjøp, IKT og informasjon.

På dei fleste fagområda vert det stadig stilt høgare krav, både til fagkunnskap, dokumentasjon, rapportering og effektivitet. Det er ikkje mogleg for sektoren å ha fagpersonale innanfor alle saksområde me arbeider med. Tilsette må derfor ofte arbeida med og setja seg inn i saksområde dei ikkje har fagleg utdanning innanfor. Dette er på mange måtar ein del av det å arbeida i administrasjonen i Samnanger kommune. Døme på slike saksområde kan for eksempel vera eigedomsskatt, offentlege innkjøp og ulike juridiske problemstillingar.

I hovudsak måtte nødvendige primæroppgåver og lovpålagte oppgåver prioriterast i 2016. Ein del oppgåver som sektoren burde brukt tid og ressursar på, klarte me ikkje å prioritera i 2016. Dette gjeld til dømes arbeid med revisjon av fleire kommunale planar og vedtekter, utarbeiding og kvalitetssikring av rutinar og prosedyrar, felles opplæringstiltak for einingane og diverse utviklingsarbeid.

Det er ei generell utfordring for sektoren at for mykje arbeidstid for leiarar går til drift og forvaltningsoppgåver, og at dette går på bekostning av arbeid knytt til utvikling og forbetring av tenester og system. Dette var også tilfelle i 2016.

Organisasjon	2015-R	2016 - B	2016 Rev.budsjett	2016 -R	Avvik	Avvik
Rådmannskontor/stab	n/a	866 476	886 048	900 597	14 549	1,64 %
Økonomikontoret	3 888 349	1 573 531	1 607 941	1 667 749	59 808	3,72 %
Løns- og personalkontoret		1 678 704	2 021 801	1 912 968	-108 833	-5,38 %
Diverse fellesutgifter	1 248 205	4 084 646	1 339 222	1 333 485	-5 737	-0,43 %
Sørvissenteret	4 900 240	5 090 271	5 144 146	5 025 031	-119 115	-2,32 %
Politisk nivå og revisjon	2 293 381	2 105 560	2 254 972	2 265 023	10 051	0,45 %
Tilskot til kyrkja/andre livssynsorgan	2 301 644	2 365 000	2 365 000	2 384 871	19 871	0,84 %
Totalt	**14 631 818**	**17 764 188**	**15 619 130**	**15 489 724**	**-129 406**	**-0,83 %**

Personalstatistikk m.m. for heile kommunen

Årsverk i Samnanger kommune				
	2016	2015	2014	2013
Tal årsverk	185	183	184	187
Tal tilsette	260	262	265	275

Årsverk fordelt på alder		
Aldersgruppe	Årsverk i 2016	% av årsverk totalt
Under 20 år	3,0	1,6 %
20 - 29 år	18,5	10,0 %
30 - 39 år	40,2	21,8 %
40 - 49 år	53,5	29,0 %
50 - 59 år	53,3	28,9 %
60 - 69 år	15,8	8,6 %
Over 69 år	0,4	0,2 %

Fordeling kvinnner/menn				
	2016	2015	2014	2013
Tal kvinner	207	207	208	218
%-del kvinner	79,60 %	79,00 %	78,50 %	79,30 %
Årsverk kvinner	152			
Tal menn	53	55	57	57
%-del menn	20,40 %	21,00 %	21,50 %	20,70 %
Årsverk menn	33			

Tilgang på arbeidskraft
Kommunen hadde i 2016 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. Det melde seg kvalifiserte søkjarar til dei fleste stillingar som vart lyste ut.

Kommunen har ikkje moglegheit til sjølv å ha spisskompetanse innanfor alle fagområde. Som følgje av dette vert det kjøpt noko konsulenthjelp innanfor enkelte fagområde. På andre fagområde er det etablert interkommunalt samarbeid eller ordning med kjøp av tenester frå andre kommunar.

Sjukefråværsstatistikk

Sjukefråvær i Samnanger kommune *				
	2016	**2015**	**2014**	**2013**
Totalt	7,3 %	7,9 %	7,7 %	7,8 %
Fordelt på kjønn:				
Kvinner	8,0 %	8,4 %	7,5 %	8,6 %
Menn	4,2 %	5,7 %	8,2 %	4,2 %
Fordelt på alder:				
20 - 29 år	6,8 %	6,9 %	10,4 %	11,1 %
30 - 39 år	8,8 %	7,5 %	7,0 %	9,2 %
40 - 49 år	5,7 %	7,5 %	6,7 %	7,3 %
50 - 59 år	7,9 %	8,1 %	9,2 %	5,5 %
*60 - 69 år **	7,7 %	10,4 %	5,5 %	5,5 %
Fordelt på lengd:				
1 - 16 dagar	1,9 %	1,9 %	1,8 %	2,4 %
17 - 56 dagar	1,7 %	2,2 %	1,8 %	2,6 %
Over 56 dagar	3,7 %	3,8 %	4,2 %	2,9 %
Fordelt på type:				
Eigenmelding	0,7 %	0,7 %	0,9 %	1,1 %
Sjukemeld av lege	6,6 %	7,2 %	6,8 %	6,7 %

**) Arbeidsmiljøutvalet har vedteke ei målsetting om at det samla sjukefråværet i kommunen ikkje skal vera høgare enn 6,5%.*

***) Kommunen får ikkje sjukepengerefusjon frå NAV for tilsette over 67 år. Det bør takast opp til vurdering korleis kommunen skal forhalda seg til denne problemstillinga.*

Sjukefråvær i einingane		
Eining/arbeidsstad	**Sjukefråvær 2016**	**Målsetting 2016 ***
Rådm.kontor og stab	6,1 %	3,8 %
Sørvissenter	4,3 %	3,8 %
Barnehage	7,4 %	7,0 %
Barneskulen	4,9 %	4,3 %
Ungdomsskulen	5,1 %	4,5 %
Kultur	6,4 %	3,8 %
Helse	4,4 %	3,8 %
Sjukeheim	10,3 %	9,0 %
Heimetenester	14,4 %	9,0 %
Funksjonshemma	7,0 %	9,0 %
NAV	2,6 %	3,8 %
Teknisk forvaltning	7,6 %	3,8 %
Teknisk drift	3,2 %	3,8 %

**) Sjå side 25 i rådmannen sitt budsjettrundskriv for 2016.*

Likestilling
Samnanger skil seg lite frå dei fleste andre kommunar når det gjeld kjønnsfordeling blant dei tilsette. Med nokre få unnatak, er det stor overvekt av kvinner i alle einingane. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling på nokre tenesteområde, men kommunen har pr. i dag ikkje konkrete målsettingar eller tiltaks-/handlingsplan knytt til dette.

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk for å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til løn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner enn menn i kommunen. Dette gjeld truleg òg omfanget av uønska deltid.

25-årsjubilantar i kommunen
Det var i desember ei tilstelling på kommunehuset for tilsette som i 2016 hadde 25-årsjubileum som medarbeidarar i kommunen.

Frå tilstellinga på kommunehuset 14.12.2016. Frå venstre: Mariann T. Sandvik, Irene Tveit Haugen, Astrid Håhjem, Kari Dyrhovden og rådmann Tone Ramsli. Kjersti Nordvik var ikkje til stades.

Opplæring for tilsette
Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring for alle einingane i 2016. Det vart likevel gjennomført mykje opplæring for tilsette i kommunen, både intern og ekstern opplæring. Ekstern opplæring omfattar både deltaking på kurs/samlingar og at tilsette gjennomfører grunnutdanning eller vidare-/ etterutdanning.

Bedriftshelseteneste
Samnanger kommune kjøper bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse1 i Norheimsund. Kostnaden i 2016 var om lag 127.000 kroner. Utgiftene gjeld mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking på møte i arbeidsmiljøutvalet.

Lokale lønsforhandlingar
Det vart i 2016 berre gjennomført lokale lønsforhandlingar for dei gruppene av tilsette som får heile

løna/lønsutviklinga si fastsett lokalt i kommunen. Denne gruppa utgjer om lag 13% av årsverka i kommunen. Det vart gjennomført forhandlingar med til saman 12 fagforeiningar. Det vart semje med 11 av desse og brot med ei fagforeining. Tvisten med denne fagforeninga vart avgjort gjennom nemndsbehandling.

Fellesarrangement for tilsette
Det vart gjennomført eitt fellesarrangement for tilsette i 2016, båttur med MS Midthordland på kvelden fredag 03.06.2016. Turen gjekk frå Bergen til Alværstraumen og tilbake igjen. Om lag 50 tilsette deltok på turen i det fine sommarvêret.

Frå båtturen med MS Midthordland 03.06.2016.

Medarbeiderundersøking
Det vart hausten 2016 gjennomført medarbeidarundersøking (arbeidsmiljøkartlegging) for tilsette i kommunen. Det var Kommunsektorens organisasjon (KS) si såkalla 10-faktorundersøking som vart brukt. Undersøkinga vart gjennomført ved at dei tilsette vart inviterte til å svara på eit elektronisk spørjeskjema. Den samla svarprosenten i undersøkinga var 74%. Dette var langt høgare enn ved tidlegare tilsvarande undersøkingar i kommunen. Svarprosenten varierte mykje frå eining til eining, frå 24% til 100%. Svara i undersøkinga tyder på at arbeidsmiljøet til tilsette i Samnanger ikkje skil seg vesentleg frå gjennomsnittet i andre kommunar som har gjennomført undersøkinga. Det er likevel ein liten tendens til at tilsette i Samnanger gir litt lågare score på dei fleste spørsmål enn tilsette i andre kommunar. Oppfølginga av undersøkinga skjer i hovudsak ute i einingane.

Internkontroll og etikk
Det går fram i § 48 i kommunelova at det i årsmeldinga skal "redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten."

Kapittel 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde. Desse prinsippa har vore relativt uendra i mange år og det er behov for revisjon. Det var planlagt å starta dette arbeidet i 2016, men av kapasitetsmessige årsaker vart dette ikkje gjort.

I tillegg til dei etiske prisnippa har Samnanger kommune og retningslinjer og rutinar for ein del område, for å sikra god kontroll og redusera risikoen for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Dette gjeld mellom anna fordi lova i mange høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan òg reglane føra til at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester. Det vart i 2016 vedteke ein del endringar i lovverket om offentlege innkjøp. Endringane trer i kraft frå og med 2017. Føremålet med nokre av endringane er å unngå unødvendig byråkrati i samband med offentlege innkjøp med verdi under 1,1 millionar kroner. Som følgje av desse endringane bør Samnanger kommune sitt innkjøpsreglement reviderast. Det bør òg sjåast på om kommunen har tilstrekkeleg innkjøpsfagleg kompetanse og tilstrekkelege stillingsressursar knytt til innkjøp.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarar, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er òg eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

Det vert vist til årsmeldinga for sektor for samfunn og utvikling for informasjon om internkontroll/ internkontrollsystem.

Økonomikontoret

Økonomikontoret hadde 1,9 årsverk i 2016, fordelt på tre tilsette (økonomisjef 100%, konsulent 75% og sekretær 15%).

Innføringa av eigedomsskatt på bustad-, fritids- og næringseigedomar i 2015 har ført til varig auka arbeidsmengd for økonomikontoret. Dette gjeld arbeid knytt til årleg utskriving og fakturering av eigedomsskatt, samt arbeid med behandling av klagar på eigedomsskatt. I 2016 utgjorde dette arbeidet til saman om lag to månadsverk.

Økonomikontoret måtte frå hausten 2016 mellombels overta løns- og personalkontoret sitt ansvar for sjukefråværsregistrering og innkrevjing av sjukepengerefusjonar m.m. frå NAV. Det er sannsynleg at økonomikontoret må ha denne oppgåva fram til sommaren 2017.

Den store og aukande arbeidsmengda gjer arbeidssituasjonen utfordrande, spesielt for økonomisjefen. Mellom anna er det i periodar umogleg eller svært vanskeleg for ho å utføra pålagte arbeidsoppgåver innanfor ramma av arbeidstidsreglane i arbeidsmiljølova. Dette er ein situasjon som har vart i mange år.

Kommunen sitt økonomi-/rekneskaps-/løns- og personalsystem vart oppgradert til ny versjon i 2016. Kostnaden var om lag 342.000 kroner. Dette var ei oppgradering som var pålagt av produsenten og leverandøren av systemet.

Løns- og personalkontoret

Løns- og personalkontoret hadde 2,5 årsverk i 2016, fordelt på tre tilsette (personalsjef 100% og to konsulentar med høvesvis 100% og 50% stilling). 2016 var eit svært utfordrande år for kontoret, på grunn av langtidssjukemelding og utskifting av personale. Som følgje av dette måtte stillingsressursar omprioriterast. Både sektorleiar og ein konsulent ved rådmannskontoret måtte i store delar av 2016 bruka det meste av arbeidstida si på løns- og personalarbeid. Til tross for dette måtte ein del overordna personalarbeid nedprioriterast frå og med sommaren 2016. Dette var nødvendig for å få utført basisoppgåver som utbetaling av løn, tilsetjingar m.m. på ein forsvarleg måte. Døme på oppgåver som måtte nedprioriterast var arbeid knytt til sjukefråværsførebygging, opplæringsplan, oppfølging av personalsaker/personalkonfliktar, samarbeid med bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter.

Det vart i 2016 innført ny rutine der einingsleiarane kvar månad skal kontrollera lønsutbetalingslister som løns- og personalkontoret lagar til. Føremålet med dette er å oppdaga og unngå feilutbetalingar av løn.

Det har i fleire år vore utfordringar relatert til kommunen sitt lønssystem, som vart teke i bruk i 2012. I budsjettet for 2017 er det sett av ein del midlar til effektiviseringstiltak på lønsområdet, men me bør i tillegg i løpet av 2017 få på plass ein handlingsplan for ytterlegare tiltak. Skifte av lønssystem er eit av tiltaka som bør vurderast.

Politisk nivå og revisjon

2016 var det første heile året for det nye kommunestyret som vart valt hausten 2015.

Frå kommunestyremøtet juni 2016 –foto Samningen

Aktiviteten i kommunestyret var stor i 2016, med 8 møte og til saman 106 vedtakssaker. Også i dei fleste utvala var det god aktivitet i 2016, men det er nokre unnatak.

Utval	2011		2012		2013		2014		2015		2016	
	Møte	*Saker*	*Møte*	*Saker*	*Møte*	*Saker*	*Møte*	*Saker*	*Møte*	*Saker*	*Møte*	*Saker*
Administrasjonsutvalet	3	10	5	13	1	3	4	11	2	5	2	6
Arbeidsmiljøutvalet	4	14	3	9	5	19	5	21	4	17	3	11
Eigedomsskatt (takstutval)			5	39	3	15	1	2	Nedlagt			
Eigedomsskatt (klagenemnd)	0	0	0	0	2	4	0 *	0	1	14	1	13
Eigedomsskatt (sakkunnig nemnd)	n/a						0 *	0	5	24	3	32
Eldrerådet	5	13	4	8	4	12	3	9	2	5	2	4
Formannskapet (tidlegare personal- og økonomiutv.)	9	61	9	72	10	52	13	70	7	51	8	70
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Statistikk ikkje utarb.		4	8	0	0	0	0	0	0	0	0
Kontrollutvalet	4	33	5	38	5	37	5	38	4	46	4	49
Kommunestyret	7	76	6	92	9	71	7	73	7	76	8	106
Naturutvalet	9	81	8	88	8	74	8	69	8	68	8	63
Utvalet for oppvekst og omsorg	6	26	6	30	6	23	5	15	4	15	Nedlagt	
Tilsetjingsutvalet	32	46	25	34	19	40	16	29	31	39	17	26
Ungdomsrådet	Statistikk ikkje utarb.		4	15	0	0	5	24	6	13	4	12
Viltnemnda	4	20	3	9	1	5	1	6	1	3	Nedlagt	

**) Takstutvalet for eigedomsskatt vart i juni 2014 omgjort til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt. Den sakkunnige nemnda og klagenemnda deltok på eit 2-dagars kurs i 2014, men hadde ingen møte der saker var oppe til behandling/der det vart gjort vedtak.*

Det var ein dag med folkevaldopplæring i januar 2016. Dette var ei oppfølging av opplæringsdag som vart gjennomført i desember 2015.



FAKTA OM SEKTOREN

Ass.rådmann/Sektorleiar:
Hilde-Lill Våge

Netto driftsutgifter:
Kr. 17 123 978

Sjølvkost (brutto):
Kr. 7 522 237

Avvik budsjett:
Kr. - 87 780
(meirforbruk)

Tal tilsette:
30 (+ 13 brannkonst)

Tal årsverk:
22,43 (+0,14 brann)

Tal brukarar:
2.488

Einingar:
Rådmannskontoret
Teknisk forvaltning
Teknisk drift

(Meir info under den enkelte eining)

www.samnanger.no

SAMFUNN OG UTVIKLING

Samfunn og utvikling er eit tenesteområde med sektorovergripande arbeidsoppgåver knytt til samfunnsutvikling, næringsutvikling, landbruksteneste, beredskap, folkehelse og tekniske tenester. Til tekniske tenester ligg forvaltningsoppgåver innan byggje- og delingssaker, oppmåling, plan og miljø. I tillegg kjem drifting av kommunale eigedommar, veg, vatn og avløp. Utbygging og investeringsprosjekt er òg lagt til sektoren. I 2016 har me brukt eigne ressursar som byggjeleiar på VA-utbygging på Bjørkheim, nytt bibliotek, infrastruktur i Rolvsvåg næringsområde og ny krøllgrasbane.

Kommunereforma fekk mykje merksemd og engasjerte mange i året som gjekk. Samnanger vedtok å stå som eigen kommunen og planlegg framover tenestene sine ut frå det. Kommuneplanen sin arealdel er under arbeid og vert lagt ut til høyring sommaren 2017. Arbeidet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel vil då starta. Dei fleste målsettingane for sektoren er derfor heimla i kommuneplanen (2007-17). Dei strekker seg over lengre tidsperiodar, men me har òg årsmål frå den som vert evaluert årleg.

I 2016 har det vore fokus på tverrfagleg samarbeid og korleis fremma folkehelsa hos innbyggjarane. I organisasjonen har det vore viktig å få etablert internkontrollsystem og beredskapsprosedyrar.

Sektoren la ned eit stort arbeid i å analysera Agenda Kaupang-rapporten og la fram alternative løysingar til framtidige skule- og barnehagelokale og privatisering av vegar.

Kommunen har òg lagt ned store ressursar i ny infrastruktur på Bjørkheim . Med det og nytt bibliotek har kommunen lagt til rette for ei positiv nærings- og tettstadsutvikling. Etter fleire år med planlegging har me endeleg fått starta med å byggja krøllgrasbane i Hagabotnane.

Økonomi

Samfunn og utvikling forvalta i 2016 totalt 17.123 978 millionar kroner. Tala for folkehelsearbeidet ligg i sektor for oppvekst og kultur. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp og slam vert haldne utanom dritsutgiftene til sektoren. I 2016 utgjer VA-utgiftene kr. 7 522 237.

Det er svært god budsjettstyring innanfor tenesteområda, og for heile sektoren var det eit avvik på 0,5%. Dette skyldast bortfall av øyremerka tilskot me hadde budsjettert med til vedlikehald av Skjervo. Meirinntekt på konsesjonskraft dekker mesteparten av underskotet.

Samfunn og utvikling	2015-Rekneskap	2016 – Budsjett	2016-B revidert	2016-Rekneskap	Avvik	Avvik
Rådmannskontor	3 040 137	1 012 102	1 067 078	1 064 322	2 756	+0,26%
Næringsføremål	-1 416 568	-2 559 500	-2 109 500	-2 444 648	335 148	+13,7%
Samf utvikling	0	747 058	764 264	778 882	-14 618	-1,88%
Teknisk FV	5 808 954	6 248 534	6 323 472	6 296 695	26 777	+0,43%
Teknisk Drift	11 562 354	10 681 564	10 990 884	11 428 728	-437 844	-3,83%
Totalt	**18 994 860**	**16 129 758**	**17 036 198**	**17 123 978**	**87 780**	**-0,51%**

Næring

Direkte kontakt med næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande skjer i stor grad med ordførar og rådmann. Rådmannen er kontaktperson i administrasjonen og den som har ansvaret for å leggja til rette for samarbeid med næringslivet i kommunen. Ein sentral samarbeidspart er Samnanger næringsforum, der Karl Kollbotn er kommunen sitt medlem i styret.

I kommuneplanen er det sett følgjande mål:

- ✓ ha ledige tomteareal i Rolvsvåg tilgjengeleg til ei kvar tid
- ✓ nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar
- ✓ arbeida aktivt for å fremja næringsutvikling
- ✓ ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande, samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet
- ✓ leggja til rette for bygdeutvikling

Det var planlagt at veg, vatn og avløp i det nye industriområdet i Rolvsvåg skulle ha vore på plass i 2016, men det vert noko forsinka og me reknar med at det kjem ut på anbod sommaren 2017. Til trass for at feltet ikkje er ferdig og tomtene ikkje har vore aktivt marknadsførte, kjem det førespurnader om tomtene.

Kommunen har i 2016 brukt mykje midlar for å leggja betre til rette både for eksisterande verksemder og for å få til nyetableringar. Dette skjer først og fremst gjennom arbeidet med å få ein god infrastruktur på veg, vatn og avløp. I 2016 er det gjort ei betydeleg opprusting av infrastrukturen på Bjørkheim. Det var heilt naudsynt om ein skulle få til vidare utvikling. Telekommunikasjon er også vesentleg for næringslivet, det same er sikker straumforsyning. Me har gjennom dialog med utbyggjarar meldt kva utfordringar som må løysast i området Saga- Rolvsvåg. Kommunen har liten moglegheit til å stilla midlar til utbygging, men me har høve til å søkja om tilskot. I 2016 vart Samnanger ikkje prioritert, men me ligg an til å få tilskot i 2017 til utbygging av breiband.

Samnanger har vore eigar i Business Region Bergen (BRB). Etter initiativ frå Bergen kommune vart BRB avvikla i 2016. Delar av verksemda - etableraropplæring og Invest in Bergen - vert vidareført i Hordaland fylkeskommune. Ordførar og to personar frå landbrukskontoret har delteke på denne opplæringa i 2016.
Samnanger kommune deltek også i Bergensalliansen, ein politisk møteplass for 22 kommunar i og rundt Bergen. Dei har også næringspolitiske saker på dagsorden.

Landbruk

Samnanger har eit interkommunalt samarbeid med Fusa, Os og Tysnes om landbrukstenestene. Me betalte kr. 560 344 i tilskot (kr 37.356 er utg.ført 2017) til Fusa som er arbeidsgjevarkommunen i samarbeidet. Det er 258 registerte landbrukseigedomar i Samnanger. 2 840 dekar jordbruksareal er i drift og produktivt skogbruksareal utgjer 56 424 dekar. I 2016 har det vore tatt ut ein del produktiv skog. Landbrukskontoret innvilga i 2016 1 konsesjonssøknad med buplikt, og 6 av 8 delingssøknadar vart innvilga etter jordlova

Landbrukskontoret har fast kontordag i Samnanger og forvaltar kommunen sitt landbruksområde med å gje råd til bønder som skal etablera seg eller gå inn på nye forretningsområde. Bøndene vert hjelpt vidare til t.d. Innovasjon Noreg. Ved landbrukskontoret er det god kompetanse på bygdeutvikling. Nytt i 2016 var å leggja til rette for samarbeid om lokalmat og eigne torgdagar rundt i kommunane – *Bjørnefjorden matkultur*.

Beredskap

Kommunen reviderte og vedtok beredskapsplanen våren 2016. Fylkesmannen hadde på vårparten tilsyn med beredskapsarbeidet, og me fekk pålegg om å utarbeida ny overordna ros-analyse i samsvar med det pågåande kommuneplanarbeidet. Beredskapsplanen må òg verta sett i samanheng med kommunen sitt kvalitetsstyringssystem og ros-vurderingar ute i dei ulike einingane. Me er godt i gang med arbeidet og vil kunna halda fristen med å lukka avviket hausten 2017.

I januar 2016 sette rådmannen kriseberedskap då orkanen Tor vart varsla. Orkanen gjorde lite skade i Samnanger, men mange vart straumlause. Pleie- og omsorgstenesta har god rutine og prosedyre for denne typen hendingar. Kommunen brukte òg sms-varsling til skule- og barnehageforeldre med informasjon. Sjukeheimen, kommunehuset og vassverket har aggregat til å tåla lengre straumbrot. I jula 2016 vart Samnanger råka på nytt av orkanen Urd. Det vart også denne gongen berre registrert mindre skadar. Det er straumbrot over 5-10 timar som oftast får størst konsekvensar for innbyggjarane i Samnanger. Kommunen har no godt eigna lokale på Samnangerheimen som kan husa innbyggjarar med berre elektrisk oppvarming eller personar som treng ekstra tilsyn. Ei anna utfordring ved uvêr er mobilsambandet. Internt har me løyst det med jaktradio som dekker store delar av kommunen. Me opprettar òg beredskap på legekontoret/Samnangerheimen slik at innbyggjarane kan oppsøka helsepersonell der. Eit ønske er å investera i ein satelittelefon slik at me kan ha kontakt med omverda. Kriseleiinga har ikkje organisert vaktberedskap, noko som bør verta vurdert i løpet av 2017.

Brann- og redningstenesta i Samnanger høyrer til teknisk forvaltning. Kommunen inngjekk i 2014 avtale med Bergen kommune om felles brannsjef. Det var 12 utrykkingar i 2016.

Open dag i september 2016 - Brannstasjonen i Samnanger

Internkontroll – *Orden i eige hus*

Rådmannen har i løpet av 2016 lukka mesteparten av avviket me fekk i 2015 på forvaltningsrevisjon av sentraladministrasjonen (sak 23/15). Det er implementert fleire verktøy og gjennomført intern leiaropplæring for å styrka internkontrollarbeidet.

BedreStyring hjelper oss til å følgja status ved at einingsleiarane rapporterer i systemet til rådmannen kvar månad. Rådmannen kan då følgja måloppnåinga på budsjett, sjukefråvær , vedtak, tiltak og ulike aktivitetar i einingane. Verktøyet er spesielt tilpassa heilskapleg styring i kommunale verksemder og skal vera med å skapa og vedlikehalda ein kultur for resultatorientert leiing. I tillegg brukar me no ei digital kvalitetshandsbok frå kommuneforlaget for å ha kontroll på tenestekvaliteten. Systemet gjev grunnlag for god internkontroll ved at det gjev tilgang til kvalitetsindikatorar, prosedyrar, avvikshandtering og risikostyring. Alle einingsleiarane har tatt i bruk desse verktøya.

Alle tilsette har no også tilgang til ei digital HMS-handbok gjennom kommunen si intranettside. I den ligg ein del lokale HMS-skjema som me reviderer fortløpande etter behov. I denne løysinga ligg òg eit avviksystem der alle tilsette kan rapportera avvik via e-post. Avvikshandsaminga skal vera ei effektiv løysing for innmelding og handsaming av avvik, og me reknar med den er i drift våren 2017. Rådmannen evaluerer og inngår kvart år nye leiaravtalar med alle sektorleiarar og einingsleiarane. Det ligg òg føre stillingsomtalar for dei fleste stillingar i kommunen. Mal for prosjektstyring, prosjekt og byggjerekneskap er teken i bruk.

Folkehelse

Frå 2013 har Samnanger kommune hatt eigen folkehelsekoordinator i 40%. Stillinga er for tida lagt til kultur og vert kombinert med 60% kulturkonsulent.
Kommunen skal fremja folkehelse gjennom dei verkemidla me har på lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting. Folkehelsearbeid gjeld for heile befolkninga eller grupper av den, og er ikkje tiltak for risikogrupper eller individ. Ansvaret ligg til heile organisasjonen – me skal tenka *helse i alt me gjer*.
Hovudmålet til Samnanger er «*Fleire leveår med god helse for alle».*

Satsingane i 2016

Engasjerte lokalsamfunn: Kulturveka vart arrangert for fyrste gong i 2016 og er noko som me vil satsa sterkt på vidare i 2017. Elles har me satsa på frivilligerklæring og kulturmidlar, plan for Den kulturelle skulesekken 2016-2019, UKM-lokalfestival og UKM-workshophelg, Den kulturelle spaserstokken og Kultur for eldre.

Trygge lokalsamfunn: Me har arbeidd med folkehelse i Strategiplan for oppvekst og kultur, Arealplan og Trafikksikringsplan. Me har sikra oss kunnskap til nye tiltak gjennom *Barnetråkk* og undersøking om fritidsaktivitetar for ungdom.

Sosial tilhøyring: Me har satsa på fleire varierte og gode møteplassar. Storstova på Samnangerheimen er vorte ein flott møteplass for bebuarar, besøkande og frivillige. Nytt universelt bibliotek på Bjørkheim er snart klart for opning saman med park og torg i området. Opparbeiding av Hagabotnane idrettsanlegg er i gong. Det er arrangert open dag ved Aldal friluft og LAN-party. Me har fått 16 nye samningar frå andre delar av verda som er motiverte til å vera ein del av kommunen. Dei fleste er i alderen kor dei ønskjer språkpraksis, og det må me bidra til.

Fysisk aktivitet: Me har satsa på symjeopplæring for barnehageborn, dans i SFO og trening for eldre på Samnangerheimen. Gymsalane på barneskulen og ungdomsskulen og bassenget er i bruk kvar vekedag.

Styrketrening med strikk på Samnangerheimen

Psykisk helse: Me har satsa på Tverrfagleg samarbeid for barn og unge. I 2016 vart det gjort mykje godt arbeid i samband med markeringa av Verdensdagen for psykisk helse. Eit av måla i dette arbeidet er å auka kunnskapen i lokalsamfunnet om psykisk helse.

Ernæring: Me har satsa på heimelaga mat frå eige kjøkken på Samnangerheimen. I barnehagen lærer barna om fiskesprell og har måltid med grovt brød og sunt pålegg.

Tverrfaglig samarbeid for barn og unge

Tverrfagleg samarbeid for barn og unge (TFS) er det største tverrfaglege samarbeidet me har i kommunen. TFS består av til saman 27 representantar frå alle dei ulike tenestene som arbeider for og med barn og unge i kommunen. Samarbeidet er fordelt på tre nivå: Rådmannsgruppa, Oppvekstforum og to Basegrupper. Folkehelsekoordinator er leiar for Oppvekstforum og koordinerer samarbeidet.

Gjennom TFS banar me veg for ein ny måte å jobba tverrfagleg med folkehelsearbeid. TFS arbeider ikkje med enkelttiltak, men har *alle* barn og unge som målgruppe. Ei av dei viktigaste oppgåvene er å fanga opp tendensar blant barn og unge om kva som er helsefremmande faktorar og kva som er risikofaktorar og trengs førebyggjast. Fokusområde for samarbeidet i perioden 2015-2018 er *Identitet.* Tema ein jobbar med er sjølvbilete, det å kjenna seg sjølv, det å vera tilfreds med den ein er, sosial kompetanse og sosiale relasjonar, opplevinga av eigenverdi, tilhøyrsle, tryggleik, utvikling, språk og kommunikasjon. Eit tverrfaglig tiltak i 2016 var markering av Verdensdagen for psykisk helse. Frå 26. september til 3. oktober var den psykiske helsa vår hovedfokus både i barnehage, barneskule og ungdomsskule. Dyktige tilsette skal ha ros for godt samarbeid og vel gjennomført markering. Me har fått gode tilbakemeldingar frå elevar, føresette og tilsette. Per Anders Nordengen sitt føredrag fekk mykje skryt.

Folkehelseprofil som grunnlagsdata

Folkehelseprofilar for kommunar er ei oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. Statistikken visar 31 indikatorar fordelt på seks tema: Befolkning, levekår, miljø, skule, levevanar, helse og sjukdom.

I 2016 ligg Samnanger kommune betre an en landsnivået på fleire område. Me har mellom anna signifikant:

- ✓ færre hushald med låginntekt (0-17 år)
- ✓ færre barn av einslege forsørgjarar
- ✓ betre forventa levealder hos kvinner
- ✓ færre psykiske symptom/lidingar i primærhelsetenesta
- ✓ mindre utleveringa av antibiotika på resept
- ✓ Når det gjeld god drikkevassforsyning, og brukarar av fastlege og legevakt til muskel- og skjelettplagar og –sjukdommar, er me ein av dei ti beste kommunane i landet.

Mål
God kvalitet på teneste og god sørvis

Barometeret visar *ein* «raud» verdi. Det er signifikant fleire uføretrygda i aldersgruppa 18-44 år i Samnanger enn landsnivået seier. Psykiske symptom/lidingar samt muskel- og skjelettplagar og -sjukdommar pleier vera hovudårsaka til uføretrygd, men her scorar altså kommunen godt. Det kan derfor vera fleire årsaker til uføretrygd som Samnanger ønskjer undersøkja nærare og ha fokus på i sitt folkehelsearbeid i 2017. Sjølv om kommunen ligg betre an enn landsnivået, kan det likevel innebera ei viktig folkehelseutfordring for kommunen. Landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå.

Dråpeslottet på tur i nærområdet

Tekniske tenester

Teknisk forvaltning har ansvar for plan-, byggje- og delingssak, brann, kart og oppmåling, natur- og miljøforvaltning. Medan teknisk drift har oppgåver knytt til drift av vatn, avløp, veg og eigedom. I 2016 er det arbeidd spesielt med raskare sakhandsaming, digitalisering av kart, arealplan, tilknyting for eksisterande bustader til kommunalt vatn, trafikksikringsplan, økonomiske innsparingsområde i sektoren og privatisering av vegar. Kommunen har dette året retta opp og realisert reguleringsplanen på Bjørkheim. Det er bygt ut nytt vatn- og avløpsanlegg for området og lagt ned ressursar i å gjera Bjørkheim meir attraktivt som sentrum og tettstad.

Sakshandsaming
Teknisk sektor hadde i alt 1556 inn- og utgåande journalpostar i 2016. Det vart handsama 87 byggjesøknader, 11 delingssaker og gjennomført 42 oppmålingssaker. Det er sett krav til sakshandsamingstid for byggjesakssøknader og søknader om oppmåling. Me har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på ei veke. Kommunen held godt fristen både på 3 og 12 veke for søknadene i 2016. Ved oversitting av fristen har søkjar krav om reduksjon i gebyret for byggjesak og oppmåling. Utfordringa for sakshandsaminga er ufullstendige søknader. Desse tek då lenger tid og oftast er det søkjar som er årsaka til at me ikkje kan starta handsaminga. God informasjon vert då viktig.

Me har no fått digitalisert reguleringsplanane våre i kartpotalen: www.kommunekart.com
Alle innbyggjarane kan gå inn i kartportalen og finna kva planar som gjeld for ulike delar av kommunen.

Naturutvalet har i fleire møte drøfta ulike problemstillingar i kommuneplanarbeidet knytt til tettstadutvikling, spreidd busetnad og næringsutvikling i Børdalen. Problemstillingane har òg vore drøfta med statlege og fylkeskommunale etatar. Det er brukt ekstrahjelp med god fagkompetanse og lokalkunnskap til kommuneplanarbeidet heile hausthalvåret. Planen vert lagt ut til høyring i juni 2017. Arbeidet med å revidera og laga planar innanfor dei ulike tenesteområda er tidkrevjande for ein liten administrasjon. Arbeidet kan forenklast, og der det er mogleg bør planar verta laga som temaplanar. Trafikksikringsplanen er utarbeid parallelt med kommuneplanen som ein temaplan. Den vert lagt ut på høyring samstundes.

Miljø og ressursar - Avfall og renovasjon
Kommunen er med i interkommunal renovasjonsordning – BIR.
Innbyggjarane i Samnanger leverte i 2016 litt over 1 120 tonn med hushaldsavfall.

Teknisk sektor - Avfall og renovasjon	S-2016	KG1	KG3
Sjølvkostgrad	100%	99%	99%
Talet hytteabonnentar	766		
Talet årsinnbyggjarar	2740		
Hushaldavfall pr. innb. (Kilo)	409	481	465
Andel mat.gjennvinning og bio.beh. (kilo)	78%	83%	77%
Årsgebyr BIR (kr)	1700	2484	2925

Det er potensiale for å auka matgjenvinning i kommunen. BIR har avtale om tilskot for dei som komposterer. Kommunestyret ønskjer at det vert satsa på å motivera fleire husstandar til å inngå dette i 2017. I 2016 har Samnanger saman med BIR gjennomført ein aksjon mot forsøpling. Heile kommunen er vorte kartlagt for mogleg forsøpling og forureining. Det er identifisert 34 stader med mogleg forureiningskjelde. Dei fleste har i dialog med kommunen følgt opp pålegget om å rydda. Kommunen sjølv har saman med andre grunneigarar gått saman om felles ryddeprosjekt nedanfor Samnangerheimen. Denne tenesta frå BIR inngår no i den interkommunale renovasjonsordninga.

Gjenbruksstasjonen i Raunekleiva er populær for både samningar og innbyggjarar frå nabokommunane. Avfallsmengda som er motteken ved stasjonen utgjer litt over 5 gonger meir pr. innbyggjar enn for gjennomsnittet på BIR sine gjenvinningsstasjonar. Samtidig er talet besøk pr. innbyggar litt over 4 gonger så hyppig som for gjennomsnittet. Når det gjeld næringsavfall vert dette levert som usortert avfall. Spesielt skule og barnehagar har meldt ifrå om at dette ikkje er pedagogisk eller miljømessig riktig og ønskjer å kunna få levera sortert.

Drift og vedlikehald av kommunale eigedommar
Samnanger har ein relativt ung bygningsmasse av god kvalitet etter å ha prioritert formålsbygga gjennom fleire år. Barneskulen vart bygt i 1998 og fekk nytt tilbygg i 2014. Dråpeslottet barnehage vart bygt i 2008 og Vassloppa barnehage vart totalrenovert i 2012. Kommunehuset vart renovert utvendig i 2013 og nye Samnangerheimen vart teken i bruk i våren 2016. Ungdomsskulen er bygt i 1962/74 og får noko oppgradering innvendig i 2017. Kommunen har kjøpt eit 550 m2 stort lokale på Bjørkheim til nytt bibliotek. Lokalet har kapasitet til arrangement på opptil 150 personar. Det er svært godt tilrettelagt med universell utforming og bør i stor grad verta brukt til offentlege møte allereie frå hausten 2017. Mesteparten av arbeidet med krøllgrasbana i Hagabotnane vart utført hausten 2016. Det står igjen å leggja toppdekket, og bana vil vera klar til bruk til fotballsesongen frå juni 2017 .
Samnanger har derfor høge investeringsutgifter og avskrivingar samanlikna med andre kommunar. I 2015, før Samnangerheimen var ferdig, utgjorde avskrivingane om lag 25% av totale driftsutgiftene til eigedomsforvaltning.

Kommunehuset, barnehagane og skulane, Samnangerheimen , idrettsanlegget og biblioteket er definerte som formålbygg i Kostra. Bygga er på til saman 13 341 m2, og det er desse bygga som vert samanlikna med liknande bygg i andre kommunar i kostrastatistikken. I tillegg har kommunen 26 utleigebustader/omsorgsbustader, helsetunet, brannstasjon og eit næringsbygg på Bjørkheim. Hagamulen med to utleigeleilegheiter vart selt i mars 2016.

Nettodriftsutgifter i kroner Eigedomsforvaltning per innbyggar				
		S-2016	KG3	KG1
Samla utg alle formålsbygg/eigedom	Kroner	5 266	6 627	4 660
adm.lokale	Kroner	256	584	324
førskulelokale /barnehage	Kroner	883	686	650
skulelokale	Kroner	2828	2548	2037
institusjonslokale	Kroner	983	1662	1039
Idrettsbygg/idrettsanlegget	Kroner	210	567	294
kulturbygg (bibl. K-hus)	Kroner	27	348	114

Storleiken på bygga våre og ressursbruken kan seie noko om produktiviteten og effektiv ressursbruk. Klubbhuset i Hagabotnane er lite og me får derfor høge utgifter pr m2 sidan utgiftene til heile idrettsanlegget er inkludert. Andre kommunar har ofte ein idrettshall på denne funksjonen.

Kommunen prioriterer gjennom sine tildelingar likevel dette anlegget høgt i forhold til andre kommunar. Me har ei kostnadseffektiv utnytting av barnehagelokala. Ser me på dekningsgraden i tillegg, er det potensiale til ytterleg kostnadsreduksjon. Dette var òg eit av områda som det var særskilt fokus på i Agenda Kaupang-rapporten, og som me analyserte nærare. Våre barnehagar har 22 m2 pr. barn, medan det i kommunegruppe 1 er 13,7 m2 pr barn og 17,7 m2 i gruppe 3. I kommunebarometeret slår det positivt ut med stort leikeareal, medan det slår negativt ut for kostnaden til eigedomsforvaltninga. Det er òg potensiale for meir kostnadseffektiv utnytting av skulelokala. Dette krev at me slår saman barnehagane og skulane, noko kommunestyret gjorde vedtak i desember 2016 om å ikkje gå vidare med.

Korrigerte driftsutgifter pr kvadratmeter formålsbygg - kroner			
	S-2016	**KG3**	**KG1**
Samla alle formålsbygg (13 3411 m2)	1006	978	844
adm.lokale (1612m2)	570	948	605
førskulelokale /barnehage (2264m2)	970	1148	1335
skulelokale (6152m2)	1144	1012	871
institusjonslokale (2779m2)	891	866	697
Idrettsbygg (Hagabotnane 404m2) /idrettsanl	1292	836	805
kulturbygg (bibl. K-hus 130m2)	523	966	513

Utgiftene her inneheld òg avskrivingar med unnatak av sjukeheimen. Avskrivinga på den vil først gje utslag på utgiftene i 2017. Ser me på den nye sjukeheimen er det likevel effektiv utnytting av arealet. Me har 126,3 m2 pr. bebuar, medan dette er 178,2 m2 i kommunegruppe 3 og 143,9 m2 i gruppe 1.

Teknisk drift har laga skøytebane på ungdomsskulen 21.01.16

Drift kommunaltekniske anlegg – Vatn og avløp

Samnanger driftar sjølv begge dei to kommunaltekniske vassverksanlegga i Myra og i Rolvsvåg. Mattilsynet har pålagt kommunen å utarbeida ros-analyse for desse. Den skal vera ferdig til sommaren og vil vera grunnlaget for om teknisk drift har kapasitet til halda fram med å drifta

anlegga sjølv. I tillegg kjem drift av dei kommunale vass- og avløpsleidningane, og 6 slam- og septikkanlegg. 57,6 % av innbyggjarane er knytte til det kommunale vassverket og 44,5% er knytte til kommunalt avløp. Driftsutgiftene til kommunaltekniske anlegg vert dekka gjennom gebyr (100% sjølvkostgrad). I 2016 vart årsavgifta for vatn «fryst» til kr 7.210 som er same nivå som 2015. Samnanger kommune har som prinsipp at det så langt det er mogeleg skal vera full sjølvkost på alle gebyrområde der sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling. Samnanger har investert relativt mykje i offentleg vassanlegg dei siste åra og har høge vassgebyr. Det vert derfor viktig at dei innbyggarane som ligg er innanfor påkoplingskravet vert likehaldsama og at avgifta vert fordelt på flest moglege abonnentar.

Drift av kommunaltekniske anlegg	S-2015	S-2016	Hordaland	Landet
Talet på anlegg for kommunal vassforsyning	2	2		
Talet på innbyggjarar knytt til kommunal vassforsyning	1 433 58,7%	1 450 57,6%**	82,1%	84,3%
Årsgebyr vassleveranse kroner	7 210	7 210	3 901	3 387
Tilknytingsavgift vatn	11 615	11 615		
Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avløpsnett	1 106 45,3%	1 119 44,5 %**	78,9 %*	84,3 %*
Talet avløpsanlegg	6	6		
Lengde spillvassledning (meter)	11 400			
Gebyrinntekter pr innbyggjar, kroner	1 192			
Årsgebyr avløp kroner	2 503	2 628	3 534	3 779
Tilknytingsgebyr avløp	11 176	11 735		

*2014-tal. ** Innbyggartalet steig med 45 personar frå 2016 til 2017.

Ei rekkje kommunar har påbod om vassmålar i nye bustader. I Samnanger er det berre 10% som har vassmålar. Sett i eit miljøperspektiv er dette noko kommunen bør vurdera å innføra.

I kommuneplanarbeidet gjennom året ha me vurdert både eksisterande og framtidig infrastruktur og starta arbeidet med å utarbeida ein ny hovudplan for vatn og avløp. Me har kartlagt eksisterande bustader og høve for desse til å knyta seg til kommunalt vassverk. Totalt er det eit potensiale på 128 nye abonnentar. Me har inngått avtale om tilkopling med over halvparten desse, og ein del av dei har fått kommunalt vatn allereie ved årsslutt i 2015. I 2016 er det tilkopla 17 nye abonnentar. Ny vassleidning til Frøland i 2015 gjorde det mogleg å føra vassleidninga vidare mot Totland og Tysseland. Kommunen overtok BKK sitt anlegg på Totland mot ein kompensasjon på 1,3 millionar og 18 nye abonnentar. Midlane er brukt til å utbetra vassanlegget, slik at desse fekk kommunalt vatn februar 2017. Me har òg lagt ny leidning over Tysselandsbrua slik at 5 nye abonnentar der kan kopla seg på i løpet av våren 2017. Utbygging av VA-anlegget på Bjørkheim gjev ytterlegare fleire nye abonnentar i både eksisterande bustader og nybygg. Neste større investering i ny vassleidning er planlagt i 2018 på Ytre-Tysse.

Parallelt er det òg arbeidd med å kartleggja kva delar av avløpsnettet som må fornyast. Mykje av dette nettet har ein alder opp mot 65 år. Det er særleg på Indre-Tysse det har vore fleire brot på både vass- og avløpsleidningar. Kommunen har søkeutstyr som kan spora opp leidningsbrot. Brot på avløpsleidningar resulterer ofte i miljøforureining med risiko for helse og miljø. Responstida for utbetring er låg. På kalde dagar er det avdekka ein del frosttapping og tapping i brønn. Dette fører til stor slitasje på vassverket i Myra, og det vert arbeidd med tiltak for å forhindra dette.

VA-utbygging på Bjørkheim – november 2016

Vasskvalitet

Reint drikkevatn er eit viktig kriterium for folkehelsa. Dette er ikkje sølvsagt sjølv om vassforsyninga er godt bygt ut. Det kan vera lekkasje med til dels utett og sårbart leidningsnett, eller små vassverk som har mangelfull oppfølging av vasskvaliteten.
Me har i 2016 hatt 100% tilfredstillande leveringsstabilitet og 100% tilfredstillande vasskvalitet. Resultatet på vasskvalitet er målt for tiltrekkelege prøvar for hygienisk kvalitet m.o.t e. coli/koliforme-bakteriar. Tala er innrapporterte til kommunehelsa sin statistikkbank.

Mål
Reint drikkevatn og god vasskvalitet

Tilfredstillande drikkevatn – hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet



Litt under 60% av befolkninga i Samnanger får vatn frå godkjent vassverk. Forsyningsgraden for landet og Hordaland ligg på oppunder 90%. Det er viktig å ha gode vassforsyningssystem å tilby innbyggjarane. Ein høg forsyningsgrad vil derfor sikra fleire reint drikkevatn og det vert fleire å fordela kostnadane og gebyra på. I 2016 har kommunen prioritert å få fleire abonnentar knytte til kommunal vassforsyning. Det er venteleg at andelen vil stiga når både Bjørkheimsområdet og Ytre-Tysse er ferdig utbygt i 2018. I tillegg vil arbeidet med tilkopling av eksisterande bustader rundt om i kommunen halda fram.

Mål
Føregangs-kommune på energi

Klima og energi
Samnanger har ein energiplan som set ein del mål. Energikostnadane i dei kommunale bygga utgjer ofte ei stor utgift og kan vera indikator for kva tiltak som bør verta sett i gang. Det er gjort ei rekkje energisparande tiltak. Dette visast att i t.d. energibruk pr. m2 der me har relativt låge energikostnader.

Energikostnader pr kvadratmeter					
		S-2015	S-2016	KGR3	KGR1
Samla alle formålsbygg (13 3411 m2)	kroner	76	104	117	106
adm.lokale (1612m2)	kroner	75	79	124	77
førskulelokale /barnehage (2264m2)	kroner	87	99	116	135
skulelokale (6152m2)	kroner	102	115	117	110
institusjonslokale (2779m2)	kroner	*	107	121	117
Bruttoutgifter pr lyspunkt veglys kommunal- og fylkeskommunal veg					
Veglys kommunen betaler for - kroner	kroner	1070	1744	690	832

Kommunen ønskjer å vera ein førgangskommune på energibruk og valde å byggja nybygget på barneskulen som passivhus. Det er sett inn varmepumper og gjennomført ei rekkje mindre enøk-tiltak innanfor den budsjettramma som var tildelt. I 2016 vart det utarbeidd ny vedlikehaldsplan for alle eigedommane til kommunen. Planen var utarbeid med bakrunn i ROS-vurderingar og fokus på energisparing. Tiltaka i planen vart prioriterte i budsjett for 2017. I 2017 vil det derfor verta ytterleg satsing på utskifting av gamle omnar, skifte leddlys og varmepumper, samt oppgraderingar av styringsanlegga.
Samanliknar me oss med andre kommunar i kommunegruppe 1 og 3 har me innanfor mange av formålsbygga det lågaste energiforbruket. I den nye sjukeheimen, nybygget på barneskulen og på Vassloppa slår lyset seg av automatisk når lokala står tomme. Det er òg nattsenking av temperatur i ny sjukeheim. Me går også over til el-bilar/hybridbilar etter kvart som me skiftar ut bilparken i 2017.

Når det gjeld veglys har me høge straumutgifter. I 2016 skifta me ut veglysa opp til barneskulen til leddlys. Gamle lys vert skifta etter kvart som dei «dør» ut. Kommunen har 866 lyspunkt som me driftar fordelt på 22 km kommunale vegar, og me betalar for 305 lyspunkt langs fylkesveg. I økonomiplan for 2018-21 vil me leggja fram forslag til utskifting av leddlys. Dette vil verta svært kostbart og bør verta gjennomført over fleire år. Det er tilskotsordning for dette som me kan søkja på.

% andel av tot.netto driftsugifter



FAKTA OM SEKTOREN

Sektorleiar:
Grete Lill Hjartnes

Netto driftsutgifter:
kr 72 502 022,-

Avvik budsjett:
- kr 183 728
(meirforbruk)

Tal årsverk:
67,04

Tal tilsette:
113

Tal brukarar:
Aldersgruppe 0-18 år
Aldersgruppe 67-90+
Innbyggarar 4.488

Einingar:
Sjukeheim
Heimetenesta
Funksjonshemma
NAV
Helse

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

HELSE OG OMSORG

Tenester knytt til helse og omsorg som jordmor, helsestasjon, fysioterapi, lege, psykiatri, heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter, funksjonshemma, sjukeheimen, sosialkontor og flyktningar ligg innanfor dette tenesteområdet. Kjøp av barnevernteneste er òg lagt til sektoren.

Magne Djuvik (NAV), Reidun Abotnes (heimetenesta), Birthe Skar-Moum (tenester for funksjonshemma), Harald Ramm Salbu (helse), Åse Waage Tveit (hovudverneombod), Oddrun L Sandvin (HTV Fagforbundet) og Siv-Merete Lønnebakken Holdhus (HTV NSF)

Sektoren har eit godt samarbeid på tvers av einingane og syt for at innbyggjarane som treng tenester av ein eller fleire einingar vert godt ivaretekne. Sektorleiar har saman med einingsleiarane, tillitsvald og hovudverneombod hatt fleire samlingar med fokus på økonomi og kvalitet på tenestene (bildet).

Sjølv om me i 2016 nærmar oss normal drift, må me ta med at me dei tre første månadane var i mellombels drift, samt at me framleis driftar respirator med 1:1-bemanning i kommunen.

To viktige hendingar i 2016 var innflytting i ny sjukeheim og mottak av nye flykningar. I april flytta ein attende til Samnangerheimen. Ein krevjande prosess med ferdigstilling, innflytting og innkøyring i nytt bygg. Leiarar og tilsette har i lag fått dette til, men ein vil likevel trekkja spesielt fram leiarane som i periodar har arbeidd langt meir enn det ein kan forventa for å få dette til. I løpet av året har ein budd seg inn i

ny sjukeheim og opplever at me har fått ein god og funksjonell sjukeheim. I tillegg har me fått storstova som er ein framifrå samlingsstad for ulike aktivitetar.
I haust har me teke imot 16 flyktningar frå Syria og sett i gang ulike tiltak med intergrering, opplæring og arbeidspraksis.

Kommunebarometeret (tal for 2016)

Då Agenda Kaupang hadde gjennomgang av kommunen med fokus på økonomi, vart det peika på ulike samanlikningar med andre med utgangspunkt i kostra-tal og Kommunebarometeret.

Tala der var frå 2015. Spesielt for omsorg var «alt» litt ekstraordinært med mellombels drift dette året og ikkje samanliknbart. For 2016 er tala endra og meir i tråd med den drifta me i utgangspunktet har.
Dei førebelse tala for 2016 vart lagt ut 30.03.17, og dei stadfestar det me har trudd og det som vert presentert i årsmeldinga. Til dømes har pleie og omsorg gått frå plass nr 175 til plass nr 21 på barometeret som er knytt til kvalitet. Mykje av dette er fordi me no har færre pasientar, meir rett fordeling av plassar på sjukeheimen, einerom med wc til alle, få utskrivingsklare pasientar på sjukehus og meir tilbod om tenester i heimen mm.

På området helse har me gått fram 25 plassar, men har framleis tal me må sjå nærare på. For sosialhjelp har me gått fram 118 plassar.
Kommunebarometeret er komplisert og set saman data ut frå formlar. Det betyr at sjølv om me kjem godt ut, har me område med «dårleg» plassering. Kommunestyret har sagt at dei i kvalitetsdialogen i lag med administrasjonen og einingane vil ha fokus på kvalitet og kva område me skal leggja vekt på framover.
Så lenge me har ressurskrevjande brukarar på Samnangerheimen, vil dette få relativt store økonomiske utslag og høge utgifter pr brukar/klient. Noko som igjen gjev låg rangering på kommunebarometeret.

Økonomi

Mykje har endra seg i frå 2015 til 2016, og me driftar omtrent normalt med unnatak av 3 månadar med mellombels drift samt 1:1-bemanning på pasient på Samnangerheimen.
Sal av institusjonsplassar til Os kommune og mottak av 16 flyktningar frå Syria har gitt inntekt i 2016.

Einingane	2015-R	2016-B	2016-B revidert	2016-R	Avvik Rev. busj
Samnangerheimen	31 346 132 (1)	23 516 383	24 671 791	24 479 030	+192 761
Heimetenesta	13 168 154	14 040 337	13 840 169	13 996 000	-155 831
Funksjonshemma	8 312 645	9 880 165	9 986 757	9 755 005 (2)	+231 172
NAV (m/flyktninger og barnevern)	9 276 615	9 399 129	12 842 926	13 066 664 (3)	-223 738
Helse	9 356 490	10 480 926	10 516 500	10 737 945	-221 445
Helse og omsorg adm.sj		447 464	460 151	468 230	-8 079
Samla		**67 764 403**	**72 318 294**	**72 502 022**	**+183 728**

(1) Mellombels drift heile 2015 samt byrå bemanna respirator
(2) Nytt tiltak frå hausten 2016
(3) Rekning på 3,5 mill frå Bufetat. Og mottak av flyktningar

I 2015 brukte sektoren og spesielt Samnangerheimen mykje ressursar, og eit av fokusområda ved innflytting i ny sjukeheim var å få ned kostnadar. Nokre kostnadar som husleige til mellombelsdrift, leigebilar for felleskøyring til Vaksdal, romslegare bemanning og utfordringar med drift fleire stadar forsvann sjølvsagt ved innflytting. I tillegg opna me 25 plassar i staden for 31, drifta respiratoren sjølv (vårt eige personale) og selde plassar til andre der det var mogeleg. Rekneskapen viser at Samnangerheimen **brukte 6,8 millionar kroner mindre i 2016 enn i 2015**. God økonomistyring og god styring av bemanninga har gjort dette mogeleg.

I forhold til revidert budsjett er det eit underskot på kroner 183 728 for heile sektoren. Revidert budsjett er m.anna korrigert for lønnsoppgjeret.

	Samnanger	KGR 3	KGR 1
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, kommunehelsetenesta (kr)	3 685	4 180	2 779
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, Pleie og omsorg (kr)	20 804	22 093	17 871
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, Sosialtenester 20-66 år (kr)	2 296	2 908	3 160
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, barnevern 0-17 år (kr)	17 081 (1)	10 893	9 035
Korr brutto driftsutgifter pr. plass (kr)	1 270 440 (2)	1 177 903	1 033 903
Korr brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenester (kr)	206 336	219 437	169 660

(1) Stor rekning ca 3,5 mill frå Bufetat som er ført i 2016 (gjeld fleire år attende).
(2) Me har 25 pasientar, men bemanning til 28 (pga respirator) korrigerer me for dette er driftsutgiftene pr plass kr 1 134 321,- Ligg då under KGR 3

Hovudmål og satsing 2016

Hovudmålet vårt i 2016 var først og fremst å syta for god mellombels sjukeheimsdrift fram til april, få ei god innflytting i ny sjukeheim samt å finna ein god måte å drifta det nye bygget på. Me planla å ta imot inntil 20 flyktningar frå Syria og arbeidde for å få vedtak om nytt senter for funksjonshemma.

Ordførar Knut Harald Frøland opnar Samnangerheimen

Sektoren har mykje kompetanse og dyktige tilsette som løyser oppgåvene på ein særs god måte. Mange har lang erfaring og er trygge i oppgåvene dei gjer. At mange har hatt arbeidet sitt lenge, kan ha ulike årsaker, men me vel òg å tru at det syner at tilsette trivs i sektoren. Eit mål er å få årsturnus for dei fleste i sektoren. Ein turnus som gjer at tilsette i stor grad kan påverka når og korleis dei ønskjer å arbeida gjennom året.
Andre tiltak som vert prioriterte er uønskt deltid, auka kompetanse og felles opplæringsdagar. For å auka trivsel og helse er det trim for tilsette på Samnangerheimen om morgonen to dagar i veka. Alle har stillingsomtalar og på Intranettet til kommunen finn tilsette prosedyrar, stillingsomtalar og informasjon. Sektoren har innarbeidd ein god praksis og ser det som viktig å dela informasjon. Sektoren hadde svært god svarprosent i medarbeidarkartlegging (Faktor 10).
Det er eit godt samarbeid mellom administrasjon og tillitsvalte/verneombod og det er lagt vekt på faste og jamlege møte. Einingane har tett oppfølging av sjukemeldte/IA bedrift. Det vert arrangert felles lunsj mm.

Sjukeheimslegane Kristian Jansen og Jacob C Norup underviser

NAV

Samnanger har 48 sosialhjelpsmottakarar i 2016. Det utgjer 2,9 % av innbyggjarane i aldersgruppa 20-66 år. For landet er det 2,1% i denne aldersgruppa. Samnanger kommune har teke imot 16 flyktningar frå Syria i 2016. Dette har gjeve auka inntekter og auka utgifter. Dei auka utgiftene er knytt til sosialbudsjettet grunna at fleire har fått sosialhjelp før dei har teke til på introduksjonsstønad. Det er òg slik at reglane gjev avgrensingar i introduksjonsstønad for dei som er einslege og er under 25 år. Det syner seg at dei då må ha sosialhjelp i tillegg for å greia seg. Dette er ei urimeleg ordning som me vil vurdera på nytt i 2017. Dei fleste av sosialhjelpsmottakarane søkjer arbeid.
Samla har dette ikkje påverka resultatet for 2016 og det syner igjen at det vert arbeidd godt på dette området.

	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Netto driftsutg til sosialtjenester pr innb 20-66 år	2296	2903	3160
Adel driftutg til økonomisk sosialhjelp	46,7%	44,0%	46,0%
Andel til råd, rettleiing sosialt førebyggande arbeid	53,3	52,1	52,1
Andel sosialhjelpsmottakar 20-66 år av innb same alder	2,9%	4,1*	

*Landet
SSB sine tal syner og at Nav er gode å leggja til rette når nokon søkjer bustad.

Samnangerheimen


Inngangen til Samnangerheimen og delar av storstova

Tal knytt til kvalitet har gått mykje opp i 2016. Ny sjukeheim med enkeltrom m/bad til alle, færre bebuarar, noko som gjev auka tilgang på lege og fysioterapi mm, er dei viktigaste faktorane. I tillegg er meir fokus på rehabilitering og anna tilnærming til pasientar med demens med på å påverka kvaliteten.

Pleie og omsorg - kvalitet	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Legetimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,51 (1)	0,48	0,35
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,45 (2)	0,37	0,29
Del plassar i einerom	100	94,4	97,8
Plassar i institusjon i % av mottakarar av tenester plo	16,9 (3)	17,5	…

(1) Sjukeheimslege i 30% stilling
(2) Med ny sjukeheim har me fasilitetar til å ha fokus på trening.
(3) Bra å ha fokus på å gje stor del av hjelpa i heimetenesta. Dette er eit av våre og staten sine mål.


Julebord for pasientar og pårørande

Det har òg vore fokus på mat til dei eldre den siste tida. Mat er ein viktig del av kvardagen og livskvaliteten. Samnangerheimen har eige kjøkken og serverer 6 måltid; frukost, lunsj (12) middag (15.30), kaffi, kvelds og sein suppe. I desember hadde Samnangerheimen Thailandsfest der innbyggjarar i kommunen opphavleg frå Thailand laga mat og serverte i storstova på Samnangerheimen. Julebord der pårørande er inviterte, er ein årleg tradisjon.

Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Plassar i % av innb 80 år og over	16,3	20,2	…
Del av innb. over 67 år på institusjon	4,0	5,9	6,1
Del av innb. over 80 på institusjon	12,6	14,9	16,5
Del av plassar til korttid	28 (1)	18,7	23,5
Del plassar i skjerma plassar demens	40 (2)	27,6	29,1
Del plassar avsett til rehabilitering	20 (3)	8,7	11,5

(1) 41 korttidsopphald. Me opplever stor auke i korttidsopphald. Fleire treng opphald når dei er ferdig på sjukehus og før dei kan reisa heim til eigen heim.
(2) Ny sjukeheim er bygd slik at alle grupper kan nyttast til pasientar med demens. Kvar me lagar grenser/skjermar, vil vera avhengig av behovet me til ei kvar tid har.
(3) Mange av korttidsopphalda er knytt til rehabilitering

Heimetenesta og Dagsenter

Heimetenesta flytta frå Vassloppa i 2016 til nye kontor på Samnangerheimen. Dagsenteret fekk ny storstove til sine aktivitetar. Dagsenteret er ope tre dagar i veka. Det vert servert middag og lettare måltid, samt lagt til rette for ei rekkje aktivitetar. Aktivitetar knytt til folkehelse kjem i tillegg.

Deltakarar på dagtilbod i dagsenteret

	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Andel av brukarane som har omfattande bistandsbehov	27,8 (1)	24,9	23,2
Gj.snitt tal tildelte timar pr. veke, praktisk bistand	10,1 (2)	8,7	11
Gj.snitt tal tildelte timar pr. veke, heimesjukepleie	4,5 (3)	5,2	4

(1) Stadfestar at me er nær sjukehus og driv i periodar svært avansert sjukepleie i Samnanger
(2) og (3) Dette er tal som er vanskeleg å samanlikna fordi innrapporteringane frå dei ulike kommunane er svært ulike. Hjå oss har me kommunestyrevedtak på å redusera praktisk bistand. Arbeidet er i gang, men effekten vil ein sjå for 2017-tala. Me satsar på heimesjukepleie.

Tenester til funksjonshemma

Tenestene for funksjonshemma er framleis lokalisert til Skottabakken med brakker som ei mellombels løysing til fellesareal. Dette har gjeve store utfordringar og drifta er ikkje optimal. Gjennom 2016 var det fleire utgreiingar om plasseringa av eit nytt senter. I januar 2017 vart det endeleg vedtak om å leggja det i tilknyting til eksisterande bustadstader på Skottabakken. Det vart sett ned ein byggjekomité, og målet er at byggjinga av eit nytt senter skal starta i 2017. I eininga har det vore jobba målbevisst med å få fleire brukarar inn på statleg finansierte VTA-plassar, samt å få gjennomført reduksjon i eigenbetaling for kommunen på fullfinansierte plassar.

Bebuarar markerar kor dei vil bu. Foto: Brigt Olav Gåsdal

Helse

På helsetunet er det tilsett i kommunale stillingar 7,1 årsverk fordelt på 14 personar.
Me har felles legevakt med Os. Me betalar ein større del av kostnaden enn innbyggjartalet vårt skulle tilseia, samanlikna med Os. Eiga legevakt ville nok ha kosta noko meir, og sannsynlegvis ville det ha vore vanskeleg å få rekruttert legar til å gå inn i ei slik ordning. Dagens og komande krav til legevaktbemanning og -kompetanse gjer det ikkje mogleg å ha eigen legevakt for dei minste kommunane i framtida.

	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Legedekning (del legeårsverk pr. 10 000 innb)	10,9 (1)	14,5	10,7
Helsesøster (del årsverk pr. 10 000 innb under 5 år)	63,3 (2)	76,7	58,5
Jordmor del årsverk pr. 10 000 fødslar	76,9 (3)	173,9	79,1
Gj.snittleg listelengde fastlege korrigert for kommunale timer	1137	1132	1121
Del nyfødde med heimebesøk innan 2 veke etter heimkomst	90	95	94
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1. klasse	104	100	95

(1) Gått litt ned sidan 2015 (snitt i Norge er 10,6) Tal innbyggjarar aukar.
(2) Her kjem me lågt på SSB sine tal, men opplever ikkje dette som særleg utfordrande.
(3) Sjølv om me her ligg godt lågare enn KG3 kjem me høgt på kommunebarometeret og opplever at det er forsvarleg dekning hjå oss.

Innan førebyggjande arbeid kan me ha meir fokus, og i 2017 vil dette verta prioritert. Samnanger er ein av få kommunar som driftar førstehjelpsbil i det omfanget me gjer. I 2016 var utgiftene kr 748 010 (kr 672 000 i 2015). Dette utgjer om lag kr 300,- pr. innbyggjar.

Barnevern

Som følgje av kravet frå Bufetat på kr 3,5 mill. har det lite for seg å samanlikna ressursbruken vår med andre kommunar. (For nærare omtale sjå barnevern under einingsdelen av meldinga). Me vel likevel å presentera ein del statistikk som ikkje er påverka av denne situasjonen og som kan seia noko om ressursbruk og aktivitet samanlikna med andre.

	Samnanger		Bergen	Landet
	2015	2016	2016	2016
Andel netto driftsutgift saksbehandling (funksjon 244),	15,6	17,3	31	32,1
Andel netto driftsutgift barn som ikkje er plassert	6,5	2,9	12,5	11,4
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert	77,9	79,8	56,5	56,6
Barn med melding iht. tal innbyggere 0-17 år	1,5	1,5	3,8	4,6
Barn med undersøking iht. tal innbyggere 0-17 år	2,1	1,3	4,1	4,8
Andel barn med barnevernstiltak iht. innbyggere 0-17 år	5,9	3,8	4,5	4,9
Andel barn med tiltak som ikkje er plassert ift. tal innb.0-17	3,2	1,7	2,8	3,2
Andel barn med tiltak som er plassert ift. tal innb. 0-17 år	2,7	2,1	1,7	1,7
Andel meldingar som går til undersøking	87,5	87,5	87,7	82,2
Andel undersøkingar som førte til tiltak	55,6		41	41,9
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	30	10,4	11	15,6
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	30	10,4	16,7	20
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	1,9	3,8	5,6	4,6
Stillingar med fagutdanning av alle fag- og tiltaksstillingar	100	100	96	98

I tabellen har me teke med informasjon om Bergen. Barnevernet i Samnanger vil no verta styrt etter dei same måla som i Bergen, men for 2016 er det i stor grad «eldre» vedtak som avspeglar seg i ressursbruken. Me har vald å visa statistikk for Samnanger både for 2015 og 2016. Ein del av endringane i m.a. tal stillingar skuldast føringar og ikkje reelle endringar.
Det er lite tal for KG3 og me vel her å samanlikna oss med landet.
Sjølv om me ser bort frå ekstrakravet frå Bufetat, bruker Samnanger mykje pengar på barnevern. Dette skuldast at me har relativt mange barn under omsorg.

Utviklingstrekk, utfordringar og nye mål i 2017 innanfor sektoren

Utviklingsteikna i sektoren er at fleire får meir avansert behandling heime i eigen kommune. Samhandlingsreforma har ført til at pasientar vert tidleg meldt ferdigbehandla frå sjukehus og kommunen overtek behandlinga. Dette merkar både legekontor, heimesjukepleia og Samnangerheimen særs godt. Krav til nok og rett bemanning har vorte tydelegare og vil kunna gje oss utfordringar framover.

Ein større del av pasientane får hjelp i eigen heim. Dette er bra og i tråd med nasjonale retningsliner. Det er fleire pasientar på korttidsopphald på Samnangerheimen, noko som krev meir av dei tilsette og gjev tap i inntekter. Tap av inntekter har me i 2016 kompensert ved sal av plassar til Os kommune. Sal av plassar til Os vil halda fram ut 2017, og me vil halda fram med å ta imot pasientar som vert meldt utskrivingsklare frå sjukehus så langt det er mogleg.

Det var ei stor utfordring og mykje logistikk med å flytta inn i ny sjukeheim. Nokre «barnesjukdommar» har det vore, men me reknar med at det meste vil vera i orden ved 1- års befaring. Det er ei spennande, men samstundes utforande oppgåve å ta imot flyktningar. Me har ein liten organisasjon som skal riggast raskt og leggja til rette for løysing på dei mest daglegdagse gjeremål. Vidare intergrering av flyktningane vert derfor viktig, og her må me byggja vidare på det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar. Dei gjorde ein framifrå jobb med å flytta inn i ny sjukeheim. Høgt sjukefråvær er alltid ei utfordring, og sektoren ønskjer å få starta eit sjukefråværsprosjekt i 2017. Ei anna utfordring er fagkompetanse i bemanningsplanar som ikkje er i samsvar med oppgåvene som skal løysast. Me ønskjer m.a å få tilsett psykolog, setja i gang med prosjektet «Heimebesøk til eldre» og halda fram med god sakshandsaming /skriving av enkeltvedtak. Brukarane av senter for funksjonshemma har venta lenge på eit nytt senter, så oppstart av byggjeprosessen er ei av dei viktigaste hovudoppgåvene i 2017.

Hagelaget på dugnad i sansehagen

% andel av tot.netto driftsutgifter



FAKTA OM SEKTOREN

Sektorleiar:
Håvard Ragnhildstveit

Netto driftsutgifter:
Kr 52 916 469

Avvik revidert budsjett:
Kr +1 021 634
(mindreforbruk)

Tal tilsette:
115

Tal årsverk:
79,69

Tal brukarar:
285 elevar
103 barnehageborn
2 488 innbyggarar

Einingar:
Barnehagane
Samnanger barneskule
Samnanger ungdomsskule
Kultureininga

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

OPPVEKST OG KULTUR

Sektoren sitt ansvarsområde er kultur, barnehage, barneskule, ungdomsskule, fellesadministrasjon og vaksenopplæring.

Bildet på neste side illustrerer det som har vore sektorleiar sitt mål for arbeidet i 2016. Å skapa eit lag som arbeider mot felles mål til beste for barn og unge i kommunen. Tverrfagleg samarbeid og samanheng, og progresjon i læringsløpet har vore sentralt. *«Å gjera kvarandre gode, og villa kvarandre vel»* har vore eit av hovudmåla i sektoren.

2016 har vore eit innhaldsrikt år. Me hatt fullt fokus på å innfri intensjonen ved omorganiseringa til sektor oppvekst og kultur. Våren 2016 vart prega av gode prosessar og brei involvering kring utarbeiding av ny strategiplan. Det faglege fokuset engasjererte og motiverte dyktige fagfolk.
Strategiplan for oppvekst og kultur 2016 – 2019 vart vedteken i juni med klart definerte mål. Planen er i tråd med nasjonale føringar og skal bidra til å utvikla tenestetilbodet i sektoren. Strategiplanen er ein felles referanse på det pedagogiske utviklingsarbeidet. Sektoren har arrangert ulike fagdagar for både elevar, tilsette og innbyggjarar og har hatt ulike møtefora for å bidra til felles forståing og auka måloppnåing.

2016 har også vore prega av Agenda Kaupang- rapporten. Det vart etablert ei økonomisk styringsgruppe og administrative arbeidsgrupper i sektorane. Arbeidsgruppa i vår sektor har hatt fem møte i 2016. Bestillinga me har jobba ut frå er styringsgruppa og kommunestyret sine signal om vesentleg reduksjon i budsjettet for sektoren. Det har vore uvant for sektoren å i så stor grad ta stilling til så store endringar og kutt, og i tillegg ta stilling til både barnehage- og skulestruktur. Dette har utfordra oss på å handtera endringsprosessar, og det er ikkje til å leggja skjul på at 2016 har vore krevjande i så måte.

På den andre sida har det vore nyttig å realitetsorientera oss mot drifta i andre kommunar. Sektorleiar ønskjer å rosa tilsette for å ha takla særs krevjande prosessar på ein god måte. På mange måtar gjev slike prosessar oss nyttig erfaring og mykje læring. Samtidig vil kutt i rammer uansett, på ein eller annan måte, påverka eksisterande drift.

Økonomi

Barnehage- og skuleår følgjer ikkje budsjettår. Dei tilsetjingane som vert gjort i august, bind ofte einingane opp 7/12- delar inn i nytt budsjettår. I vårt arbeid har me derfor vore opptekne av bemanninga me la til grunn i august 2016. Dette førte til at sektor for oppvekst og

kultur hadde ei vesentleg innsparing allereie i 2016. Dersom me ikkje hadde hatt dette fokuset, ville drifta vore den same 7/12- delar i 2017, men med same krav om kutt som skulle handterast 5/12-delar hausten 2017.

Oppvekst og kultur	2015-R	2016 -B	2016- B Revidert	2016-R	Avvik Rev budsj	Avvik %
Fellesutgifter	6 037 453	7 196 091	7 138 651	6 910 357	+228 294	3,20%
Barnehage	14 367 044	14 252 214	14 132 773	13 951 630	+181 143	1,28%
Barneskule	19 147 498	19 349 241	19 124 395	18 814 674	+309 721	1,62%
Ungdomsskule	9 191 053	10 101 639	10 008 206	9 816 649	+191 557	1,91%
Kultur	3 311 501	3 487 193	3 534 080	3 423 160	+110 920	3,14%
Samla	52 054 549	54 386 378	53 938 105	52 916 469	1 021 634	2,73%

Mindreforbruket er på 1.469.909 i forhold til opphavleg budsjett, og 1.021.636 i forhold til revidert budsjett. I revidert budsjett er lønnsauken korrigert.

Dei faglege resultata i sektoren er gode. Det er få konkrete måleindikatorar i barnehagen, men både tilsyn og brukarundersøkingar viser at kvaliteten er god. I skulen er trenden at me ligg på/under snittet på 5. trinn, men over snittet på 8. trinn og 10. trinn. Etablering av lærande nettverk vil vera eit av tiltaka for å styrkja dei gode resultata.

Barnehage

Barnehagane har ansvar for å gje eit pedagogisk tilbod til 130 barn i førskulealder. Samnanger kommune har to kommunale barnehagar med 103 barn og gjev driftstilskot til

ein privat barnehage med 27 barn. Dei kommunale barnehagane har godt utdanna personale. Det er godkjende pedagogar i alle pedagogiske stillingar. I tillegg har dei fleste av assistentane fagutdanning.

I forskrift til Barnehagelova vert norm for pedagogisk bemanning definert. Det skal vera ein pedagogisk leiar pr. 18 barn når barna er over 3 år, og ein pedagogisk leiar pr. 9 barn når barna er under 3 år. Pedagognorma er ikkje ei norm for gruppestorleik, men skal vera oppfylt for barnehagen sett under eitt. Gardsbarnehagen har godkjenning for 32 korrigerte 3-5 årsplassar og har ikkje areal til ytterleg utviding. Dei kommunale barnehagane har areal til ytterlegare utviding ved behov, og i Vassloppa kan ein avdeling verta teken i bruk ved behov.

Årsmelding, BASIL pr 15.12.16	**Dråpslottet bhg**	**Vassloppa bhg**	**Aadland gardsbhg**	**Totalt**
Tal barn <3 år	20	20	6	46
Tal barn >3 år	28	35	21	84
Barn totalt	48	55	27	130
Minstearealkrav leikeareal m²	218	246	116	
Godkjent leikeareal m²	406 m²	753 m²	174 m²	1379 m²

I dag nytter 86% av alle 1-5 åringane i Samnanger seg av eit barnehagetilbod i kommunen. Dekningsgraden for 3-5 åringar er på landssnittet (ca 96%). Samnanger skil seg ut ved at vesentleg færre småbarn nyttar barnehagen (71%), medan landssnittet 1-2 åring i barnehage er 82%. I 2016 vart det vedteke sentralt at barn som er fødde innan 31. oktober også har rett på plass i barnehage ved oppstart av nytt barnehageår. Dette har ført til noko ekstra søknad, men ikkje i stor grad. I Samnanger har me eitt hovudopptak med søknadsfrist 15. mars, og det har vore fortløpande opptak dersom det har vore ledige plassar i løpet av året.

Økonomi og tal barn pr. vaksen

Barnehageeininga har hatt god økonomistyring gjennom året. Kommunestyrevedtaket 18.12.15 utfordra oss på å redusera utgifter i barnehagen i 2016.
Me har derfor brukt 2016 til å gå gjennom bemanninga i barnehagane ut frå pedagognorm og bemanningsnorm. I 2015 var det 5,1 barn pr. vaksen i barnehagane våre, medan det i 2016 er 5,9 barn pr. vaksen. Nasjonalt snitt er 6,0 barn pr. vaksen. Desse endringane merkast allereie ute i barnehagane.

Korrigerte brutto driftsutgifter pr barn i kommunal barnehage				
	S-2015	S-2016	KG3	KG1
kroner	207 617	187 884	191 822	182 050

Styrka tilbod

I Samnanger er det få barn som får styrka tiltak samanlikna med andre kommunar. Me brukar likevel vesentleg meir ressursar på styrka tiltak sjølv om me har færre vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Me vil sjå nærare på om denne måten å gje tilbod på er den mest optimale. Målet må vera at det ordnære tilbodet i barnehagen er så godt at behovet for spesialpedagogisk hjelp vert lite. Deretter må ressursar knytt til styrka tiltak bidra til å hjelpa kvart enkelt barn, men også til barnehagen totalt.

Mange barn har utfordringar knytt til språk, og me meiner at med annan organisering av t.d. ekstraressursane vil fleire få utbytte av dei. Me vurderer å dreia nokre av ressursane til fokus på

På tur i Kvilebakkane

systemarbeid, i tillegg til arbeid på individnivå for å innfri dette. Dette handlar ikkje om å spara pengar, men å vurdera andre måtar å ivareta spesialpedagogisk hjelp på. Strategiplanen presiserer også kor viktig det er å ha fokus på tidleg innsats. Derfor må me kvalitetssikra at me brukar ressursane på rett måte, til det beste for barna.

Tilsyn

Det har ikkje vore tilsyn i barnehagane i 2016. Dette vil truleg bli gjennomført i 2017. Tilsynet skjer gjennom samarbeid med Midthordland kompetanseregion.

Fellesutgifter barnehagane

Sektoren forvaltar òg kommunalt driftstilskot til private barnehagar, tilskot til andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger i private barnehagar, barnehageadministrasjon, PPT , kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar og styrka tiltak i barnehagesektoren. Det vart utbetalt 2.952 millionar i tilskot til Aadland gards- og friluftsbarnehage i 2016. Tilskotet er basert på likeverdig handsaming av private og kommunale barnehagar.

Hovudutfordring i barnehagane

Barnehagane i kommunen leverer god kvalitet og har eit bevisst forhold til innhaldet i Rammeplanen. Det vert viktig å ha eit godt fagleg fokus samtidig som barnehagane vert utfordra på å justera drifta i forhold til barnetal og arealbehov. Barnehagen er i 2016 vorte utfordra på ein del endringsprosessar med bakgrunn i reduserte rammer. Dette kan gje ulike utslag. Strammare økonomiske rammer kan m.a. føra til at ein ikkje kan ha same fleksibilitet som tidlegare. Det vil også vera behov for ein gjennomgang av korleis ein organiserer styrka tiltak. PPT vil vera ein viktig samarbeidspartnar her, der jakta på systemretta arbeid i ei inkluderande opplæring vil vera sentralt. Å sikra god kvalitet i barnehage er viktig for at barna skal få ein god start i liva sine.

Grunnskule

Det er 285 elevar i grunnskulen i Samnanger som me har ansvar for å gje opplæring til i tråd med opplæringslov og læreplanverk. Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opna dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Visjon
Ein god stad å vera, ein god stad å læra

Me har godt kvalifisert og stabilt personell på dei fleste områda, men ser at me kan vera sårbare. Skuleeigar oppfordrar tilsette til å søkja om vidareutdanning. Me har som mål å la to lærarar kvart år starta opp på vidareutdanning i regi av Utdanningsdirektoratet. Dette er i tråd med nasjonal strategi for kompetanseheving, og lokal kompetansehevingsplan. Våren 2016 avslutta to lærarar vidareutdanning, medan tre lærarar starta opp vidareutdanning hausten 2017. Målet er å ha to lærlingar i sektoren. Når lærlingen har hatt eitt års lære i barnehagen, får vedkomande tilbod om eitt års lære i grunnskulen. Slik har det også vore i 2016.

Ressursbruk

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor, per elev				
	S-2015	**S-2016**	**KG3**	**KG1**
Kroner	138 153	140 453	144 004	130 686
Lønnsutgifter til grunnskole, skolelokale og skuleskyss, per elev				
Kroner		110 772	111 567	102 265

Elevkostnaden i Samnanger avviker ikkje i stor grad frå dei andre kommunane me samanliknar oss med. Det kan vera verdt å merka seg at Samnanger har ein skulestruktur som gjer at ressursane kan brukast meir effektivt enn kommunar som av ulike grunnar har ein desentralisert skulestruktur. Agenda Kaupang- rapporten peika på at SFO var dyr i drift. Revidering av SFO- vedtektene kan føra til at me nærmar oss nivået til dei andre kommunane me samanliknar oss med.

Kvalitet

Snitt nasjonale prøvar skuleåra 2014- 2016:

Utval 5. trinn:	**Engelsk**	**Lesing**	**Rekning**
Samnanger	47,6	49,6	49,3
Hordaland	49	49,3	50
Nasjonalt	50	50	50
Utval 8. trinn:	Engelsk	Lesing	Rekning
Samnanger	52,6	53	51
Hordaland	49,6	49,3	49,6
Nasjonalt	50	50	50
Utval 10. trinn: Snitt grunnskulepoeng skuleåra 2013- 2016			Resultat
Samnanger			42,7
Hordaland			41,3
Nasjonalt			40,8

Elevane våre gjer det gjennomgåande bra. Grunnskulepoeng er det samla læringsutbytet elevane har frå grunnskulen. Dette vert målt i alle talkarakterar i standpunkt og eksamen, dividert på 10. For dei

Samnanger ungdomsskule på tur

minste kommunane kan det vera store variasjonar frå år til år. Resultata over viser derfor snittet dei tre siste åra.

Spesialundervisning

Me har som mål i strategiplanen å gjera den ordinære opplæringa så god at behovet for spesialundervisning vert så lite som mogleg. Forsking viser at tradisjonell spesialundervisning ikkje nødvendigvis har ført til auka læringsutbyte for dei elevane det gjeld. Me har hatt fokus på at alle elevane skal få innfridd sine rettar, dette inkluderer også tilpassa opplæring, og at spesialundervisninga skal ha høg kvalitet. Fokus på ei inkluderande opplæring, med tilpassa opplæring som berande prinsipp, kan ha ført til reduksjon av spesialundervisning. Ungdomsskulen har hatt ekstra fokus på dette i 2016. I løpet av 2016 har fullmakt om å fatta vedtak om spesialundervisning vorte lagt ut igjen til einingane. Dette kan også ha ført til ei auka bevisstheit om samanhengane mellom vedtak, budsjett og organisering til beste for alle elevane. 7,8 % av elevar i Samnanger får spesialundervisning. Landsnivået ligg på 7,85%, medan kostra gruppe 3 på 9,7% og gruppe 1 ligg på 10,1%. På same måte som i barnehage ser me at færre barn likevel løyser ut like mykje ressursar.

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring gjev grunnopplæring for 4 vaksne og norskopplæring etter Introduksjonslova til 13 vaksne personar med rett og/eller plikt til dette. 6 innvandrarar deltek òg på norskopplæring. I vaksenopplæringa er det 20% leiarstilling og 31% vernepleiestilling til utførande arbeid. Logoped vert kjøpt etter behov. Norskopplæring for innvandrarar vart i 2016 kjøpt frå Bergen kommune, ved Nygård skole. Me har vurdert tilbod frå andre kommunar, evt å etablera tilbod lokalt i kommunen.

Dei siste 4 åra har me hatt eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune/Osterøy vidaregåande skule om tilpassa opplæring på vidaregåande skulenivå i den gamle barnehagen i Nordbygda. Dette vart avvikla våren 2016 og kommunen har no ansvar for å gje dagtilbod.

Hovudutfordringar i Samnanger-skulen

2016 har vore eit spesielt år. På den eine sida har me hatt fullt fagleg fokus gjennom arbeid med strategiplan. På den andre sida har me brukt mykje tid på budsjettarbeid. Forventningar om store kutt, og utgreiing av skulestruktur, har vore krevjande å jobba med. Samtidig ser me at arbeidet har ført til innsparingar og at me nærmar oss nivået til andre kommunar me kan samanlikna oss med. Utfordringa er at alle kutt fører til endringar ute i einingane, noko som kan få ulike konsekvensar. Det vert viktig å halda eit fagleg fokus for å sikra god kvalitet, og å undersøkja handlingsrommet i budsjetta som kan underbyggja dette. Dette betyr for eksempel å ha fokus på å sikra tidleg innsats og tilpassa opplæring.

Kultur

Samnanger kommune bruker vesentleg mindre til kultursektoren enn gjennomsnittet av kommunane i landet. Fordelt pr. innbyggjar brukte Samnanger kr. 1.687 til kultur, landsgjennomsnittet var på kr. 2.023, KG 3 kr 2.814 og KG1 kr 1.517. I 2016 har me gjort store investeringar i både biblioteklokale/kulturhus og idrettsanlegg. Mesteparten av desse investeringane vil visa igjen i tala neste år.

Netto driftsutgifter i kultursektoren i % av kommunen sine totale driftsutg.			
S-2015	S-2016	KG3	KG1
2,6 %	2,5 %	4,3 %	2,6 %

Det finst mykje statlege, fylkeskommunale og private midlar til kultursektoren som kommunen kan få del i. Ei målsetting for eininga har vore å få meir tilskot, både i form av tilskot til kommunen, men også til lag og organisasjonar i kommunen. Kommunen skal hjelpa laga med å søkja om midlar.

Prioritering mellom kulturaktivitetar

Det er i 2016 starta store arbeid på idrettsanlegg og bibliotek. Dette vil innbyggjarane få stor nytte av. I tillegg vil me byggja vidare på erfaringane me hadde ved gjennomføringa av kulturveka 2016 og satsa på å ha ei årleg kulturveke før sommarferien. Samnanger prioriterer kulturskulen og sekkeposten «andre kulturaktivitetar» høgast. Når det gjeld bibliotek, ligg kommunen i stor grad likt med andre kommunar. Nesten alle satsingsområda er retta mot barn og unge. I kategorien barn og unge vert det ført tilskot frå kommunen til organisasjonar og lag som jobbar med barn og unge, men som ikkje kan kategoriserast i ei av dei andre gruppene.

Det er også ei målsetting for kommunen å auka tal aktivitetar. Totalt sett har kulturkontoret no godt med ressursar og kan auka aktivitetsnivået innan ei rekke område. Aktivitetar innan folkehelse er omtala under sektor for samfunn og utvikling.

Tryllekurs

Kulturskulen

Samnanger prioriterer kulturskulen høgt. Særleg viktig er den for arbeidet i skulemusikken der kommunen gjennom kulturskulen m.a. gjev tilskot til dirigent. Me hadde ein markant auke i kostnad pr. brukar frå 2014 til 2015, noko som dels har samanheng med ressursbruken knytt til skulekorpset.

Nøkkeltal kulturskule	S-2015	S-2016	KG1	KG3
Netto driftsutg. pr. innb 6 – 15 år	3 601	3 779	2 579	4 365
Korrigerte brutto driftsutg. pr. brukar	18 863	19 650	17 402	18 308
Andel elevar av tal barn 6 – 15 år -	22,9%	23,2%	15,3%	24,7%

Bibliotek

Me ligg på same nivå som landsgjennomsnittet i netto driftsutgifter pr. innbyggjar og bemanning, og me har ein større tilvekst i media. Til trass for det har me dårlege resultat målt i tal besøk og utlån. Me har ei klar oppfatning av at hovudårsaka til det skuldast lokalisering av biblioteket, i tillegg til at lokala er tronge og har dårleg - ikkje universell - tilkomst . Nytt bibliotek på Bjørkheim står klart til å verta opna løpet av våren 2017. Det nye biblioteket er rekna som eit modellbibliotek. Me har fått tilskot på kr. 100.000 og arkitekt til å hjelpa oss å innreia biblioteket. I tillegg har me fått tilskot til å verta meirope.

Friluftsområde

Samnanger er med i Bergen og Omland friluftsråd. Dei har ansvar for vedlikehald m.m. for friluftsområda i Rolvsvåg, Flesjane og Gjerde. Dei siste åra har det vore arbeidd for å få på plass eit friluftsområde/ badeplass i Ospevika. I samband med Tyssetunellen vert det opparbeidd ny tilkomst til Ospevika, og tanken er at BOF også tek ansvar her. Kommunen har inngått avtale med fleire lag om vedlikehald for turvegar. I samband med arealplanarbeidet er det særleg fokus på parkering ved ei rekke turvegar og tilkomst på vegar som er stengde med bom. I samband med gjennomføringa av reguleringsplanen for Bjørkheim vart det i 2016 gjort eit makebyte der kommunen tek over badevika på Bjørkheim mai 2017.

Ospevika

Hovudutfordring

Ei auke i kultursatsinga bør først og fremst skje ved å spissa tilbodet meir mot aldersbestemte grupper og prioritera tilbod som det er stort ønskje om. Me har kanskje for få aktivitetar for ungdom over 16 år. Me har ikkje vidaregåande skule i kommunen, og ungdomane våre er spreidde på fleire stader. Dette gjer det ekstra utfordrande å ha dialog med dei for å få fram kva denne gruppa etterspør. Ungdomsrådet er til god hjelp i denne dialogen.

Me må leggja vekt på å få fram aktivitetar som har eit folkehelseperspektiv. Med avgrensa midlar til disposisjon er det viktig at kommunen har eit tett og nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Kommunen har no god bemanning på kulturområdet med 160% stilling i kulturadministrasjonen og 40% til folkehelsearbeid. Me må halda fram med å ha fokus på å få til aktuelle aktivitetar, og me kan få inn endå meir tilskot.

Det er tenkt at dei nye biblioteklokala også skal vera sentral base for kulturen generelt, og me har stor tru på at me då kan få til mange nye og spennande aktivitetar for folk i alle aldersgrupper. Storstova på den nye sjukeheimen innbyr òg til aktivitetar og arrangement som kulturkontoret kan vera pådrivar for.

FAKTA OM INVESTERING

Investeringsprosjekt:
15 små og større prosjekt

Brukt i 2016:
Kr 37,9 millionar

Budsjett 2016:
Kr 66 millionar

INVESTERINGSREKNESKAPEN 2016

For 2016 vart det budsjettert med 15 små og større investeringsprosjekt. 12 prosjekt var med i opphavleg budsjett . Det er brukt 37,9 mill. kroner mot budsjettert 66 mill. kroner.

Investeringsprosjekt, rekneskap og budsjett

Prosjekt som går over fleire år vil ha ei vedtatt kostnadsramme. Når eit år vert avslutta, skal resterande kostnadsramme overførast til neste års budsjett. Budsjettet for år 2 vert vedtatt fleire månadar før rekneskapen for år 1 er avslutta, og det er viktig at det i løpet av første halvår i nytt budsjettår vert tatt ein gjennomgang av budsjett for å sjå at den totale ramma for prosjektet er rett.
Avviket mellom budsjett og rekneskap er i 2016 på kr 28 mill. Dvs at det er brukt mindre enn budsjettert. Dette skuldast prosjekt som ikkje er kome i gang eller som ikkje er kome så langt som forventa.

På neste side viser oversikt over prosjekta, kostnadsramme og rekneskap.

Fint å følgja med frå storstova på byggeaktiviteten utanfor Samnangerheimen

	Kostnadsramme			Rekneskap			Avvik	
	Opphavleg	Justert	rev. budsjett 2016	Sum 2011-2014	2015	2016	Mot kostnads-ramme	Mot budsjett 2016
Samnangerheimen	67 000	124 500	17 363	15 343	91 905	17 288	-36	75
Samnangerheimen, tomt	930	930	0	930			0	0
Samnangerheimen 95-bygget	875	875	702	0	0	709	166	-7
Bufelleskap	8 713	31 169	12 338	751	18	64	30 337	12 274
Hagamulen, selt 2016	0	3	3	0		3	0	0
VVA-anlegg Bjørkheim	391	21 972	17 888	899	2 381	12 728	5 964	5 160
Industriområde Rolvsvåg	3 125	3 125	3 125	2 765	184	30	0	3 095
Ytre Tysse	3 000	521	521	0	0	287	234	234
Krøllgrasbane	5 250	10 038	10 038	0	0	4 491	5 547	5 547
Ny mur veg til ung.skulen	0	375	375	0	0	343	32	32
Avløp, septiktank	1 000	1 000	1 000	0	0	0	1 000	1 000
Vassleidning Ytre Tysse	700	700	700	0	0	0	700	700
S.heimen, inventar og utstyr	875	646	646	0	0	660	-14	-14
Brøyteutstyr	375	375	375	0	0	371	4	4
Brannmur og server	486	486	486	0	0	462	25	25
Elevmaskiner	0	163	163	0	0	163	0	0
Oppgradering økonomi og løn	349	349	349	0	0	342	7	7
	93 069	**197 227**	**66 072**	**20 688**	**94 487**	**37 940**	**43 965**	**28 131**

*Opphavleg ramme var eks. moms. (Tall i 1000, meirforbruk i -).
I tillegg vart det gjeve tilskot til fellesrådet med kr 255 000

Samnangerheimen

KS vedtak 63-64/2010, KS 30/12, KS KS 63/13, KS 69-70/14, KS 69/14, KS 24/15 og KS 65/15

Sjukeheimen vart tatt i bruk 31.03.2016. Totalramma vart i 2016 utvida med 2,5 mill. kroner til totalt 124,5 mill. kroner inkl. moms. I tillegg kjem renovering av 95-bygget, kjøp av tomt kr 930 000 og utgift til inventar og utstyr. Den økonomiske ramma vart overskride med 0,84mill. kroner som skuldast at tilskotet frå Husbanken vart lågare enn opphavleg budsjettert. Ramma i 2016 vart auka for å ta høgde for det reduserte tilskotet, men den auka ramma vart brukt til auka utgifter.

Det er også i 2017 kome ein faktura som gjeld sjukeheimen. Arbeidet som er utført er reklamasjonsarbeid som er gjort av eit anna firma enn det kommunen hadde kontrakt med. Fakturaen er på kr 98 000 eks moms og aukar overskridinga til kr 966 000.
Utbygging av sjukeheimen har vore ei krevjande sak for kommunen, og eit prosjekt som har gått over mange år. Utfordringane har stort sett vore å få eit tenleg bygg til ein forsvarleg kostnad.
Prosjektet vart våren 2014 lyst ut som ein generalentreprise. Tilboda låg over ramma, men med auka tilskot frå Husbanken og nokre tilpassingar bestemte kommunestyret i august 2014 at arbeidet skulle starta opp. Bygget var ferdig våren 2016. Sjå byggjerekneskapen for meir informasjon.

Bufellesskap

KS vedtak 69/14, KS 65/15

Planlegging av bufellesskapet er så vidt starta opp i 2016 og arbeidet vil halda fram i 2017. Kommunestyret ønskte i 2016 ei utgreiing på eventuelle innsparingar/ effektivisering med å byggja på Haga, og det har vore fleire rundar rundt lokalisering av bufellesskapet. I KS sak 002/17 vart det vedtatt at det skal byggjast på Skottabakken.
Det vart i 2016 budsjettert med 12 mill. kroner i 2016 og brukt kr 64 000.

Sal av kommunal eigedom.
Det vart i 2015 bestemt at huset i Hagamulen skulle seljast. Salet vart gjennomført i april 2016 og kommunen fekk kr 1 265 570 for eigedomen. Meirinntekt på kr 1 262 445 vart jfr KS-vedtak 90/16 sett av til ubunde investeringsfond.

Rolvsvåg industriområde.
Det er ikkje utført noko arbeid i Rolvsvåg industriområde i 2016. Det er selt ein tomt til kr 684 930. Tilskot frå Bjørnefjorden næringsutvikling på kr 300 000 er utbetalt. Netto kr 960 980 er sett av til ubunde investeringsfond til bruk i 2017.

VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet
Form. vedtak 26/13, KS 31/14, KS 69/14, KS 24/15 , KS 65/15 og KS 19/16
Formannskapet vedtok i sak 26/13 å løyva kr 374 000 frå næringsfondet til plan og prosjektering av veg, vatn og avløp for Bjørkheimsområdet. I sak KS 31/14 vart det vedtatt ei ramme på inntil 12 mill. kroner til VVA på Bjørkheim eks moms. Kostnadsramma inkludert moms var på 14,09 mill. kroner. Prosjekteringsarbeidet vart avslutta våren 2015 og anlegget lagt ut på anbod. Anbodet som vart valt, var på 14,6 mill. kroner eks moms. Inkludert prosjektering, prosjektleiing og uføresette utgifter var kostnaden på 16,1 mill. kroner eks moms.

Ny ramme inkl. moms er på 21,9 mill. kroner og vart vedtatt i kommunestyret i sak 19/16. Arbeidet starta opp hausten 2016 . Omsyn til trafikkavvikling gjorde at det tok noko lenger tid enn forventa. Arbeidet vil verta avslutta våren 2017.

Bjørkheim –VA-anlegget, park og bibliotek – Foto Hylland

Ytre Tysse

KS vedtak 65/15 og 90/16.

Det vart i vedtatt budsjett 2016 løyvd midlar til å starta opp arbeid med avløpsanlegget på Ytre Tysse. Det var òg planlagt å få på plass alternativ til sjøleidning for å sikra vatn til Ytre Tysse. Begge prosjekta er utsett og er heller ikkje sett opp i 2017. Kommunen har betalt delkostnad på sjømur med kr 62 5000 inkl. moms.

Det er i 2016 avsagt dom i sak om ekspropriering . Det er betalt kr 20 000 i erstatning. Sakskostnader og juridisk bistand kom på kr 212 136.

Krøllgrasbane

KS vedtak 65/15 og 64/16, form. vedtak 48/16

Anbod på kunstgrasbane/ krøllgrasbane med løpebane vart lagt ut sommaren 2016 og det kom inn 3 tilbod. Det vart inngått kontrakt med Saltex as som gav ein pris på 6,5 mill. kroner eks moms. Arbeidet er forventa ferdig sommaren 2017. Krøllgrasbana er med korkgranulat i staden for gummi, for å hindra forureining.

Det er gjeve løyving om tippemidlar på ca. 3,1 mill. kroner, men dei vil først verta utbetalte om 2 år. Kommunestyret vedtok i sak 64/16 å utvida ramma ved å låna inntil 3,4 mill. kroner av nytt ubunde investeringsfond. Dette vert betalt tilbake når tippemidlane vert utbetalt.

I formannskapet 20.10.16 vart hasteparagrafen nytta, og det vart løyvd kr 352 158 til å finansiera kunstgrasdekke i den eine halvsirkelen. Kostnaden vart finansiert med restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar avsett til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger fondet. Samnanger fotball skal finansiera meirkostnad samanlikna med drensasfalt på inntil kr 100 000. Totalramme inkl. moms er på kr 10 037 658.

Grunnarbeid 23.11.16 krøllgrasbane Hagabotnane – Foto Endre Kulleseid

Teknisk drift, veg

Det vart kjøpt inn brøyteutstyr som planlagt i budsjettet. Vegen til ungdomsskulen raste ut og eininga fekk tilført midlar på kr 375 000 til å byggja ny mur (KS sak 74/16).

Inventar og utstyr til sjukeheimen

Det vart løyvt inntil kr 875 000 til å kjøpa inn inventar og utstyr til den nye sjukeheimen. Noko av det som skulle kjøpast inn var utgifter som høyrer heime i driftsrekneskapen. Det vart i KS sak 50/16

endra finansiering mellom inventar og utstyr (lån) og vedlikehald/renovering av 95-bygget (næringsfond). Det vart kjøpt inn inventar og utstyr for totalt kr 1 034 031, av dette er kr 660 045 ført i investering. Det vart mellom anna kjøpt inn møblar, kontormøblar , seng mm.
Meirforbruk i drift er finansiert av sjukeheimen.

IKT (informasjons- og kommunikasjonsteknologi)
Det er i 2016 teke i bruk ny brannmur og ein av serverane er skifta ut. Arbeidet har gått som planlagt og innanfor vedtatt kostnadsramme på kr 486 000.
Økonomi og lønssystem er oppgradert til Agresso Milestone 5. Dette var ei pålagt oppgradering frå Evry si side og kostnaden kom på kr 341 899.
Samnanger barneskule har kjøpt inn nye pc-ar til elevane. Kostnaden er på 162 737,50 og er ført i investering. I utgangspunktet skulle dette finansierast med overføring av driftsmidlar, men dette vart i KS sak 90/16 endra til bruk av ubunde investeringsfond.

Lønnebakken
Det er ikkje selt tomtar på Lønnebakken i 2016. Avtala med Vestlandshus as skal avviklast.
Ikkje alle attverande tomter i feltet er mogleg å byggja på, slik dei ligg no. Kommunen har ved ulike høve vurdert om og evt kva tiltak som kan gjerast for å få avslutta feltet.
Det vart lånt av næringsfondet då Lønnebakksfeltet vart utarbeidd og pr 31.12.16 er saldoen kr 1 598 264,38. Dersom det ikkje vert selt tomtar på Lønnebakken vert ikkje det interne lånet av næringsfondet tilbakebetalt.

For meir detaljert oversikt over tomtar, eigendelar og anlegg sjå balansen i rekneskapen og note 12.

Tysse, 07.04.2017

Hilde-Lill Våge
Konstituert rådmann

Nina Erdal
Økonomisjef

Foto Inge Aasgaard

Vedlegg

Balanserekneskapen

Rekneskapsskjema 1A
-Driftsrekneskapen

Rekneskapsskjema 2A
-Investerings-rekneskapen

Økonomisk oversikt
-Drift

Økonomisk oversikt
-Investering

Vedlegg
Balanserekneskapen

Tall i 1 kroner	Noter	*Rekneskap 2016*	*Rekneskap 2015*
EIENDELER			
A. ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg	11	352 644 177	327 485 457
Utstyr, maskiner og transportmidler	11	6 281 497	5 297 655
Pensjonsmidler	5	201 558 443	195 006 773
Utlån		3 624 934	3 916 578
Aksjer og andeler	7b	5 293 677	4 769 153
Sum anleggsmidler		**569 402 728**	**536 475 617**
B. OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		48 976 293	16 464 788
Aksjer og andeler	7b	234 882	1 233 131
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		23 169 375	39 476 687
Premieavvik	5	11 983 185	13 520 861
Sum omløpsmidler		**84 363 735**	**70 695 466**
Sum eiendeler		**653 766 463**	**607 171 083**
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	*8*	-206 974	-100 358
Bundne driftsfond	*8*	-10 260 861	-13 368 840
Ubundne investeringsfond	*8*	-10 901 031	-2 169 324
Bundne investeringsfond	*8*	-151 129	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	3	-2 260 501	2 569 752
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	10	-110 009 408	-72 250 133
Sum egenkapital		**-131 999 001**	**-83 679 129**
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelser	5	-255 613 300	-244 499 554
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	14	-222 955 709	-243 785 420
Sum langsiktig gjeld		**-478 569 009**	**-488 284 974**
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-40 170 218	-31 597 011
Premieavvik	5	-3 028 236	-3 609 969
Sum kortsiktig gjeld	14	**-43 198 454**	**-35 206 980**
Sum egenkapital og gjeld		**-653 766 463**	**-607 171 083**
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		19 175 685	24 059 487
Andre memoriakonti		2 799 380	3 591 890
Motkonto for memoriakontiene		-21 975 065	-27 651 377
Sum memoriakonti		**0**	**0**

Rekneskapsskjema 1A - Driftsregnskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue 1)	-61 149 220	-60 910 392	-60 610 392	-57 791 396
Ordinart rammetilsko 1)	-81 992 403	-82 193 000	-81 182 000	-79 433 958
Skatt på eigedom	-15 064 427	-15 024 000	-14 450 000	-16 370 904
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	-5 361 098	-5 349 457	-5 349 457	-5 254 662
Andre generelle statstilskot 3)	-4 950 392	-4 333 833	-1 039 833	-1 611 541
Sum frie disponible inntekter	**-168 517 540**	**-167 810 682**	**-162 631 682**	**-160 462 461**
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte 4)	-656 179	-630 000	-555 000	-1 773 583
Gevinst finansielle instrument	-4 836	0	0	-3 101
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 505 836	4 418 000	3 888 000	2 526 138
Tap finansielle instrumenter	137 015	137 000	0	763 366
Avdrag på lån	5 987 892	6 695 000	6 695 000	5 407 963
Netto finansinntekter/-utgifter	**9 969 728**	**10 620 000**	**10 028 000**	**6 920 783**
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk	2 569 752	2 569 752	1 587 389	0
Til ubundne avsetningar	1 818 979	1 818 979	108 979	176 979
Til bundne avsetningar 5)	1 914 195	1 757 295	1 707 295	2 865 398
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-1 712 363	-1 712 363	0	-177 000
Bruk av bundne avsetningar 6)	-2 678 006	-1 927 433	-1 448 146	-2 723 585
Netto avsetninger	**1 912 558**	**2 506 230**	**1 955 517**	**141 792**
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	43 124
Til fordeling drift	-156 635 253	-154 684 452	-150 648 165	-153 356 763
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	154 374 752	154 684 452	150 648 165	154 339 126
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	**-2 260 501**	**0**	**0**	**982 363**

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsregnskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i annleggsmidlar	38 195 471	66 456 922	58 256 971	99 672 671
Utlån og forskotering	24 074 524	23 774 524	428 000	572 006
Avdrag på lån	20 541 819	20 420 000	20 420 000	881 005
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	14 776 651	14 115 671	300 000	2 151 132
Årets finansieringsbehov	**97 588 465**	**124 767 117**	**79 404 971**	**103 276 814**
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-10 583 802	-25 437 669	-24 783 978	-78 816 458
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-2 065 500	-2 765 570	-1 400 000	-2 366 888
Tilskot til investeringar	-44 795 226	-45 703 226	-34 900 000	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 913 004	-10 781 278	-8 679 204	-17 955 831
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-25 841 819	-25 420 000	-420 000	-1 881 005
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	**-89 199 352**	**-110 107 743**	**-70 183 182**	**-101 020 182**
Overført frå driftsbudsjettet	0	0	0	-43 124
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-8 389 113	-14 659 374	-9 221 789	-2 213 508
Sum finansiering	**-97 588 465**	**-124 767 117**	**-79 404 971**	**-103 276 814**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Rekneskapsvedlegg
Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-6 985 510	-6 812 858	-7 521 000	-6 668 190
Andre salgs- og leigeinntekter	-15 719 459	-14 461 365	-15 803 113	-14 036 331
Overføringar med krav til motytelsar	-20 550 431	-17 859 065	-14 104 143	-18 861 320
Rammetilskot frå staten	-81 992 403	-82 193 000	-81 182 000	-79 433 958
Andre statlege overf.	-4 950 392	-4 333 833	-1 039 833	-1 611 541
Andre overføringar	-567 394	-565 699	-107 699	-350 187
Skatt på inntekt og formue	-61 149 220	-60 910 392	-60 610 392	-57 791 396
Eigedomsskatt	-15 064 427	-15 024 000	-14 450 000	-16 370 904
Andre direkte og inndirekte skattar	-5 361 098	-5 349 457	-5 349 457	-5 254 662
Sum driftsinntekter	**-212 340 333**	**-207 509 669**	**-200 167 637**	**-200 378 489**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	106 482 151	105 574 731	102 265 537	103 351 543
Sosialekostnader	28 576 435	30 126 908	29 645 102	27 736 398
Kjøp som inngår i kommunal prod.	30 207 752	28 598 200	23 392 819	26 189 753
Kjøp som erstattar eigen prod.	18 061 901	17 041 046	19 177 982	24 893 208
Overføringar	15 531 562	13 684 365	13 732 680	12 084 251
Avskrivingar	8 036 728	7 769 685	7 907 573	8 154 023
Fordelte utgifter	-632 254	-611 811	0	0
Sum driftsutgifter	**206 264 274**	**202 183 124**	**196 121 693**	**202 409 177**
Brutto driftsresultat	**-6 076 059**	**-5 326 545**	**-4 045 944**	**2 030 688**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-656 179	-630 000	-555 000	-1 773 583
Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler)	-4 836	0	0	-3 101
Mottatte avdrag på lån	-36 500	-30 000	-30 000	0
Sum eksterne finansinntekter	**-697 515**	**-660 000**	**-585 000**	**-1 776 685**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 505 836	4 418 000	3 888 000	2 526 138
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	137 015	137 000	0	763 366
Avdragsutgifter	5 987 892	6 695 000	6 695 000	5 407 963
Utlån	6 500	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	**10 637 243**	**11 250 000**	**10 583 000**	**8 697 467**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**9 939 728**	**10 590 000**	**9 998 000**	**6 920 783**
Motpost avskrivingar	-8 036 728	-7 769 685	-7 907 573	-8 154 023
Netto driftsresultat	**-4 173 059**	**-2 506 230**	**-1 955 517**	**797 448**
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 712 363	-1 712 363	0	-177 000
Bruk av bundne fond	-2 678 006	-1 927 433	-1 448 146	-2 723 585
Sum bruk av avsetninger	**-4 390 369**	**-3 639 796**	**-1 448 146**	**-2 900 585**
AVSETNINGER				
Overføring til investeringsrekneskap	0	0	0	43 124
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	2 569 752	2 569 752	1 587 389	0
Avsetning disposisjonsfond	1 818 979	1 818 979	108 979	176 979
Avsetning til bundne driftsfond	1 914 195	1 757 295	1 707 295	2 865 398
Sum avsetninger	**6 302 927**	**6 146 026**	**3 403 663**	**3 085 501**
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	**-2 260 501**	**0**	**0**	**982 363**
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,97 %	1,21 %	0,98 %	-0,40 %

Rekneskapsvedlegg
Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
INNTEKTER				
Salg av driftsmidlar og fast eigedom	-2 065 500	-2 765 570	-1 400 000	-2 366 888
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringar med krav til motyting	-300 000	0	0	-1 000 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 913 004	-10 781 278	-8 679 204	-17 955 831
Staltege overføringar	-44 795 226	-45 603 226	-34 900 000	0
Andre overføringar	0	-100 000	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	**-53 073 730**	**-59 250 074**	**-44 979 204**	**-21 322 719**
UTGIFTER				
Lønsutgifter	657 650	712 600	303 100	1 056 812
Sosiale utgifter	215 204	202 350	101 850	386 510
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	31 154 613	54 375 694	46 787 817	78 756 178
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringar	6 168 004	11 036 278	10 934 204	17 955 831
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	0	130 000	130 000	1 517 340
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	**38 195 471**	**66 456 922**	**58 256 971**	**99 672 671**
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	20 541 819	20 420 000	20 420 000	881 005
Utlån	23 550 000	23 250 000	0	155 468
Kjøp av aksjar og andelar	524 524	524 524	428 000	416 538
Dekking av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	14 776 651	13 815 671	0	2 025 098
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	300 000	300 000	126 033
Sum finansieringstransaksjoner	**59 392 994**	**58 310 195**	**21 148 000**	**3 604 143**
Finansieringsbehov	**44 514 734**	**65 517 043**	**34 425 767**	**81 954 095**
FINANSIERING				
Bruk av lån	-10 583 802	-25 437 669	-24 783 978	-78 816 458
Mottekne avdrag på utlån	-25 541 819	-25 420 000	-420 000	-881 005
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringar frå driftsrekneskap	0	0	0	-43 124
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bunde driftsfond	-2 344 169	-4 096 327	-3 365 456	-1 796 970
Bruk av ubundne investeringsfond	-6 044 944	-10 563 047	-5 856 333	-416 538
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	**-44 514 734**	**-65 517 043**	**-34 425 767**	**-81 954 095**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/38-29

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	23/17	15.05.2017

Deloitte presenterer revisjonsplan for 2017

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Samnanger kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2017, som ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast dette året, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Etter planen skal interimsrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte kvart år, evnt. i første møte på nyåret.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Revisjonsplan for Samnanger kommune for 2017

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt./Nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov./Des.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov./Des.
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov./Des. Feb.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimsrevisjonen informere kontrollutvalget om evt. vesentlige funn.	Deloitte	Nov./Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor <u>senest fem virkedager</u> før frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er det utsatt frist. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav. Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.	Rådmann Rådmann	Frist for avleggelse 15.02 og 31.03.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31. mars, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd. Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.	Rådmann Rådmann	
Offisielt regnskap til revisor	Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger datert 15.02, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde informasjon om dette. Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars. Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avlagt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en informasjon om dette. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avlagt.	Økonomisjef Økonomisjef Økonomisjef	
Offisielt regnskap	Ved mottak av endelig regnskap, vil vi påse følgende: • Regnskapsmateriell mottas innen 15.02. • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Bank	• Bankavstemming	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Investeringer og utlån	• Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer • Avkastning på verdipapirer • Utlån husbankmidler mm	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Fordringer	• Kundereskontro mot regnskap • Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) for fordringer generelt inkl. vurdering av kundefordringer og utlån • Kreditsaldoer • Periodisering inntekter	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Forskuddsbetalte utgifter	• Avsetninger	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Driftsmidler	• Anleggsregister mot regnskap • Aktivering • Salg • Avskrivninger iht. regelverk • Gjennomgang prosjektregnskap	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Påløpte utgifter	• Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter • Vurdere avsetningene som er gjort	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Leverandørgjeld	• Leverandørreskontro mot regnskap • Debetposter • Utbetalingskontroll	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Langsiktig gjeld	• Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver • Låneopptak er i samsvar med kommuneloven • Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) • Rentekostnader • Avdrag iht. vektingsregel • Oversikt over garantier	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Egenkapital/fond	• Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap • Kapitalkonto	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Inntekter	• Analyse av inntekter • Skatteinntekter • Rammetilskudd	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Utgifter	• Analyse av utgifter • Periodisering iht. anordningsprinsippet • Selvkostregnskap	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Lønn	• Analyse av lønnskostnader • Kontrolloppstilling over innberettet beløp • Feriepenger • Pensjon • Skattetrekk • Arbeidsgiveravgift • Sykepengerefusjoner	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15. april
Kontrollutvalget	Økonomisjef og rådmann skal sende årsregnskap inkludert årsberetning til sekretariatet umiddelbart etter ferdigstillelse slik at sekretariatet kan forberede sak til kontrollutvalget	Rådmann/ økonomisjef	Umiddel-bart etter ferdig-stillelse, i god tid før møte i kontroll-utvalget

PS 24/17 Referatsaker

Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter.
Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2015/133-11

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	25/17	15.05.2017

Gjennomgang av møteprotokollar

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 11.05.17 – protokollen frå dette møtet er nok ikkje klar til kontrollutvalet sitt møte, men det let seg truleg gjera å få eit muntleg referat om kva som var oppe til handsaming.
- Formannskapet 27.04.17
- Naturutvalet 25.04.17

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 26/17 Eventuelt